



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvernavdelinga**

# **Supplerande kartlegging av naturtypar i Vestnes kommune**



**Rapport 2010:03**

*Bildet på framsida viser restane av ein solblombestand ved Jostølen på nordaustsida av Svartløkvatnet. Solblom går sterkt attende grunna vantande skjøtsel (t.d. beiting, krattrydding og slått). Foto: Dag Holtan.*

Utførende konsulentar:  Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg:  Dag Holtan  E-post: <a href="mailto:dholtan@broadpark.no">dholtan@broadpark.no</a>	ISBN (Pdf utgåve)  978-82-7430-176-4  ISBN (Papir utgåve)  978-82-7430-175-7  ISSN 0801-9363
Oppdragsgjevar:  Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kontaktperson hos oppdragsgjevar:  Kjell Lyse	År:  2010
<b>Referanse:</b>  Holtan, D. 2010: Supplerande kartlegging av naturtypar i Vestnes kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavingdelinga. Rapport 2010: 3. 114 s.		
<b>Referat:</b>  Det er gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar i Vestnes kommune i Møre og Romsdal. Av i alt 77 avgrensa naturtypelokalitetar er 4 vurdert som svært viktige for det biologiske mangfaldet (A), 30 som viktige (B) og 43 som lokalt viktige (C). I tillegg kjem ein del tidlegare skildra lokalitetar utan nytt feltarbeid i 2009, der dei fleste har avgrensa verdi (helst lokalt viktige). Dei største naturverdiane er knytt til hovudnaturtypane skog, dels også til kulturlandskap, myr og vassmiljø. Av raudlisteartar blei det i 2009 funne einskilde karplanter, lav og sopp. Totalt er det no kjent 15 raudlista karplanter, 5 sopp og 9 lav kommunen. I tillegg kjem ein del viltartar og andre artar som ikkje vert omfatta av denne rapporten.		
<b>Emneord:</b> Vestnes Naturtypar Raudlisteartar Verdisetting		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
 Ulf Lucassen (seksjonssjef)	 Per Fredrik Brun (direktør miljøvernavingdelinga)	



# Forord

På oppdrag frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Vestnes kommune. Oppdraget omfattar kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både eigne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon.

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er mellom anna den politiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, slutta seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet ("Countdown 2010"). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Vestnes er nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i kommunen.

Dette er andre runde med kartlegging av naturtypar i Vestnes etter metodikken i DN-handbok 13. Det første kartlegginga vart gjort av John Bjarne Jordal i 2003 (Jordal 2003), og Vestnes var mellom dei første kommunane i Møre og Romsdal som fullførte ei førstegongskartlegging. I åra som har gått sidan den første kartlegginga har krava til avgrensing, artsdokumentasjon og skildring av lokalitetane blitt strengare. Sidan den geografiske dekningsgraden av førstegongskartlegginga i områda under skoggrensa i Vestnes var god, har det meste av feltarbeidet i 2009 difor gått med til å skaffe betre dokumentasjon og avgrensing av tidlegare kartlagde lokalitetar. Mange heilt nye lokalitetar har likevel kome til. Jordal sitt arbeid har vore eit viktig grunnlag som denne supplerande kartlegginga har dratt vekslar på.

Utfyllande informasjon om kartlegging av biologisk mangfald i Møre og Romsdal er lagt ut på fylkesmannen si nettside [www.fmmr.no](http://www.fmmr.no) Ei eiga prosjektside med lenke til kommunerapportar, kartleggingshåndbok og anna ligg under Miljøvern/naturvern/ Kartlegging av naturtypar. Jf også om kartleggingsarbeidet i miljøstatus for Møre og Romsdal [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no) Dei kartlagte områda som er omtalt i rapporten blir tilgjengelege i nettbaserte kartdatabasar som [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.gislink.no](http://www.gislink.no).

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Kjell Lyse ved fylkesmannen si miljøvernavdeling og Alexander Connor i Vestnes kommune. John Bjarne Jordal har elles kome med ein del innspel.

Feltarbeidet er utført av Dag Holtan i perioden 26. april til 7. juli 2009. Alexander Connor og Perry Larsen (Skodje) har delteke i feltarbeidet.

Ørskog 17.02.2010

Dag Holtan

# Innhold

FORORD	4
INNHALD	5
SAMANDRAG	9
1 INNLEIING	13
1.1 BAKGRUNN	13
1.2 KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	13
1.3 VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	13
1.4 TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	14
1.4.1 Fysiske inngrep	14
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk	14
1.4.3 Spreiing av framande organismar	15
1.4.4 Overhausting	16
1.4.5 Forureining	16
1.5 FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	16
1.5.1 Verneområde	16
1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen	17
1.5.3 Aktiv sikring	17
1.5.4 Passiv sikring	17
1.5.5 Grunneigaravtalar	17
1.5.6 Verkemiddel i landbruket	18
1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2010	18
1.6 FØREMÅLET MED RAPPORTEN	19
1.7 FORKLARING AV NOKRE OMGREP	19
2 METODE	21
2.1 INNSAMLING AV INFORMASJON	21
2.1.1 Viktige litteraturkjelder	22
2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven	22
2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar	22
2.1.4 Eigne feltregistreringar	22
2.1.5 Bestemming og dokumentasjon	22
2.2 VERDISSETTING OG PRIORITERING	23
2.2.1 Generelt	23
2.2.2 Kriterium og kategoriar	23
2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar	23
2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar	24
2.2.5 Område med lite data eller usikker status	24
2.3 PRESENTASJON	24
2.3.1 Generelt	24
2.3.2 Omtale av lokalitetane	24
2.3.3 Kartavgrensing	25
3 NATURGRUNNLAGET	26
3.1 NATURGEOGRAFI OG KLIMA	26

3.2	BERGGRUNN	27
3.3	KULTURPÅVERKNAD	28
4	NATURTYPAR	29
4.1	HOVDNATURTYPAR	29
4.2	KOMMUNEKART SOM VISER KARTLEGGINGSSTATUS	31
4.3	NYE LOKALITETAR OG LOKALITETAR MED ENDRING I AVGRENSING ELLER VERDISSETTING ETTER JORDAL (2003)	32
101	Ørskogfjellet: Myr ved Fremstedalen	32
102	Skorgedalen: Vegkant ved Fremstedal	33
103	Skorgedalen: Indre Skorgedal	34
104	Skorgedalen: Skorgelia	35
105	Skorgedalen: Kjelbotnnakken	37
106	Skorgedalen: Kjelbotn (slåttemark)	38
107	Skorgedalen: Heimstegjølet	39
108	Tresfjorden: Bjermelandsmarka	40
109	Skorgedalen: Skorga	41
110	Skorgedalen: Nedre Skorga	43
111	Tresfjorden: Bjørnatua	44
112	Romsdalsfjorden: Leirvåg fjellet	45
113	Tomrefjord: Frostaddalen	46
114	Tomrefjord: Knausnakken	47
119	Tomrefjord: Ysteligrova	48
115	Gjelstein: Sollia	49
116	Tresfjorden: Hoemslia	50
117	Tresfjorden: Liafossen	52
118	Tresfjorden: Sesselva	53
120	Øvstedal: Vardfjellet	54
121	Øvstedal: Dalsbotnen/Dalskleiva	55
4.4	LOKALITETAR ETTER JORDAL (2003) SOM SKAL BEHALDAST, ELLER HAR NY VERDISSETTING ELLER ENDRA NATURTYPEKODAR	57
	BN00010934: Sakselia (slåtteeeng)	57
	BN00010962: Sessetra	58
	BN00010935: Daugstadsetrene	59
	BN00010972: Villasetra (naturbeitemark)	59
	BN00010971: Olasetra (Øvste Skjeggstadsetra) (naturbeitemark)	60
	BN00010983: (Nedste) Skjeggstadsetra (naturbeitemark)	61
	BN00010978: under Helsetnakken (skog)	61
	BN00010977: Vikesetra (naturbeitemark)	62
	BN00010927: Svingeilen-Leirvika (havstrand)	63
	BN00010945: Leirvika (svartorskog)	64
	BN00010969: Berga (strandberg)	65
	BN00010928: Rambergkollen (gammel skog)	65
	BN00010946: Kjelbotnbakken (rikmyrar)	66
	BN00010957: ved Ellingsgarden (naturbeitemark)	67
	BN00010920: mellom Fremstedal og Ellingsgarden (rikmyr)	68
	BN00010940: vest for Ellingsgarden (artsrik vegkant)	69
	BN00010973: Rekdalssetra (naturbeitemark)	70

BN00010913: Gjelsteinstranda (svartorskog)	71
BN00010936: Ellingsætersetra (naturbeitemark)	72
BN00010914: Stormyra (intakt låglandsmyr)	72
BN00010956: Frostadsetra (naturbeitemark)	73
BN00010937: Jostølen (naturbeitemark)	74
BN00010979: Bygdesetra (naturbeitemark)	75
BN00010923: ved Elvestad (intakt låglandsmyr)	76
BN00010941: Øveråslia (intakt låglandsmyr)	76
BN00010924: ved Øvrebø (intakt låglandsmyr)	77
BN00010960 Øveråstjønnene (intakt låglandsmyr)	78
BN00010942: Leirvågen (strandeng)	78
25 Leirvågfjellet: Lauga (ferskvatn/våtmark)	79
BN00010952: Barlindnakken (kystfurskog m. barlind)	80
27 Leirvågfjellet/Åsfjellet: Barlindtjønnen (ferskvatn/våtmark)	81
28 Leirvågfjellet/Åsfjellet: Langvatnet (ferskvatn/våtmark)	81
BN00010943: Langvassdalen-Fakseåsen (kystfurskog)	82
BN00010958: Djupmyra (intakt høgmyr)	83
BN00010925: Løken (viktig bekkedrag)	84
BN00010964: Langstein (gammal lauvsog)	84
BN00010951: under Strandastolen (berg, edellauvsog)	85
BN00010912: Reithamran (hasselskog)	86
BN00010984: ved Skiftingselva (nordvendte kystberg)	87
BN00010918: nord for Litlestøylen (barlind)	87
BN00010967: Trollbotnmyra (myr)	88
BN00010919: aust for Skitnesetra (rikmyrer)	89
BN00010985: ved Småtjønnen (rikmyr)	89
BN00010965: Småtjønnen (ferskvatn/våtmark)	90
BN00010953: austsida av Bjermelandsnakken (edellauvsog)	91
BN00010930: Løviksetra (naturbeitemark)	92
BN00010976: Eidhammarsetra (naturbeitemark)	92
BN00010931: Løvika: Kriken (slåtteeng)	93
BN00010947: Varlibakken lok. 1 (rikmyr)	94
BN00010970: Varlibakken lok. 2 (rikmyr)	95
BN00010932: Smålihamrane (rik edellauvsog)	96
BN00010954: Kjersemsetra (naturbeitemark)	97
BN00010948: Elvemøtet Dalelva/Dalselva (gråor-heggeskog)	98
4.5 LOKALITETAR ETTER JORDAL (2003) SOM BØR SLETTAST FRÅ NATURBASE	99
BN00010933: Rypdalssetra (naturbeitemark)	99
BN00010975: ved Helland (skogeng)	99
BN00010980: Helland (slåtteeng)	100
BN00010966: Bakkesetra (naturbeitemark)	101
BN00010939: Fremstedal, ved hytte (gml. slåtteeng)	101
BN00010921: Båtsnesholmen (naturbeitemark, viltlokalitet)	102
BN00010915: Juvikplassen (slåtteeng)	103
BN00010981: Tomrefjordbotnen (brakkvassdelta)	103
BN00010916: Frostadsetra (barlind)	104
BN00010917: Frostadsetra (sumpskog)	105
4.6 LOKALITETAR ETTER JORDAL & GAARDER (2006)	106

BN00038778: Bytingsdalen	106
BN00038781: Brendsdalen	107
BN00037780: Legdene	107
<b>5 RAUDLISTA ARTER</b>	<b>109</b>
5.1 RAUDLISTA	109
5.2 RAUDLISTA ARTAR I VESTNES	109
5.2.1 Sopp	109
5.2.2 Lav	110
5.2.3 Karplanter	110
5.2.4 Fuglar	111
5.2.5 Pattedyr	111
<b>6 KJELDER</b>	<b>112</b>
6.1 SITERT LITTERATUR	112
6.2 MUNNLEGE KJELDER	112
6.3 VERDSVEVRESSURSAR	113
<b>7 VEDLEGG</b>	<b>114</b>
7.1 KART SOM VISER NYE LOKALITETAR I VESTNES	114



# Samandrag

## ***Bakgrunn og føremål***

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskot kombinert med bidrag frå kommunen. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne blei vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): "Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast. Den nye naturmangfaldlova er eit sentralt reiskap i den samanheng.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemdene.

## ***Metodikk***

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald – DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta ein del litteratur, Naturbasen ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), databasar på Verdsveven, utskrifter frå museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjente. For å skaffe fram ny kunnskap blei det òg gjort noko nytt feltarbeid. Av økonomiske årsaker og grunna føringar frå DN blei fjellområda, kulturlandskapet og verneområda nedprioriterte. Informasjonen er samanstilt, og lokalitetane er verdiprioriterte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb. Informasjonen er presentert på kart og i rapportform.

## ***Naturgrunnlag***

Naturgrunnlaget i kommunen er kort gjennomgått, med omtale av landskap, geologi, klima og naturgeografiske tilhøve.

## ***Naturtypar i Vestnes***

Dei ulike naturtypane i Vestnes er kort presenterte. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i kommunen er særleg gamle lauvskogar, kystfuruskog og kulturlandskap, men òg einskilde rike fjellområde og brakkvassmiljø.

**Tabell 1.** Registrerte naturtypelokalitetar i Vestnes fordelt på naturtype, utforming og verdi. Nummera etter 121 ligg allereie i Naturbase, og er evaluerte i kapittel 4. Lokalitetane 101-121 er nye i høve til Jordal (2003). Verdivurderinga skjer etter ein tredelt skala: A= svært viktig, B= viktig og C= lokalt viktig.

Nr	Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi
101	Ørskogfjellet: Fremstedal	A08	A0804	C
102	Vegkant, Fremstedalen	D03		B
103	Indre Skorgedal	F04		B
104	Skorgelia	F07	F0702	B
105	Kjelbotnakk	F01	F0103	C
106	Kjelbotn slåttemark	D01	D0104	B
107	Heimsteggjølet	F07/F08	F0701/F0802	A
108	Bjermelandsmarka	F08	F0802	B
109	Skorga	F05	F0501	B
110	Nedre Skorga	F01/F05	F0103/F0501	C
111	Bjørnatua	F05/F07	F0501/F0702	B
112	Leirvågfjellet nord	F08/F12	F0802/F1203	B
113	Frostaddalen	F07	F0702	B
114	Knausnakken	F07	F0702	A
115	Sollia	F08/F12	F0802/F1203	B
116	Hoemslia	F01/F07	F0103/F0702	B
117	Liafossen	E05	E0501/E0502	C
118	Sesselva	F09	F0901	B
119	Ysteligrova	F09	F0901	B
120	Vardfjellet	F01	F0103	B
121	Dalskleiva	C01	C0104	B
BN00010973	Rekdalssætra	D04		C
BN00010912	Reithamran	F01		C
BN00010984	Skiftingselva	B04		C
BN00010913	Gjelsteinstranda	F06		C
BN00010936	Ellingsætersetra	D04		C
BN00010914	Stormyra	A08		C
BN00010951	Strandastolen	B04/F07		C
BN00010956	Frostadsætra naturbeite	D04		C
BN00010937	Jostølen	D04		B
BN00010918	nord for Litlestøylen	F01		B
BN00010979	Bygdasætra	D04		C
BN00010964	Langstein	F05/F07	F0501/F0702	B
BN00010923	Elvestad	A08		C
BN00010941	Øveråslia	A08		C
BN00010924	Øvrebø	A08		C
BN00010960	Øveråstjønnene	A08		C
BN00010942	Leirvågen	G05		C
25 Leirvågfjellet	Lauga	A08		C

Nr	Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi
BN00010952	Barlindnakken	F08	F0802	B
27 Åsfjellet	Barlindtjønna	A08		C
28 Åsfjellet	Langvatnet	A08		C
BN00010943	Langvassåsen/Fakseåsen	F08	F0802	B
BN00010958	Djupmyra	A08		C
BN00010925	Løken	E06		C
BN00010927	Leirvika/Svingeilen	G05		C
BN00010945	Leirvika	F06		C
BN00010969	Berga	G09		C
BN00010928	Rambergkollen	F07	F0702	C
BN00010946	Kjelbotn rikmyr	A05		C
BN00010957	ved Ellingsgarden	D04		B
BN00010920	Fremstedal - Ellingsgarden	A05		B
BN00010940	vest for Ellingsgarden	D03		B
BN00010967	Trollbotnmyra	A05		B
BN00010919	aust for Skitnesetra	A05		B
BN00010985	ved Småtjønna	A05		C
BN00010965	Småtjønna	A08		C
BN00010953	Bjermelandsnakken	F01	F0103/F0106	B
BN00010930	Løviksetra	D04		B
BN00010976	Eidhammersetra	D04		C
BN00010931	Kriken	D04		A
BN00010947	Varlibakken 1	A05		C
BN00010970	Varlibakken 2	A05		C
BN00010932	Smålihamrane	F05		C
BN00010954	Kjersemsetra	D04		C
BN00010848	Dalelva	F05	F0501	C
BN00010934	Sakselia	D01/D04		A
BN00010962	Sessetra	D04		B
BN00010977	Vikesetra	D04		C
BN00010935	Daugstadsetrene	D04		B
BN00010972	Villasetra	D04		C
BN00010971	Olasetra	D04		C
BN00010983	Nedste Skjeggstadsetra	D04		C
BN00010978	Helsetnakken	F01/F07/F12		B
BN00038778	Bytingsdalen	F07	F0703	B
BN00038781	Brendsdalen	F01/F07	F0103/F0703	B
BN00037780	Legdene	F01		B

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdier til mange ulike naturtypar i Vestnes. Generelt kan det seiast at det er størst verdier knytt til naturtypane rik edellauvskog og haustingsskog.

### ***Raudlisteartar***

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd, forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2006 (Kålås m.fl. 2006). Raudlista skal oppdaterast no i 2010.

Det er registrert ei rekkje førekomstar av raudlista karplanter, sopp og lav osv. i Vestnes, og dei som er kjente er omtalde i kapittel 5.

### ***Kunnskapsstatus***

Tabell 5 inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Vestnes er jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar bør seinare òg supplerast med kartlegging av ferskvatn og marine område osv. Jf også eige kart som viser kunnskapsstatus i kommunen.

### ***Kunnskapsstatus – litteratur***

Når det gjeld fungaen (sopp) og flora, er det samla og publisert ein god del frå Vestnes opp gjennom åra. Av viktige litteraturkjelder frå nyare tid er m.a. kartlegging av naturtypar i Vestnes (Jordal 2003) samt ei utgreiing frå Furneset (Gaarder & Jordal 2006). Ei liste over viktige kjelder er elles gitt i tabell 2.

Det meste av dette materialet har vore gjennomgått i samband med naturtypekartlegginga. I tillegg kjem ulike innspel gjennom upubliserte notat og e-postar frå lokalkjente m.m.

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Kartleggingsarbeidet er finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), ”Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne blei vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfald i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1997: ”Konvensjonen om biologisk mangfold”, som blei vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen blei ratifisert av Noreg i 1993 og blei gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvalting (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført. Oppdaterte nettutgåver av handboka kom i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

## 1.2 Kva er biologisk mangfald?

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfald jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfald definert slik: ”Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

## 1.3 Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdier som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft,

vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sine krinsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.

- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovafor, og er m.a. knytte til bruk av uutnytta genetiske ressursar, både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterar, komande generasjonar sine moglegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer òg naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same moglegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei "berekraftig utvikling" definert av Brundtlandkommisjonen.

## 1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

### 1.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagde i beslutningsprosessane. I Vestnes er det eit visst utbyggingspress i låglandet, særlig konsentrert til dyrkbart areal og strandlina. Ein må rekne med at det i framtida òg vil bli eit visst press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

### 1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men òg fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å forsvinne (jf. Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite



konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrig. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlistartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås m.fl. 2006). Status for Vestnes i 2009 er at det er svært lite att av tradisjonelt drive kulturlandskap, og kvalitetane er reduserte sidan Jordal (2003) sin rapport.

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk talt forsvunnen, og biologisk gammal skog med mykje daud ved utgjer berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei siste 50-100 åra delvis vore erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vore drenert og deretter tilplanta.

I Vestnes er dei største inngrepa med uheldige konsekvensar truleg knytte til treslagskifte og spreiring av ei rekkje innførte bartreartar, med hemlokk i serklasse som ein viktig problemart.

### **1.4.3 Spreiring av framande organismar**

Menneskeskapt spreiring av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosystema er et aukande problem, både for vern av biologisk mangfald og i tilhøve til verdiskaping. Mange innførte artar er dårleg tilpassa dei lokale økosystema, og mange vil dø ut etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas m.fl. 2007), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Vestnes. Døme på innførte treslag i kommunen er t.d. ulike typar edelgran, sitkagran, lerk, hemlokk og mange andre. Platanlønn, som er ein verkeleg problemart (jf. Gederaas m.fl. 2007), spreier seg raskt over store delar av kommunen (og heile den norske vestkysten). Denne utviklinga vil i åra som kjem eskalere sterkt. Platanlønna dreg elles ein stor fordel av forstyrringar som hogst og driftsvegar i skogbruket, medan etableringa i slutta naturskog går saktare. Av buskvekstar er det frå hagebruket t.d. noko spreiring av diverse mispelartar og raudhyll, mest i skogkantar og på forstyrta mark. Langs vegkantar er det flekkvis førekomst av t.d. gyvelartar, pestrot og parkslirekne, medan hagelupin er etablert

fleire stader. Ålment kjente artar som mink og iberiaskogsnegl bør ein òg vere merksam på. Samla sett står kommunen andsynes store utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane. Ei kartlegging av omfang av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskjeleg innafor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomførast utan opphald.

#### **1.4.4 Overhausting**

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innafor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadane bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan òg tenke seg at einskilde artar med små nasjonale bestandar kan vere utsette for sammlarar, utan at det er kjent konkrete døme på dette i Vestnes.

#### **1.4.5 Forureining**

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller òg som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert òg ofte reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som t.d. myrar og kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil òg kunne påverke naturen i Vestnes. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Møre og Romsdal. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadane vil vere størst for fjellartar (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde tilhøyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Vestnes har òg einskilde sørlege artar som er på eller nær si kjente nordgrense, både planter, sopp- og lavartar (jf. kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

## **1.5 Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane**

### **1.5.1 Verneområde**

Tre område i Vestnes er verna med heimel i naturvernlova: 1) Måslia naturreservat (verna i 1996), 2) Tresfjorden naturreservat (verna i 2002) og 3) Nysetervatnet naturreservat (verna i 1988). Feøya er i tillegg i verneprosess, og vert venteleg verna i 2010. Desse områda vart derfor ikkje prioriterte ved kartlegginga i 2009, men dei allereie verna områda er presenterte av Jordal (2003).

Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret kan bli overført til kommunane, dersom kommunane sjølve ønskjer det. Vestnes har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

### **1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen**

Forvaltningsansvaret for areal i Vestnes ligg i hovudsak i kommunen, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Kommunen har ei sentral, overordna rolle fordi det er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan kommunen ekspropriere, og er lokal skog- og landbruksmyndigheit med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova og Naturmangfaldlova. I arealplanlegginga har kommunen òg eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjerder om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvaltning. Kunnskapen om dei viktigaste naturområda i Vestnes er no samla i denne rapporten. Det må forventast at denne kunnskapen vert nytta aktivt i forvaltninga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigarar av særleg verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulene.

### **1.5.3 Aktiv sikring**

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengs for å verne område gjennom Plan- og bygningslova (PBL §11-7 og 11-8 skulle vere aktuelle), men desse er generelt lite nytta. Årsaka ligg truleg i frykta for å påføre kommunen erstatningsansvar andsynes grunneigarar og andre rettshavarar.

### **1.5.4 Passiv sikring**

Kommunen kan sørgje for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001).

### **1.5.5 Grunneigaravtalar**

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

### 1.5.6 Verkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark gjennom eit regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal (RMP). Den generelle ordninga er frå 2003 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar denne moglegheita til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, ikkje berre bygningar og kulturminne. I Vestnes må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiane ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

### 1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2010

Grunnlova sin § 110b krev at naturkvalitetane vert bevarde for ettertida og etterslekta. Det same gjer føremålsparagrafen i naturvernlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfald presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjonar.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar* oppretthaldast.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltast* slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar samt biologisk mangfald vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje* føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreining av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosystema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponerast* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfald i Noreg *skal stoppast* innan 2010. Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa *burde redusere vesentleg* tapet i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet *må* i det minste følgjande saksområde utgreiast i Vestnes i 2009, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås m.fl. 2006) går det fram at flest truga artar er knytte til skog (48 %) og kulturlandskap (35 %). For Vestnes er desse artene nærmare omtalde i kapittel 5.

- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Fremstad & Moen 2001) finn vi følgjande truga typar representerte i Vestnes: Rikt hasselkratt (EN), gråor-almeskog (NT), middelrik myr (VU), artsrik vegkant (EN) og ålegras-undervasseng.
- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2010 må strategiplanen for Vestnes som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 1 og lokalitetsomtalanane i kapittel 4). Her er det tatt høgd for førekomst av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i høve til små nyare, negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er òg inkludert når det gjeld førekomst av raudlista artar. Lokalitetane 103, 104, 107, 109, 113, 114, 115, 120, BN00010931 (Kriken) og BN00010934 (Sakselia) peikar seg ut som dei viktigaste områda i så måte.
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep (skog- og våtmarksområda) og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølvstøtt og følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Vestnes.
- Framande artar. Som tidlegare nemnt må ein òg kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

## 1.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med dette prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i Vestnes kommune, slik at ein i større grad kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde i landskapet elles (jf. kapittelet om metodikk).

## 1.7 Forklaring av nokre omgrep

**Beitemarksopp:** Grasmarkstilknytte soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

**Biologisk mangfald** (sjå kap. 1.2) omfattar mangfald av

- naturtypar (økosystemnivå)
- artar (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

**Indikatorart (signalart):** Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god

informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdifull naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.

**Kontinuitet:** I økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie seg om gjenteken, årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på daud ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Lungeneversamfunnet:** Nyttå om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langf fleire artar.

**Naturbeitemark:** Gammal beitemark med låg grad jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.

**Natureng:** I snever forstand gamle slåttemarkar med låg grad av jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet nytta i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.

**Naturengplanter:** Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og atfgroing. Dei har derfor tyngdepunkt sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallell til beitemarksoppane (jf. Jordal & Gaarder 1999).

**Nøkkelbiotop:** Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Oseanisk:** Som har å gjere med kysten og havet. Vert nytta om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseanisk er kontinental.

**Regnskogsartar:** Gaarder (2003) gjer nærmare greie for omgrepet sørboreal regnskog. Dei boreale regnskogane i Trøndelag er alt eit innarbeidd omgrep i forvaltninga. I Møre og Romsdal er det eit smalt belte med varmekjær regnskog innafor ytterkysten, mot midtre fjordstrøk. I Vestnes er det dokumentert regnskog spesielt i ytre delar av kommunen. Typiske regnskogsartar vil vere ein del av dei meir uvanlege artene i lungeneversamfunnet (sjå over).

**Raudlista:** Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås m.fl. 2006).

**Svartelista:** Eit oversyn over innførde artar, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas m.fl. 2007). Den norske svartelista har nokre manglar, m.a. er fleire bartreslag, inkl. sitkagran, ikkje vurdert (kjem med i neste versjon).

**Tradisjonelt kulturlandskap:** Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og lynghei.



## 2 Metode

### 2.1 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levestad for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald, DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

Døme:

- Ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarkar med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nordvendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sørvendte rasmarker osv.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

## 2.1.1 Viktige litteraturkilder

*Tabell 3. Dei viktigaste, nyare skriftlege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Vestnes, med kort kommentar til innhaldet.*

Kjelde	Kommentar
Gaarder, G. & Jordal, J. B. 2006. Furnes masseuttak, Vestnes kommune. Undersøkelse av naturmiljø i tilknytning til reguleringsplan med KU. Miljøfaglig Utredning rapport 2008-32. ISBN 82-8138-312-8.	Fleire nye lokalitetar på nordsida av Furneset
Jordal, J.B., 2003. Kartlegging av biologisk mangfald i Vestnes kommune, Møre og Romsdal. Vestnes kommune, rapport. 114 s.	Opplysning om 81 kartlagde lokalitetar i kommunen
Nordhagen, R., 1968. Lauparens botaniske hemmeligheter. Fjellposten, Ålesund og Sunnmøre Turistforening, mars 1968:4-9.	Opplysningar om kalkrike fjellområde også på Vestnessida

## 2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Universitetet i Oslo er kontrollerte på Verdsveven. Også ArtsDatabanken ([www.artsdata.artsdatabanken.no](http://www.artsdata.artsdatabanken.no)) har no opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom ArtsDatabanken og universitetsdatabasane er det ein skilde tilleggsopplysningar å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.3.

## 2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar

Ein del einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Vestnes. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette. Særleg opplysningane frå Alexander Connor har vore nyttige.

## 2.1.4 Eigne feltregistreringar

Eigne feltregistreringar blei gjort i perioden 26. april til 7. juli. Alexander Connor og Perry Larsen har delteke på det meste av feltarbeidet.

## 2.1.5 Bestemming og dokumentasjon

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følgjer denne utgåva (bokmålsforma). Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m.fl. (1994) og Holien & Tønsberg (2006). Særleg interessante funn (primært planter og lav) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle interesserte. Vitskapelege namn følgjer dei publikasjonane som er nytta i arbeidet.

## 2.2 Verdisetting og prioritering

### 2.2.1 Generelt

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisette einskilte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta vare på enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang.

### 2.2.2 Kriterium og kategoriar

Verdisettingskriteria følgjer DN-handbok 13 (DN 2006). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdisetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Desse gir heilt klart rom for noko skjønn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbare (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men einskilte definerte vilkår må likevel vere oppfylde.

### 2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisette lokaliteten. Einskilte artar vert tillagt særleg vekt ved verdisettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtalde i eit eige kapittel i rapporten (kap. 5). Signalartar vert kort omtalt her. Nedafor er berre einskilte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdisettinga nemnde.

- Kulturlandskap: naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).

- Skog: alm, barlind, breiflangre, junkerbregne, kransmynte, lundgrønaks, myske, ramslauk, sanikel, skogstorr, skogsvinerot, taggbregne, tannrot, trollbær, vårerteknapp og vårmarihand, samt ei rekkje sjeldsynte eller raudlista soppar bundne til rik edellauvskog
- Havstrand: få eller ingen kjente, eigna signalartar i Vestnes
- Myr: breiull, brudespore, brunskjene, dvergjamne, engmarihand, gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr, jåblom, svarttopp og tranestorr m.fl.

I tillegg kjem spesielt kravfulle eller sjeldne soppar og ein del lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet, der regnskogsartar (jf. Gaarder 2003) vert tillagt særleg vekt.

#### **2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar**

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Fremstad & Moen 2001) er brukt som støtte ved verdivurderinga.

#### **2.2.5 Område med lite data eller usikker status**

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i tabell 6. Ein kan her berre syne til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårleg.
- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.
- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringar frå DN om kva som skal prioriterast.

## **2.3 Presentasjon**

### **2.3.1 Generelt**

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eigne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalde på eigne faktaark (kap. 4.2). Raudlisteartar er òg omtalt i eit eige kapittel (kap. 5).

### **2.3.2 Omtale av lokalitetane**

Dei einskilde lokalitetane er omtalde på eigne faktaark. Ein har her følgd DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggande lokalitetar ligg nært kvarandre i rekkjefølgja i rapporten. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike

som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp hogst/fysiske inngrep som ein trusselfaktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt bli eit trugsmål.

### 2.3.3 Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto (jf. <http://www.gislink.no>). Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om mogleg å få ei meir detaljert avgrensing.



**Figur 1.** *Gammal alm på Feøya. Foto: Dag Holtan.*

## 3 Naturgrunnlaget

### 3.1 Naturgeografi og klima

Vestnes kommune har eit landareal inkl. ferskvatn på 354 km<sup>2</sup>. 207 km<sup>2</sup> ligg høgare enn 300 m o.h., medan 93 km<sup>2</sup> ligg under 150 m o.h. Gjennomsnittshøgda for kommunen er faktisk så mykje som 400 m o.h. Arealet av ferskvatn er på 5 km<sup>2</sup>, fordelt på 182 vatn. For skog er det oppgitt 157 km<sup>2</sup>. Knappt 12 km<sup>2</sup> er myr, og det meste av dette truleg fattig myr frå skoggrensa og oppover (kjelde: Statistisk Sentralbyrå).

Topografien i Vestnes vekslar mykje. I dei ytre delane av kommunen er det fjell og fjordar, med store brakkvassmiljø. Typisk er mykje fjellområde i dei indre delane.

Naturgeografisk ligg Vestnes kommune i klart til sterkt oseaanisk vegetasjonsseksjon, og i boreonemoral til høgaltin vegetasjonssone, med dei alpine områda i fjellet (Moen 1998). I praksis betyr dette eit fuktig, relativt mildt klima og lang vekstsesong, typisk for Vestlandet.

*Tabell 4. Temperaturnormalar for Vestnes i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>. Målingane er frå stasjonen i Vestnes sentrum (nummer 61150 Gjermundnes).*

Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	År
0,1	0,5	2,0	4,4	9,0	11,8	13,0	13,2	9,8	7,1	3,1	1,2	6,3

*Tabell 5. Nedbørnormalar for Vestnes i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>. Målingane er frå stasjonen i Vestnes sentrum (nummer 61100 Vestnes vegstasjon).*

Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	År
175	141	158	105	74	79	109	119	223	214	201	232	1830




## 3.2 Berggrunn

Berggrunnen i Vestnes er gjennomgåande lite variert, med harde og fattige gneisbergartar og granittar i blanding med meir næringsrike. Viktigast av dei næringsrike bergartane er glimmerskifer og glimmergneis, som alle har mykje å seie for plantelivet. Desse finst berre i fjellområda innanfor Tresfjord



**Figur 2.** Berggrunnskart over Vestnes (<http://www.ngu.no>). Den grøne fargen er næringsrik glimmerskifer, medan den raude er næringsfattige gneisar.




**Figur 3.** Kart over lausmassar i Vestnes (<http://www.ngu.no>). Mest næringsrike er dei morene strandavsetningane med mørk gråblå farge. Samstundes er desse områda oftast allereie utnytta til jordbruksføremål el.l.

### 3.3 Kulturpåverknad

Det finst knapt ein einaste kvadratmeter i lågareliggande delar av Vestnes som ikkje på ein eller annan måte er eller har vore kulturpåverka. I hovudsak er det den tilgjengelege strandlina og nedlagt dyrkamark eller dyrkbar mark i flatare område som ofte byggast ned. Samstundes er det planta mykje gran i ein del verdifulle lauvskogsområde.

Om utviklinga held fram på same måte, med vidare nedbygging særleg i låglandet, vil det truleg oftare kunne dukke opp konflikter i høve til å få byggje i ein del av dei verdifulle naturtypelokalitetane i kommunen. Dette må ein unngå, både av omsyn til det biologiske mangfaldet, til friluftslivet, og ikkje minst i tilhøvet til mål og føringar frå sentrale myndigheiter, som seier at tap av naturmangfald skal stansast innan 2010. Vestnes kommune må snarast utarbeide ein strategiplan i tilhøve til 2010-målet, helst alt i 2010 (jf. tabell 2 og kapittel 1.5.7). Nytt frå 2009 er også naturmangfaldlova.



**Figur 4.** Inngrepsfrie område i Vestnes ([www.dnweb12.dirnat.no/inon](http://www.dnweb12.dirnat.no/inon)). Berre dei sentrale fjellområda på austsida av Ørskogfjellet ligg et stykke veg frå tunge inngrep. Det har også vore tap av inngrepsfrie område etter 1998, jf. Dei oransje og raudoransje fargane på kartet.

# 4 Naturtypar

## 4.1 Hovudnaturtypar

Vestnes kommune har førekomst av alle dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Fjell (C), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

**Tabell 6.** Grovt oversyn over hovudnaturtypane i Vestnes kommune, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus, og i tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<b>Myr</b> I Vestnes er det relativt små areal med rikmyr, helst i Skorgedalen og Kjersemdalen. Desse er i hovudsak kartlagde. Status for kartlegging av myr er derfor brukande.	Det viktigaste er å sikre at intakte lokalitetar ikkje vert bygde ut, drenerte eller utsette for fysiske inngrep.
<b>Rasmark, berg og kantkratt</b> Utbreidd naturtype i Vestnes. Det finst truleg interessante utformingar i og ovafor mange av dei soleksponerte lauvskoglokalitetane. Naturtypen vert òg fanga opp gjennom førekomst av bratte bergveggar i mange skoglokalitetar. Dårleg kartleggingsstatus som naturtype.	Truleg er ingen spesielle tiltak naudsynte. Utbygging er mindre aktuelt pga. rasfaren.
<b>Fjell</b> Kalkrike område i fjellet finst berre innanfor Tresfjorden. Naturtypen blei ikkje prioritert i 2009, med unntak av Dalsbotnen/Dalskleiva.	Bør kartleggast vidare, særleg med tanke på å fange opp område med raudlisteartar.
<b>Kulturlandskap</b> Det er lite att av tradisjonelt drivne kulturlandskap i Vestnes som er i hevd. Det blei gjort mykje feltarbeid under den tidlegare kartlegginga (Jordal 2003). Kartleggingsstatus kan reknast som god.	Alle ugjødsla slåtte- eller beitemarker bør føljust opp. Viktige lokalitetar må sikrast mot attgroing (dvs. drift er naudsynt), men det må ikkje gjødslast.




Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<p><b>Skog</b></p> <p>Det er vanskeleg å fange opp alle rike edellauvskogar og furuskogar i eit prosjekt med såpass avgrensa ressursar. Truleg er likevel dei fleste gode i Vestnes fanga opp. Kartleggingsstatus vurderast som middels god til god.</p>	<p>Truleg er alle viktige lokalitetar fanga opp, men det står att småteigar i Kjersem dalen.</p>
<p><b>Ferskvatn/våtmark</b></p> <p>Ingen aktuelle lokalitetar i kommunen (næringsrike låglandsvatn.</p>	-
<p><b>Kyst og havstrand</b></p> <p>Ingen kalkrike strandberg finst i kommunen.</p>	-

På neste side er det eit kart som grovt viser dei delane av kommunen som er kartlagt. Det best undersøkte området vart kartlagt i samband med ein konsekvensutgreiing som gjaldt eit massetak ved Furneset. Sonen "ikkje undersøkt" inneheld eventuelt berre sporadiske naturtypedata.



**Figur 5.** Ellingsetersetra i Fiksdalen er no heilt attgrodd, og ho høyrer truleg ikkje lenger heime i Naturbase. Foto: Dag Holtan.

## 4.2 Kommune kart som viser kartleggingsstatus



### 4.3 Nye lokalitetar og lokalitetar med endring i avgrensing eller verdisetting etter Jordal (2003)

Databasen over verdifulle naturområde i kommunen omfattar ved avslutninga av rapporten 77 naturtypelokalitetar, kor 21 av dei er nye eller har vesentleg nye opplysningar i høve til Jordal (2003). Nedafor er alle desse omtalde, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt samt artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen.

Kapitla 4.3-4.5 inneheld høvesvis somme av Jordal (2003) sine lokalitetar med endra verdisetting eller som bør behaldast uendra (4.3), lokalitetar som bør slettast i naturbase (4.4) og lokalitetar etter Gaarder & Jordal (2006)(4.5). Somme av lokalitetane til Jordal (2003) vart ikkje tekne inn i Naturbase, og dei som i dag er naturtypelokalitetar etter DN-handboka er tekne med her for å rette opp dette. Motsett er somme uteletne her, det gjeld lokalitetar som ikkje er inne i Naturbase og som ikkje er naturtypelokalitetar, men òg dei fleste områda i Flatevågen som førast til undervasseng. Desse skal kartleggast etter DN si handbok for marine naturtypar. Også verneområda er uteletne (Nysetervatnet, Måslia, Feøya, som skal vernast, og Tresfjordøyra, som er ein viktig viltlokalitet). Alle desse finst i Jordal sin rapport.

Forkortingar: AC = Alexander Connor, DH = Dag Holtan, PL= Perry Larsen

#### 101 Ørskogfjellet: Myr ved Fremstedalen

**UTM:** LQ 945 355 **Tidlegare nr:** Ny  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** A08 Kystmyr  
**Utforming:** A0804 Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 04.06.2009, DH & AC

#### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 22.01.2010, basert på eige feltarbeid 04.06.2009 saman med Alexander Connor. Lokaliteten ligg inne på Ørskogfjellet, og grensar til Nysetervatnet naturreservat. Avgrensinga er aust for reservatet og nord for hovudvegen. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart til sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Området førast til kystmyr, og er ei blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr (A0804). Vegetasjonstypane er fattig blandingsmyr, med fastmatte-, mjukmatte og i mindre grad lausbotnmyr, med fattig flatmyr og bakkemyr som hovudtypar. Somme stader er myra noko tresett, helst med bjørk.



*Artsmangfald:* Utformingar med mykje bjønnskjegg, blåtopp, rome og torvull er i hovudsak dominante. Av karplanter blei det elles notert bjønnskjegg, bukkeblad, duskull, frynsestorr, heiblåfjør, klokkeling, kvitlyng, kystmyrklegg, lappvier, nykkesiv, rome, rundsoldogg, smalsoldogg, sveltestorr, særbustorr, torvull og trådstorr. Raudstilk ser ut til å vere hekkefugl. Nykkesiv er den einaste interessante arten, og bestandane på Ørskogfjellet utgjer ein vestleg utløpar i utbreiinga.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Myren har truleg vore ekstensivt beita tidlegare. Det er ikkje kjent trugsmål.

*Framande artar:* Ingen.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som lokalt viktig (C) fordi den har eit lite areal av ein prioritert naturtype, utan at det er grunnlag for å anta at her er spesielt sjeldsynte artar, vegetasjonstypar eller andre særlege element.

## 102 Skorgedalen: Vegkant ved Fremstedal

**UTM:** LQ 957 376 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** D03

**Utforming:** -

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 11.06.2009, DH & AC

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 25.01.2010, basert på eige feltarbeid 11.06.2010 saman med Alexander Connor. Lokaliteten ligg nedafor og vest for Bakkesetra i Fremstedal, Skorgedalen. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseaanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er hard og sur, med ulike gneisar. Grunna strøing med fin grus og sand om vinteren er her likevel god tilgang på mineralrik næring. Avgrensinga gjeld ei stripe på 3-4 m frå vegen.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* På grunn av vegvesenet sin kantslått har lokaliteten i hovudsak lågurteng, og har grunna artsinventaret klare parallellar med natureng.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast brudespore (raudlista NT), grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, kattedot, marinøkkel (NT), myrfiol, raudsvingel, skogmarihand, smalkjempe, småengkall, småsyre, tepperot, tiriltunge og vill-lin. Mest interessant er likevel funn av *Botrychium incisum* (ined.), som er funne på ei strekning over om lag 3 km i Skorgedalen. Planter er belagde ved Iowa State University, USA, og er førebels utgreidde av Donald R. Farrar. Dei skil seg både morfologisk og genetisk frå marinøkkel, men kan likevel vere ein variant eller ein underart av denne.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Området er blitt til gjennom skjøtsel med kantslått, og vil alltid vere i fare for attgroing.

*Framande artar:* Ingen.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å fortsette med kantslått, helst i slutten av juli eller seinare, dette av omsyn til at plantane må få utvikle mogne frø eller sporar.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den har ein god bestand av ein mogleg ny art for vitskapen.

## 103 Skorgedalen: Indre Skorgedal

**UTM:** LQ 965 385 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F04 Bjørkeskog med høgstaudar

**Utforming:** -

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 23.05.2009, DH

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 25.01.2010, basert på eige feltarbeid 23.05.2009. Lokaliteten ligg nord for kraftlina vest i Skorgedalen. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er harde, fattige og sure gneisar. Avgrensinga er sett mellom kraftlina og opp til om lag 300 m o.h., og i høgda utarmast skogen raskt.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Det meste av lokaliteten består av F04 bjørkeskog med høgstaudar, i hovudsak med høgstaude-storbregneutforming. Flekkvis er det òg innslag av småbregneskog, med spreidde overgangar mot svakt utvikla lågurtskog eller blåbærskog. Skogen er vekselfuktig, fleire stader med kjelder, sesongfuktige bekkar og sig. Langs desse er det små gråor-heggeskogar. Skogen er oftast relativt gammal og storvaksen. T.d. er liggande, daud ved vanleg, medan høgstubbar er meir spreidd. Boreale treslag som bjørk, osp, rogn og selje er dominante, med alm (raudlista NT) i ei smal stripe over heile området i høgdegradienten 250-280 m o.h.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast blåtopp, enghumleblom, fjelltistel, grov nattfiol (vanleg), gulaks, hengjeaks, junkerbregne (sjeldan), jåblom, kranskonvall, kvitbladtistel, kvitsoleie, liljekonvall, loppestorr, myske, myskegras, skogburkne, skogmarihand, skogrøykvein, smørtelg, storfrytle, stortviblad (sjeldan), strandrøyr, sumphaukeskjegg, teiebær, trollurt og turt. Det ser ut til å vere eit svakt utvikla lungeneversamfunn, berre med spreidde førekomstar av skrubbenever på selje. Mange spettehol kan vere frå både dvergspett (raudlista VU), flaggspett og kvitryggspett (NT).

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Her har tidlegare truleg vore intensivt utmarksbeite, med kulturindikatorar som firkantperikum, krattlodnegras og sølvbunke, som somme stader er talrike. I vest er det dessutan litt gran og ei nyare, lita hogstflate.

*Framande artar:* Gran og platanløn blei påvist, men (førebel) ikkje talrikt.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er stor, velutvikla og intakt. Slike artsrike utformingar i ytre strok er dessutan grunna hogst og treslagskifte nokså sjeldsynte sør for Romsdalsfjorden.



**Figur 6.** Frodig bjørkeskog i Skorgedalen. Foto: Dag Holtan.

## **104 Skorgedalen: Skorgelia**

**UTM:** LQ 999 383 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F07 Gammal lauvskog

**Utforming:** F0702 Gammal bjørkesuksesjon

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep, særleg hogst og treslagskifte

**Undersøkt/kjelder:** 18.05.2009, DH & AC

### **Lokalitetsomtale**

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 27.01.2010, basert på eige feltarbeid 23.05.2009 saman med Alexander Connor. Lokaliteten ligg på sørsida av Skorgedalen, og er avgrensa frå elva og opp mot 350 m o.h. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonssesjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Ein del av lokaliteten består av fuktig bjørkeskog med høgstaudar, ofte med høgstaude-storbregneutforming. Småbregneskog er likevel mest utbreidd, gjerne storfrytleutforming, med spreidde overgangar mot svakt utvikla lågurtskog og blåbærskog. Skogen er vekselfuktig, fleire stader med kjelder, sesongfuktige bekkar og sig. Langs desse er det små grår- heggeskogar med strutsvengetforming, særleg nede ved Skorgeelva. Skogen er i hovudsak gammal og storvaksen. T.d. er liggande, daud ved vanleg, ofte i grove dimensjonar, medan høgstubbbar er meir spreidd. Boreale treslag som bjørk, osp, rogn og selje er dominante, med spreidde og oftast grove einskildtre av furu (opp til 1 m i tverrmål).

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast bjønnekam, enghumleblom, firblad, mjødukt, skogburkne, skogsnelle, skogstorkenebb, sløkje, smørtelg, storfrytle, strutsvenget, teiebær og trollurt. Lungeneversamfunnet er flekkvis svært

godt utvikla på rikborkstre (helst osp, rogn og selje), med artar som grynfiltlav, kystfiltlav, kystvrenge, lodnevrenge, lungenever, skrubbenever, stiftfiltlav og vanleg blåfiltlav. Fleire av artane har regulære masseførekomstar. Skorpefiltlav (raudlista VU) bør kunne finnast på gamle ospetre, og er talrik berre 150 m aust for det som blei avgrensa. Også raudlista mikrolav i slektene *Arthonia* og *Sclerophora* bør finnast, helst på gamle bjørketre.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Den avgrensa delen har vore utsett for eit nokså intensivt utmarksbeite tidlegare, men dette er no opphøyrd. Teigen grensar til område som er sterkt utnytta i skogbrukssamanheng (snauhogst og treslagskifte). Dette er klare trugsmål mot dei biologiske verdiane.

*Framande artar:* Einskildtre av gran blei funne, og potensielt vil den kunne spreie seg meir i framtida.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er stor, intakt og har ein stor del gammal og fuktig kystbjørkeskog. Denne naturtypen er i dag sjeldan sør for Romsdalsfjorden grunna hogst og treslagskifte. Potensialet for funn av sjeldsynte eller raudlista lavartar er tillagd ei viss vekt.



**Figur 7.** Gammal lauvskog i Skorgelia. Foto: Dag Holtan.



## 105 Skorgedalen: Kjelbotnnakken

**UTM:** MQ 015 395 **Tidlegare nr:** Ny  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog (20 %)  
**Utforming:** F0103 Rikt hasselkratt  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 14.05.2009, DH

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 04.12.2009, basert på eige feltarbeid 14.05.2009. Lokaliteten ligg på nordsida heilt aust Skorgedalen, og er avgrensa opp til om lag 350 m o.h. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Mest interessant er innslaget av rike hasselkratt med lågurtutforming. På små areal er desse gamle, av og til med innslag av naken jord (viktig parameter for førekomst av raudlista soppar). Vanlegast er småbregneskog, med overgangar mot både blåbærskog og svakt utvikla lågurtskog. Det meste av teigen har tørr bjørkeskog (engbjørkeskog), og denne utforminga er ikkje ein prioritert naturtype etter DN-handboka (er avgrensa som buffersone for alm og hassel). Skogen er noko eldre i øvre høgdelag enn nedst, og her er det spreidde innslag av liggande, daud ved. Bjørk og hassel er dominerande treslag, med innslag av alm (raudlista NT), hegg, gråor, morell, osp, rogn og selje, øvst også furu.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast enghumbleblom, firblad, grov nattfiol, hengjeaks, jordnøtt, lækjeveronika, markjordbær, myske, skogfiol, skogsvinerot, tannrot og teiebær. Skogen er for ung til å ha eit rikt lungeneversamfunn, og berre skrubbenever blei påvist (på gråor).

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Heile området har tidligare vore beita, og særleg i den nedre delen er det i dag eit sterkt utarma planteliv. Kulturindikatorar som krattlodnegras og sølvbunke er vanlege her. Grunna den tidlegare bruken er det meste av skogen ung, med meir middelaldrande skog i høgda.

*Framande artar:* Gran har spreidd seg noko i lokaliteten, og det er fleire granplantasjar i nærleiken. Også platanlønn i spreiiing.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran og platanlønn bør fjernast.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som lokalt viktig (C) fordi den er sterkt utarma av tidlegare drift. Potensielt kan verdien auke til B (viktig) om den får ligge unytta i nokre tiår. Det kan heller ikkje utelukkast at ein kan finne raudlista soppar i hasselkratta som kan auke verdien allereie i dag.

## 106 Skorgedalen: Kjelbotn (slåttemark)

**UTM:** MQ 0133 3920 – 0156 3928 **Tidlegare nr:** BN00010938

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** D01 Slåttemark

**Utforming:** D0104 Frisk fattigeng

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 25.05.2009, DH & AC; Jordal (2003)

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 28.01.2010, basert på eige feltarbeid 25.05.2009 saman med Alexander Connor og litteraturkjelder (Jordal 2003). Lokaliteten ligg nedst i Skorgedalen, og grensar til europavegen mot sør. Den har fått utvida arealet i høve til Jordal (2003) si avgrensing. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Slåttemarka har mest frisk fattigeng (G4), men òg noko sølvbunkeeng (G3). Frisk fattigeng med jordnøtt er ein sterkt truga vegetasjonstype (jf. Fremstad & Moen 2001).

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast aurikkelsvæve, blåklokke, bråtestorr, finnskjegg, grov nattfiol, hanekam, harerug, heiblåfjør, jonsokkoll, jordnøtt, kornstorr, kystmaure, lækjeveronika, prestekrage, skogbjønnebær, skogmarihand, smalkjempe, stormaure og solblom (raudlista VU). Det blei funne ein ny førekomst med solblom (40 rosettar ved MQ 01579 39203) som ikkje var kjent i 2003. Jordal (2003) fann beitemarkssoppen raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (raudlista NT) og fleire andre vanlegare artar.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Området blir slått årleg, og brukaren får tilskot til dette av kommunen. Han er kjent med dei biologiske verdiane, og dermed skulle gjødsling, jordarbeiding og andre vanlege trugsmål mot naturtypen generelt ikkje vere aktuelt.

*Framande artar:* Ingen.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å oppretthalde ei tradisjonell drift med årleg slått om seinsommaren.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er intakt, og har ein viktig førekomst av raudlistearten solblom.



**Figur 8.** Slåttemarka ved Kjelbotn i slutten av mai 2009. Foto: Dag Holtan.

## **107 Skorgedalen: Heimstegjølet**

**UTM:** MQ 014 385 **Tidlegare nr:** Ny  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** F07 Gammal lauvskog  
**Utforming:** F0701 Gammalt ospenholt  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 14.05.2009, DH

### **Lokalitetsomtale**

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 28.01.2010, basert på eige feltarbeid 14.05.2009. Lokaliteten ligg nedst på sørsida av Skorgedalen. Avgrensinga går langs ein traktorveg og opp mot skoggrensa. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Gammal lauvskog er dominerande i heile området. Særleg er gamle ospenholt framtreddande, men her er også eit bra innslag av gamle og grove furutre. I lokaliteten inngår også ei lita bekkekløft, og denne er også dominert av gammal lauvskog, m.a. med eit bra innslag av grov og gammal gråor. Liggande, daud ved er etter måten vanleg, både furu og lauv. Småbregneskog og blåbærskog er vanlegaste vegetasjonstypar, men med noko høgststaude-storbregnevegetasjon langs elva. Bjørk, osp og rogn er dominante treslag, med innslag av furu, gråor, hegg og selje.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast blåbær, fugleteig, hengjeveng, skogburkne, skogsalat, storfrytle, trollurt og turt. Meir interessant enn eit fattig planteliv er eit svært godt utvikla og artsrikt lungeneversamfunn. Det blei m.a. påvist grynfilflav, grynvreng, kystfilflav, kystvreng, lungenever, muslinglav, skrubbenever, skorpefilflav (raudlista VU), stiftfilflav og vanleg blåfilflav. På furu

er det også spredde førekomstar av gubbeskjegg (NT). Mest interessant er at skorpefiltlav førekjem på opp mot 50 gamle ospetre, ofte dominant og med fleire hundre thalli på einskildtre. Potensielt bør her også finnast raudlista mikrolav i slektene *Arthonia*, *Microcalicium* og *Schlerophora*.

*Påverknad/bruk/trugsmål*: Førekomstane av daud ved er såpass spredde at det peikar på ein gjennomhogst i eldre tid. Lokaliteten grensar vidare til driftsvegar, små hogstflatar og granplantingar. All slags skogbruksaktivitet vil vere eit stort trugsmål mot arts- og naturtypemangfaldet.

*Framande artar*: Gran finst spreidd.

*Omsyn og skjøtsel*: Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Grantre bør fjernast.

*Verdivurdering*: Lokaliteten vurderast som svært viktig (A) fordi den fordi den har eit nokså stort areal med intakt, gammal lauvskog. Det vektleggast vidare at førekomsten av skorpefiltlav er mellom dei største som er kjent nasjonalt.



**Figur 9.** Gammal furu og gammal osp i Heimstegjølet. Foto: Dag Holtan.

## 108 Tresfjorden: Bjermelandsmarka

**UTM:** MQ 024 380 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F08 Gammal barskog

**Utforming:** F0802 Gammal furuskog

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 13.05.2009, DH

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag*: Omtalen er skriven av Dag Holtan 01.02.2010, basert på eige feltarbeid 13.05.2009. Lokaliteten ligg rett vest for Bjermeland i Tresfjorden. Avgrensinga gjeld ikkje bekkekløfta i Bøelva, som



tidlegare er avgrensa i eit nasjonalt prosjekt. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile arealet består av gammal furuskog. Blåbærskog er mest utbreidd, med spreidde innslag av småbregneskog og spreidde høgstaudar eller storbregnar. Særleg aust for Bøelva er det innslag av meir myrlendt skog. Daud, liggande ved er nokså vanleg, medan gadd er meir sjeldan. I tillegg til furu er det flekkvise innslag av boreale lauvtre som bjørk, osp, rogn og selje, i fuktig skog også gråor.

*Artsmangfald:* Av litt kravfulle karplanter kan nemnast enghumleblom, myske, skogstjerneblom og sumphaukeskjegg. På lauvtre er det hist og her innslag av lavartar som grynfilflav, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfilflav, men innslaget av lauvtre er såpass lite at lungeneversamfunnet ikkje er godt utvikla. På gamle furutre finn ein gubbeskjegg (raudlista NT).

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Det er ingen nyare, negativ kulturpåverknad, men området grensar mot nord og aust til område med aktiv skogsdrift. Slik drift vil først og fremst vere eit trugsmål mot naturtypen.

*Framande artar:* Det er einskilde små granplantingar innanfor avgrensinga.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den har eit etter måten stort areal med gammal furuskog. Dette er ein sjeldan naturtype regionalt.

## 109 Skorgedalen: Skorga

**UTM:** MQ 011 388 **Tidlegare nr:** BN00010929

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F05 Gråor-heggeskog

**Utforming:** F0501 Flaummarksskog

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 14.05.2009, DH & PL; Jordal 2003

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 01.02.2010, basert på eige feltarbeid 14.05.2009 saman med Perry Larsen, samt litteraturkjelder (Jordal 2003). Lokaliteten ligg i den nedre delen av Skorgedalen, og avgrensinga er noko utvida i høve til Jordal (2003). Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar. Viktigare enn berggrunnen er at her er morenar og leirraviner.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Velutvikla gråor-heggeskog er typisk for heile elvestrekninga, som er avgrensa i ei lengd på nesten 2,5 km. Gamle, grove tre og mykje daud ved er typisk. T.d. blei det registrert gråor med opp mot 15 m høgd. Mange stader er det små leirraviner og moreneskråningar, og dette er uvanlege og sjeldsynte utformingar på sørsida av Romsdalsfjorden. I desse er det innslag av alm (raudlista NT), hassel og osp. Både høgstaude- og storbregneutforming er utbreidde, ofte med mykje strutsvenng, men her er òg meir beitepåverka utformingar med mykje sølvbunke.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast typiske artar som bekkeblom, firblad, gaukesyre, kvitsymre, skogburkne, skogkarse, skogstjerneblom, strutsvenng, tannrot og trollurt. Lungeneversamfunnet er måteleg godt utvikla, med artar som grynfilflav, lungenever, puteglye, skrubbenever og vanleg blåfilflav. Jordal (2003)

fann også glattvrenge, grynvrenge, kystårenever og lodnevrenge. Av mikrolav nemner han også dvergullnål og kvitringnål. Ryemose er svært vanleg, og indikerer eit stabilt fuktig miljø. I 2009 blei det også påvist bekkerundmose, bekketvibladmose, berghinnemose, feittmose, stjernetornemose, stubbefauskmose og sumpfagermose. Kvitryggspetten (raudlista NT) ser ut til å hekke i eller ved lokaliteten, men her er også eigna leveområde for dvergspett (VU).

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Mange stader er det planta gran, også i somme av dei små leirravine eller heilt inntil elva. Tidlegare har her også vore nokså intensivt beita. Jordal (2003) peikar på søppel (m.a. bilvrak og kvitevarer), som ein stad har rasa ut i ei leirravine ned mot elva. Det blei i 2009 starta ei opprydding i dette problemet.

*Framande artar:* Gran og platanlønn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran og platanlønn bør fjernast. Ein bør også fortsette arbeidet med å fjerne skrot som gamle bilvrak og kvitevarer osv.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den har et etter måten stort areal med flaummarksskog, som i hovudsak er intakt. Dette er mellom dei best utvikla og største utformingane for denne naturtypen i Møre og Romsdal. Her er også eit opplagt potensial for funn av m.a. raudlista soppar bundne til naturtypen, og funn av slike kan auke verdien.



**Figur 10.** *Frodig flaummarksskog i Skorga. Foto: Dag Holtan.*

## 110 Skorgedalen: Nedre Skorga

**UTM:** MQ 025 394 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog (ca 30 %), F05 Gråor-heggeskog (<50 %)

**Utforming:** F0103 Rikt hasselkratt, F0501 Ravineskog

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 01.05.2009, DH & PL

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 01.02.2010, basert på eige feltarbeid saman med Perry Larsen. Lokaliteten ligg nedst på nordsida av Skorgedalen. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar, men viktigare er at lokaliteten ligg på marine avsettingar, m.a. med mykje leire.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* I tørre område på ryggar eller morenesider er det oppslag av til dels gamle hasselkratt. Desse har lågurt- og småbregnevegetasjon. I to små leirraviner er det ravineskog med høgstaude- og storbregnevegetasjon. Langs elva er det elles mindre areal med flaummarksskog. Om lag halvdel av arealet har gammal skog, med spreidde innslag av liggande, daud ved. Viktige treslag er bjørk, gråor, hassel og hegg, med einskilde innslag av særleg osp og selje.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast bekkeblom, firblad, grøftesoleie, hengjeaks, kvitbladtistel, lækjeveronika, markjordbær, skogburkne, skogkarse, skogsnelle, skogstjerneblom, skogstorkenebb, strutsveng, sumphaukeskjegg, sølvbunke og vendelrot. Lungeneversamfunnet er i hovudsak dårleg utvikla, med spreidde førekomstar av lungenever og skrubbenever på gammal selje. Av mosar blei det funne vanlege artar som bekkerundmose, bekketvibladmose, berghinnemose, dverglommemose, feittmose, krusfagermose, kystskimmermose, skogfagermose, stjernetornemose, stubbefauskmose, sumpfagermose og truleg tannflak og tannkrusemose.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Det har flekkvis vore tatt ut mykje ved, og den austre delen av lokaliteten har i dag derfor berre ungskog. Her er også eit par små granplantingar, med noko spreiding av gran. Det går i tillegg ei kraftline over lokaliteten, og under denne er det rydda skog.

*Framande artar:* Gran og platanlønn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran og platanlønn bør fjernast.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som lokalt viktig (C) fordi den er liten og etter måten sterkt negativt kulturpåverka. Om den får ligge i fred nokre tiår vil verdien auke.



**Figur 11.** Nedre Skorga er avgrensa langs skrenten i øvre del av bildet. Foto: Dag Holtan.

## 111 Tresfjorden: Bjørnatua

**UTM:** MQ 018 417 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F05 Gråor-heggeskog (20 %),  
F07 Gammal lauvskog (60 %)

**Utforming:** F0502 Liskog, F0702 Gammal bjørkesuksesjon

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 18.05.2009, DH

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 01.02.2010, basert på eige feltarbeid 18.05.2009. Lokaliteten ligg om lag 2,5 km nordvest for Skorgeneset i Tresfjorden, i ei bratt li vest for europavegen. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar, men her er også store innslag av lausmassar, flekkvis med noko leire.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Gammal bjørkeskog er typisk for den øvste delen av området, medan det er innslag av gråor-heggeskog nedover i lia, m.a. med små ravinar. Rike hasselkratt er meir spreidde, og spelar ei underordna rolle. I hovudsak er det frodig og godt utvikla høgstaude-storbregneskog som er dominerande, med nokså rik småbregneskog på tørrare stader. Liggande, daud ved er vanleg. Bjørk og gråor er viktigaste treslag, med innslag av hassel, hegg, osp, rogn og selje.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast enghumbleblom, firblad, hengjeaks, junkerbregne (talrik i øvre delen), kvitblattistel, markjordbær, mjødurot, myske, myskegras, skogburkne, skogsnelle, skogstjerneblom, skogsvinerot,



smørtelg, strutsving, sumphaukeskjegg, sølvbunke, tannrot, trollbær og trollurt. Lungenever og skrubbenever er vanleg m.a. på gråor.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Området rundt det avgrensa arealet er sterkt prega av skogsdrift og granplanting. Tidlegare har her også vore beita, med krattlodnegras og sølvbunke som viktige kulturindikatorar. Skogbruk er eit reelt trugsmål mot dei biologiske verdiane.

*Framande artar:* Gran er under etablering.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den både er nokså stor, intakt, artsrik og med ein bra del gammalskog innanfor fleire naturtypar.

## 112 Romsdalsfjorden: Leirvågfjellet

**UTM:** LQ 980 483 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F08 Gammal barskog, F12 Kystfuruskog

**Utforming:** F0802 Gammal furuskog, F1203 Fuktig furu-hasselskog

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 16.05.2009, DH

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 04.02.2010, basert på eige feltarbeid 15.05.2009. Lokaliteten ligg på nordsida av Leirvågfjellet i Romsdalsfjorden, rett sør for Kråkvikneset. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, som er ein sur, hard og næringsfattig bergart.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Rundt 90 % av arealet kan førast til gammal furuskog, med eit bra innslag av boreale lauvtre som bjørk, rogn og selje, spreidd også osp. Fuktig furu-hasselskog er sjeldan på dei flatare partia nedst i lokaliteten, med einskilde innslag av sumpskog (gråor). Blåbærskog er mest utbreidde vegetasjonstype, flekkvis med svakt utvikla høgstaude-storbregneskog i fuktsig og søkk. Samstundes dekker storfrytleutforming av småbregneskog òg eit bra areal. Liggande og ståande daud ved av furu er ikkje uvanleg, og ein bra del av furutrea har eit tverrmål i storleiken 50-70 cm. Også for lauvtre vart det registrert mykje daud ved.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast bringebær, enghumleblom, myrfiol, skogburkne, skogkarse, skogsnelle, skogstjerne, skogstorkenebb, smørtelg, sumphaukeskjegg, sverdlilje, tepperot og vendelrot. Lungeneversamfunnet er godt utvikla på osp, rogn og selje, med artar som glattvrenge, grynfiltlav, kystfiltlav, kystvrenge, lungenever, skrubbenever, stiftfiltlav, og vanleg blåfiltlav. Gubbeskjegg (raudlista NT) veks meir spreidd på gammal furu. Raudlista skorpelav i slektene *Pyrenula* og *Thelotrema* er funne i nærleiken (helst på hassel), og kan kanskje finnast også innanfor det avgrensa arealet. Kvitryggspett (raudlista NT) hekker i eller i nærleiken av lokaliteten.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Lokaliteten grensar til område med skogsdrift både i vest, nord og øst, med ein traktorveg på nordsida av det avgrensa arealet. Inntrykket er likevel ein nokså lite påverka naturskog i nyare tid.

*Framande artar:* Gran finst spreidd.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den nokså stor, intakt og variert, med ein uvanleg høg del gammal skog.

### **113 Tomrefjord: Frostaddalen**

**UTM:** LQ 910 404 **Tidlegare nr:** Ny  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** F07 Gammal lauvskog  
**Utforming:** F0702 Gammal bjørkesuksesjon  
**Verdi:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 15.05.2009, DH & AC

#### **Lokalitetsomtale**

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 08.02.2010, basert på eige feltarbeid 15.05.2009 saman med Alexander Connor. Lokaliteten ligg på nordsida av Frostaddalen, vest for Tomrefjorden. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar, med noko grovkorna granitt heilt i vest.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Nesten alt arealet har gammal bjørkeskog, med mykje liggande daud ved. Mot aust er det flekkvise innslag av rike hasselkratt, men arealmessig utgjer desse lite. Alm (raudlista NT) førekjem etter ei smal stripe ca 200 m o.h. Blåbærskog og småbregneskog er viktigaste vegetasjonstypane, med innslag av svakt utvikla høgstaude-storbregneskog eller lågurtskog der forholda ligg til rette for det. Dominerande treslag er bjørk og rogn, med innslag av alm, gråor, hassel, hegg, osp og selje.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast enghumbleblom, firblad, hengjeaks, hengjeveng, jordnøtt, junkerbregne, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske, myskegras, sanikel, skogburkne, skogfiol, skogstjerneblom, skogsvinerot, smørtelg, storfrytle, strutsveng (sjeldan), sumphaukeskjegg, tannrot og trollurt. Lungeneversamfunnet er i hovudsak svakt utvikla, med spreidde førekomstar av artar som grynfiltlav, kystfiltlav, lungenever (talrik særleg på selje), skrubbenever, stiftfiltlav og vanleg blåfiltlav. Her burde også vere gode levevilkår for ulike hakkespettar.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Det går ein traktorveg i dalbotnen. Samstundes er det små og spreidde granplantingar innanfor det avgrensa arealet. Ein stad er det dessutan ein liten flatehogst (vedhogst). Tidlegare har her vore utmarksbeite, med kulturindikatorar som krattlodnegras og sølvbunke. Det meste av lokaliteten framstår likevel som intakt og lite kulturpåverka i nyare tid.

*Framande artar:* Her er einskilde små granplantingar. Desse bør fjernast. I aust er det i tillegg spreining av platanlønn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er stor, etter måten intakt og artsrik, med ein nokså stor del gammal skog. Variasjonen i skogtypar, med innslag av hassel og alm, tel også ved vurderinga. Gamle, intakte bjørkeskogar av ein slik storleik er dessutan sjeldne på sørsida av Romsdalsfjorden.

## 114 Tomrefjorden: Knausnakken

**UTM:** LQ 886 464 **Tidlegare nr:** Ny  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** F07 Gammal lauvskog  
**Utforming:** F0702 Gammal bjørkesuksesjon  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 18.05.2009, DH & AC

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 08.02.2010, basert på eige feltarbeid 18.05.2009 saman med Alexander Connor. Lokaliteten ligg mellom Fiksdal og Gjelstein vest i Tomrefjorden. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile arealet består av gammal lauvskog, eldst i aust ved Ystelia og noko yngre vestover mot Gjelstein. Den austre delen har ein overraskande stor del gamle seljetre, med fleire døme på tverrmål opp mot 1 m. Til dels godt utvikla og artsrikt høgstaude-storbregneskog er mest utbreidd, med innslag av småbregneskog somme stader. Kjeldebekkar og sig skapar variasjon i miljøet. Dominerande treslag er bjørk og rogn, ofte i grove dimensjonar, med gråor, hassel, hegg, osp og selje meir spreidd. Innslaget av liggande, daud ved er generelt høgt.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast enghumbleblom, firblad, hengjeaks, jordnøtt, junkerbregne, kranskonvall, kystmaigull (svært talrik), lerkespore (svært talrik), markjordbær, myske, myskegras, raggtelg, skogburkne, skogrørkvein, skogsalat, skogsnelle, skogstjerneblom, skogsvinerot, smørtelg, storklokke, stornesle, strutsving, sumphaukeskjegg, tannrot, trollbær, trollurt, turt og vårkål. Særleg interessant er mengdene av kystmaigull og lerkespore, med innergrense for førstnemnde, medan sistnemnde er uvanleg ute på kysten. Også storklokke er uvanleg i ytre strok. Lungeneversamfunnet er uvanleg godt utvikla og middels artsrikt, med artar som grynfiltlav, kystfiltlav, kystvrenge, lungenever, skrubbenever, stiftfiltlav, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Sølvnever veks som dominant på dei gamle seljetrea, ofte 7-8 m over bakken. Dette tyder så stabile og gode vokstertilhøve, med ein jamn råme.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Dei nedre og vestre delane av området har vore litt beita tidlegare, men ein grunneigar vi trefte under undersøkinga meinte at denne har vore ekstensiv og langt tilbake i tid. Krattlodnegras og sølvbunke er viktige kulturindikatorar. I nedre delar står det også noko gran, og denne bør fjernast. Alle typar inngrep vil vere konfliktfylte i høve til dei biologiske verdiane.

*Framande artar:* Det blei berre observert gran.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som svært viktig (A) fordi den er stor, intakt artsrikt og uvanleg ein velutvikla naturtypelokalitet innanfor gamle lauvskogar. Det vektleggast vidare mengdene og artsutvalet for lav og dels karplanter, samstundes som her er eit bra potensial for funn av raudlista lav, kan hende også sopp.



**Figur 12.** *Gammel selje ved Knausnakken. Foto: Dag Holtan.*

## **119 Tomrefjorden: Ysteligrova**

**UTM:** LQ 889 460 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F09 Bekkekløft og bergvegg

**Utforming:** F0901 bekkekløft

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 19.05.2009, DH & PL

### **Lokalitetsomtale**

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 10.02.2010, basert på eige feltarbeid 19.05.2009 saman med Perry Larsen. Lokaliteten ligg om lag 1,5 km nordvest for Fiksdal. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Dette er ei lita, trong og nokså djup bekkekløft med mykje høgstaude-storbregneutforming langs kantane, men som òg har moserike utformingar på bergveggar nede i kløfta. Her er i tillegg innslag av småbregnevegetasjon, oftast med storfrytleutforming.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast jordnøtt, kystmaigull, kvitsoleie, mjørdurt, myske, myskegras, skogburkne, skogrørkvein, skogsnelle, skogstorkenebb, skogsvinerot, storfrytle, storklokke, strutsveng, sumphaukeskjegg, trollbær, trollurt og turt. Lokaliteten er kjent innergrense for ein sterkt oseanisk art som kystmaigull. På lauvtre er det spreidde førekomstar av artar i lungeneversamfunnet, m.a. lungenever, skrubbenever og sølvnever. Potensielt kan her finnast raudlista mikrolav i slektene *Arthonia* og *Sclerophora*. Av mosar kan nemnast bekkerundmose, bekketvebladmose, dronningmose, eplekulemose, fettmose, flikvårmose, kystkransmose, kysttornemose, larvemose og skogflak.



*Påverknad/bruk/trugsmål:* Heile den avgrensa delen er intakt, utan nyare negativ kulturpåverknad, med spor etter eit tidlegare ekstensivt beite i den nedre delen. Trugsmål vil vere endring av vassføringa.

*Framande artar:* Det vart registrert spreidde grantre, og desse bør fjernast.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den intakt, artsrik og har ei eksponering og lokalisering som gir eit bra potensial for funn av kravfulle, kystbundne mosar.



**Figur 13.** Kystmaigull har store bestandar ved Ysteligrova og dei skuggefulle skogane her. Dette er truleg innergrense for denne sterkt oseaniske arten. Foto: Dag Holtan.

## 115 Gjelstein: Sollia

**UTM:** LQ 865 480 **Tidlegare nr:** BN00010922

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F08 Gammal barskog (80 %), F12 Kystfuruskog (10 %)

**Utforming:** F0802 Gammal furuskog, F1203 Fuktig furu-hasselskog

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 19.05.2009, DH & AC; Jordal 2003

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 10.02.2010, basert på eige feltarbeid 19.05.2009 saman med Alexander Connor, samt litteraturkjelder (Jordal 2003). Lokaliteten ligg ca 2 km nordvest for Gjelstein. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar, med eit lite felt kvartsitt.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile det avgrensa arealet har gammal furuskog, men med hasselrik utforming berre i dei sørkesponerte delområda. Det er også innslag av bjørk, gråor, hegg, osp, rogn og selje, dessutan barlind (raudlista VU). Blåbærskog er vanlegaste vegetasjonstype, med spreidde innslag av småbregneskog, flekkar med høgstaudar, gras- og urterik vegetasjon eller meir myrlendt terreng. Variasjonen er i det heile stor. Daud ved er ikkje uvanleg, men førekjem helst spreidd, både for lauvtre og furu.

*Artsmangfald:* Det er ikkje teke full planteliste, då her berre er trivialartar. Meir interessant er førekomstane av litt kravfulle lavartar, t.d. grynfilltav, kystnever, lungenever, skorpefilltav (VU), sølvnever og vanleg blåfilltav. På furu er det einskilde førekomstar av gubbeskjegg (NT), medan det på hassel vart funne vanleg rurlav. Potensielt bør her også finnast raudlista mikrolav i slektene *Arthonia*, *Sclerophora* og *Thelotrema*. Stor ospeildkjuke har her sine einaste kjende førekomstar sør for Romsdalsfjorden. Her er også levestad for fleire raudlista viltartar, m.a. kvitryggspett (NT).

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Det er store inngrep inntil lokaliteten frå skogsdrift, med fleire skogsbilveggar og granplantingar. Gran er dels i spreining også innanfor det avgrensa området.

*Framande artar:* Gran, og denne bør fjernast.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er stor, intakt, velutvikla, med ein eit godt utvikla lavsamfunn, ein høg del gammal skog og ein del raudlisteartar innanfor fleire artsgrupper.

## 116 Tresfjorden: Hoemslia

**UTM:** MQ 047 347 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog (<10 %), F07 Gammal lauvskog

**Utforming:** F0103 Rikt hasselkratt, F0702 Gammal bjørkesuksesjon

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 21.05.2009, DH

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 11.02.2010, basert på eige feltarbeid 21.05.2009. Lokaliteten ligg heilt inne i Tresfjorden, rett aust for Tresfjordøyra. Vegetasjonsgeografisk ligg den i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile det avgrensa området har mykje gammal bjørkeskog, med innslag av særleg rogn og hassel, men òg innslag av gråor, hegg, osp og selje, sjeldan også alm (raudlista NT) og furu (på tørrare ryggar). Blokkmark, berg og sesongfuktige bekkar skapar ein del variasjon i småskalatomografien, slik at også vegetasjonen viser stor variasjon. Her er såleis både blåbærskog, småbregneskog, lågurtskog (svakt utvikla) og høgstaude-storbregneskog. Lågurtskogen er mest utbreidd i samband med innslag av gamle hasselkratt. Alm og hassel er mest frekvente i den sørlege halvdelen av området. Innslaget av liggande, daud ved er flekkvis stort.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast enghumleblom, firblad, fuglereir (NT og ny for kommunen, MQ 04902, 34253), hengjeaks, kranskonvall, kvitmaure, liljekonvall, lækjeveronika, myske, myskegras, nyresoleie, sanikel,

skogburkne, skogfiol, skogsnelle, skogstjerneblom, skogsvinerot, storfrytle, storklokke, stornesle, strutsvegg, tannrot, trollbær, trollurt, turt, villrips og vårerteknapp (som er sjeldan nær kysten). Lungeneversamfunnet er flekkvis bra utvikla på ulike lauvtre, med artar som grynfiltilav, kystfiltilav, kystvrenge, lungenever, muslinglav, puteglye, skrubbenever og vanleg blåfiltilav. Her er også levestad for hakkespettar.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* På vestsida og i nedkant av området er det hogstmodne granplantingar. Her har truleg også vore eit nokså ekstensivt beite frå småfe tidlegare, med kulturindikatorar som krattlodnegras og sølvbunke. Eit spesielt problem er at dei fleste av rognetreia i den nedre delen er øydelagde grunna overbeiting frå hjortedyr. Dette gjeld også for gamle og grove tre.

*Framande artar:* Både gran og platanlønn er i spreing, og bør fjernast.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er stor, i hovudsak velutvikla og intakt, artsrik og med einskilde raudlista artar og regionalt sjeldsynte artar,



**Figur 14.** *Gammal hassel i Hoemslia. Foto: Dag Holtan.*

## 117 Tresfjorden: Liafossen

**UTM:** MQ 087 369 **Tidlegare nr:** BN00010950  
**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/våtmark  
**Naturtype:** E05 Fosserøyksone  
**Utforming:** E0501 Moserik utforming  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 04.04.2009, DH & PL; Jordal 2003

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 12.02.2010, basert på eige feltarbeid 04.04.2009 saman med Perry Larsen, samt litteraturkjelder. Lokaliteten ligg på austsida av Tresfjorden, rett sør for Sakselia. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar, men det er òg ein del lausmassar i området.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* I tillegg til fossesprøytsone, som har mest moserik utforming, er det i utkanten av denne gråor-heggeskog (ravineskog) og rikt hasselkratt. Desse har både småbregneskog, svakt utvikla lågurtskog, og i nedste delen mot elva meir utprega høgstaude-storbregnesamfunn. Langs fossen er det gammal, fuktig furuskog, både blåbærskog og høgstaudeskog.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter i skogen kan nemnast enghumleblom, hengjeaks, krattmjølke, lækjeveronika, markjordbær, myske, sløkje, skogburkne, skogfiol, sumphaukeskjegg og trollurt. På bergveggane ved fossen veks fjellsyre, fjelltistel og rosenrot. Ved fossen veks det m.a. filthinnelev, lungenever og skrubbenever på ulike lauvtre, men lungeneversamfunnet er dårleg utvikla. Det vart også funne gubbeskjegg (raudlista NT) på ei gammal furu her. Av mosar i fossesprøytsone vart desse påviste: bekkerundmose, berghinnemose, dverglommose, kystjammemose, kysttornemose, kystskimmermose, musehalemose, myrglefsemose, myrmuslingmose, sumpflak, tobladblonde og vinvrangmose, alle vanlege artar.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Det har tidlegare vore beita i skogen, med kulturindikatorar som krattlodnegras og sølvbunke, men området framstår generelt som ein intakt og middels godt utvikla lokalitet. Det er fleire granplantasjar inntil området. Trugsmål vil vere endringar i vassføringa.

*Framande artar:* Berre gran vart registrert, og denne bør fjernast.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som lokalt viktig (C) fordi den er nokså liten og artsfattig, utan sjeldne artar, naturtypar eller andre spesielle element.





**Figur 15.** Liafossen tidleg i april 2009. Foto: Dag Holtan.

## 118 Tresfjorden: Sesselva

**UTM:** MQ 070 374 **Tidlegare nr:** Ny

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F09 Bekkekløft og bergvegg

**Utforming:** F0901 Bekkekløft

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 20.05.2009, DH

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 12.02.2010, basert på eige feltarbeid 20.05.2009. Lokaliteten ligg ovanfor Daugstad i Tresfjorden. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar, men i nedre delen av vassdraget er det ein del næringsrike lausmassar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Øvre delen har nokså fattig, glissen og gammal røsslyngfuruskog, med spreidde innslag av boreale lauvtre. Meir interessant er dei nedre delane, og her er det innslag av både gammalt ospenholt, gammal furuskog med hassel og små parti med flaummarksskog/ravineskog. I denne delen er både blåbærskog og høgstaude-storbregneskog representert, men her er òg små parti med småbregneskog. Innslaget av gamle tre er generelt høgt, med spreidde førekomstar av daut ved, generelt meir lauvved enn barved. Langs elva er det mange små fossar med små fossesprøytsoner.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter kan nemnast bjørnebær (truleg rynkebjørnebær), blåknapp, bråtestorr, firblad, hengjeaks, jonsokkoll, lækjeveronika, mannasøtgras, myske, sanikel, skogfiol, skogburkne, teiebær, trollurt, sumphaukeskjegg, og vendelrot. På osp er det noko lungeneversamfunn,

med artar som filthinnelav, grynfiltlav, stiftfiltlav og vanleg blåfiltlav. Det vart i tillegg påvist ein gammalskogsindikator som gulrandkjuke på furu. Mosefloraen er ikkje undersøkt.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Inntil det avgrensa området er det både teke ut noko furu og planta gran. I den nedre delen har det tidlegare også vore skogsbeite.

*Framande artar:* Gran, og denne bør fjernast.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er stor, intakt og langstrakt, med stor variasjon i naturtypar, vegetasjonstypar og artsinventar. Det vektleggast vidare at det særleg i den nedre delen av vassdraget er ein høg del gammal skog.

## 120 Øvstedal: Vardfjellet

**UTM:** MQ 057 305 **Tidlegare nr:** BN00010949

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** F01 Rik edellauvskog

**Utforming:** F0103 Rikt hasselkratt (ca 50 %), F0106 Gråor-almeskog (ca 20 %)

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 23.05.2009, DH & AC; Jordal 2003

### Lokalitetsomtale

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 12.02.2010, basert på eige feltarbeid 23.05.2009 saman med Alexander Connor, samt litteraturkjelder (Jordal 2003). Lokaliteten ligg ved Rypdal i Øvstedalen. Vegetasjonsgeografisk ligg den i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, næringsfattige og sure gneisar.

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Størst utbreiing, og mest forvaltningsmessig relevant, er gode innslag av rike og dels gamle hasselkratt, men her er også flekkar med godt utvikla gråor-almeskog. Vidare er blokkmark og rasmark viktige typar, med einskilde rikare sig. Hasselkratta har lågurtvegetasjon, medan gråor-almeskogen oftast har høgstaude-storbregnevegetasjon. Bjørk og rogn spelar ei viktig rolle i treslagsamansettinga, elles er her hegg, osp og selje. Skogen er i hovudsak middelaldrande, med yngst skog nedst i lia, med spreidde førekomstar av daud ved.

*Artsmangfald:* Av noterte karplanter i lauvskogen kan nemnast breiflangre (sjeldan), brunrot, enghumleblom, firblad, grov nattfiol, hengjeaks, hundekveke, jonsokkoll, junkerbregne (sjeldan), kratthumleblom, kvitmaure, kvitsoleie, liljekonvall, lækjeveronika, lundrapp, myske, myskegras, nyresoleie, sanikel, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, storfrytle, storklokke, stornesle, sumphaukeskjegg, tannrot, trollbær, trollurt og vårerteknapp (sjeldan i ytre strok). I sesongfuktige bergveggar og ur osb. kjem i tillegg bergfrue, engstorr, fjellarve, fjellsmelle, fjellsyre, fjelltistel, flekkmure, gulsildre, gulstorr, jåblom, kattefot, knegras, kvitkurle (raudlista VU), lodnebregne, rosenrot, svarttopp, tranestorr og vårskrinneblom. På rikborkstre (alm, osp, rogn og selje) er lungeneversamfunnet svakt utvikla, med funn av artane glattvrenge, lungenever og vanleg blåfiltlav.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* I alle fall dei nedre delane har tidlegare (og dels i dag) vore utsett for eit intensivt beite, og har eit utarma planteliv som dominerast av kulturindikatorar som krattlodnegras og sølvbunke. Her er også svært store

beiteskadar frå hjortedyr, og dei fleste rognetre er allereie ringbarka. Også på alm (NT) er det ein del skadar. I tillegg er det noko spreieing av gran frå kringliggande granplantasjar.

*Framande artar:* Gran og rogn er i spreieing, og bør fjernast.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er stor, velutvikla og etter måten intakt, med stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, samstundes som den er nokså artsrik.



**Figur 16.** Alm ved eit skredlaup under Vardfjellet. Foto: Dag Holtan.

## **121 Øvstedal: Dalsbotnen/Dalskleiva**

**UTM:** MQ 068 268 **Tidlegare nr:** BN00010955/986

**Hovudnaturtype:** Fjell

**Naturtype:** C01 Kalkrike område i fjellet

**Utforming:** C0104 Bergknaus og rasmark

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 22.05.2009, DH & PL, 07.07.2009, DH & AC; Nordhagen 1976

### **Lokalitetsomtale**

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 12.01.2010, basert på eige feltarbeid 22.05 og 07.07.2009 saman med høvesvis Perry Larsen og Alexander Connor, samt litteraturkjelder (Nordhagen 1976). Lokaliteten ligg ved botnen heilt oppe i Øvstedal. Vegetasjonsgeografisk ligg den i sør- til mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består av harde, fattige og sure gneisar, men har også ein stor del meir næringsrik glimmerskifer og glimmergneis.



*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile lokaliteten består av nord- til vesteksponert bergknaus og rasmark, og er til dels overrisla store delar av året. Vegetasjonen har, i kombinasjon med ein rikare berggrunn, derfor mange artar som ofte veks på rikmyr. Elles er det mange stader oppslag av høgstaude-storbregnevegetasjon, ofte i eit miljø som dels er tresett med bjørk.

*Artsmangfald:* Av relevante karplanter kan nemnast bergfrue, bjønnbrodd, blankstorr, bleikvier, brudespore (raudlista NT), dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, flekkmure, gullmyrkelegg (utpostlokalitet), gulsildre, gulstorr, hårstorr, kastanjesiv (utpostlokalitet), kvitkurle (VU, 2 planter ved MQ 06842 26949 og 7 planter MQ 06855 26933), kvitmaure, rynkevier, skogmarihand, sotstorr, sumphaukeskjegg, svartstorr, tranestorr, trillingsiv og tvillingsiv. Nordhagen (1976) nemner i tillegg reinrose og snøbakkestjerne. Fjellkvann, skogstjerneblom, smørtelg, trollurt og turt er viktige artar i høgstaudeengene. Av mosar kan nemnast artar som bekkeblonde, bekkerundmose, dronningmose, fettmose, flikvårmose, kyslommemose, lurvflik, spriketormose, stortaggmose og stripefoldmose.

*Påverknad/bruk/trugsmål:* Det går sauer i dei tilgjengelege høgstaudeengene, og eit langvarig beite har medverka til at desse er nokså nitrogenrike. Ingen kjende, konkrete trugsmål.

*Framande artar:* Ingen.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

*Verdivurdering:* Lokaliteten vurderast som viktig (B) fordi den er representativ og artsrik i høve til naturtypen regionalt, med ein raudlisteart i høgare kategori og somme bisentriske/unisentriske eller sjeldsynte fjellartar som her er heilt i kanten av utbreiinga si.



**Figur 17.** Fjellet ved Dalsbotnen er næringsrikt og svært bratt. Foto: Dag Holtan.



## 4.4 Lokalitetar etter Jordal (2003) som skal behaldast, eller har ny verdisetting eller endra naturtypekodar

### BN00010934: Sakselia (slåtteeng)

Lokalitetsnummer: 1535-10075

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 068 372

Høgde over havet: 200-240 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Slåtteeng/naturbeitemark

Prioritet: A (svært viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ), 19.09.1997 (JBJ) (Jordal 1998), 11.07.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Her er det ein del overflatedyrka mark med fleire hus (ein gong fast busetnad) i eit område som elles består av lauvskog med m. a. mykje bjørk. Det er to opne beitevollar som heng saman med eit smalt ope område nokre titals meter gjennom skogen.

*Vegetasjon:* Setervollane består mest av frisk fattigeng (G4) med ein del engkvein og gulaks, det finst og sølvbunkeeng (G3).

*Kulturpåverknad:* Området blir beita av sau og dels storfe, og i 1997 var det meste i tillegg slått og grasen var fjerna. Etter denne tid er området ikkje slått (kjelde: Geir Sætre). I 2001 var området beita av storfe. Nedanfor setrene er det eit granplantefelt.

*Artsfunn:* Mest interessant blant plantene var funn av solblom, med 25-30 blomstrande rosettar spreidd på 2-3 stader i 2001. Det er registrert heile 96 planteartar, av desse 28 artar av naturengplanter (mest av lokalitetane i denne rapporten, og ein av dei mest artsrike i fylket), m. a. aurikkelsvæve, blåklokke, brudespore, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, knegras, kvitmaure, kystmaure, loppestorr, mykje prestekrage, småengkall, smalkjempe og storblåfjør. Vidare finst fuktig fattigeng med t. d. bleikstorr, blåknapp, hanekam, kornstorr, myrfiol, myrmaure, myrmjølke, myrtistel, ryllsiv, skogsnelle, slåttestorr, stjernestorr, tettegras og trådsiv. I det heile er dette floristisk sett ein svært artsrik lokalitet til å vera på kalkfattig grunn. Av beitemarkssopp vart det 19.09.97 funne 12 artar. Først må nemnast raudlistearten fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) (V=sårbar). Dernest dei hensynskrevande artane lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*) og gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*). Rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*) er også ein sjeldan beitemarkssopp som ikkje står på raudlista.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit artsrikt kulturlandskap i god hevd, og med ein sårbar og to hensynskrevande soppartar og ein raudlista planteart påvist.

*Skjøtsel og omsyn:* Dette er ein av dei mest verdfulle kulturlandskaplokalitetane i Vestnes av dei som er undersøkte til no, og det er svært viktig at noverande skjøtsel kan halda fram.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan 20.05.2009. Lokaliteten skal ha naturtypekodar D01/D04. Den er i sterkare

attgroing enn ved Jordal sine besøk, og sjølv om solblomen (raudlista VU) er intakt synest den å vere på veg attende. Brudespore er no rauslista som nær truga (NT). Lokaliteten er så stor, artsrik og velutvikla at verdisettinga til Jordal behaldast. Grunneigaren får i dag tilskot til skjøtselen, men bør påleggast å rapportere årleg kva som vert gjort.



**Figur 18.** Frå øvre del av Sakselia, med tydelege tendensar til attgroing. Foto: Dag Holtan.

### **BN00010962: Sessetra**

Lokalitetsnummer: 1535-10076

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 083 371

Høgde over havet: 390 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er eit seterområde i skogbandet aust for Daugstad i Tresfjorden. Området er myrlandt og oseanisk prega. Det er 7-8 hytter/sel på vollen, som er delvis omgjeven av bjørkeskog.

*Vegetasjon:* Ein mosaikk av frisk fattigeng (G4) med kystmaure, fuktig fattigeng med finnskjegg (G1), fattigmyr (K3).

*Kulturpåverknad:* Det vart sett spor etter storfe ved besøket, truleg også streifbeiting av sau.

*Artsfunn:* Det vart notert 63 planteartar, m. a. amerikamjølke (innført art), bekkestjerneblom, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, harerug, heiblåfjør,

kjertelaugnetrøst, kystmaure, prestekrage og småengkall. Det vart også notert buskskvett, gjerdesmett og frosk.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med 13 naturengplanter og truleg potensiale for beitemarkssopp.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og har ikkje fått kontrollert statusen sin. Naturtypekode skal vere D04.

### **BN00010935: Daugstadsetrene**

Lokalitetsnummer: 1535-10077

Kartblad: 1320 III Åndalsnes

UTM (EUREF 89): MQ 089 376

Høgde over havet: 460 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Større seterområde omgjeve av myr og fjellhei aust for Daugstad (og aust for Sessetrene) i Tresfjorden. Området er myrlendt og oseaensk prega.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med kystmaure, fuktig fattigeng med finnskjegg (G1), litt sølvbunkeeng (G3), fattigmyr (K3), litt blåbærbjørkeskog (A4).

*Kulturpåverknad:* Ved besøket vart området beita av sau og hest.

*Artsfunn:* Det vart notert 56 planteartar, m. a. aurikkelsvæve, bekkestjerneblom, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, harerug, heiblåfjør, kjertelaugnetrøst og kystmaure.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med 13 naturengplanter og truleg potensiale for beitemarkssopp.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2010, slik at status er uklar. Naturtypekode skal vere D04.

### **BN00010972: Villasetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10078

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 063 398

Høgde over havet: 280 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Villasetra ligg noko sør for Skjeggstadsetrane.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er triviell, med noko sølvbunkeeng og noko frisk, fattigeng med kystmaure, gulaks og engkvein. Vidare fanst heiprega vegetasjon med blåbær, bjønnkam og røsslyng, og noko nitrofil vegetasjon med bringebær, engrapp, krypsoleie, kvassdå og stornesle nær husa.

*Kulturpåverknad:* Setra er omkransa av granfelt som går tett inntil frå fleire kantar, vidare kjem det opp furu og lauvtrebusker. Området var i 1997 beita av storfe.

*Artsfunn:* Området er relativt artsfattig, med 12 naturengplanter, mellom desse blåklokke, harerug, kystmaure, heiblåfjør og smalkjempe.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Lokaliteten er liten og innklemmt mellom plantefelt, i tillegg er den i attgroing. Beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av de mest interessante kulturbetinga artane, som heiblåfjør og kystmaure.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2010, slik at status er uklar. Naturtypekode skal vere D04.

### **BN00010971: Olasetra (Øvste Skjeggstadsetra) (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10079

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 063 403

Høgde over havet: 390 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Setrene ligg noko høgre enn (Nedste) Skjeggstadsetrene, men har mykje av den same vegetasjonen og floraen.

*Vegetasjon:* Det var noko sølvbunkeeng og noko frisk fattigeng med engkvein, gulaks og finnskjegg.

*Kulturpåverknad:* Området er beita av sau.

*Artsfunn:* Det vart registrert 9 naturengplanter, dei mest interessante var heiblåfjør, kystmaure og aurikkelsvæve.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar som t. d. heiblåfjør, kystmaure og aurikkelsvæve.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2010, slik at status er uklar. Naturtypekode skal vere D04.

### **BN00010983: (Nedste) Skjeggstadsetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10080  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): MQ 061 402  
Høgde over havet: 310 m  
Hovudnaturtype: Kulturlandskap  
Naturtype: Naturbeitemark  
Prioritet: C (lokalt viktig)  
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing  
Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Seterområdet er omlag 2-3 dekar, omgjeve av bjørkeskog.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen består av frisk fattigeng (G4) og noko blåbærlyng med ein del einstape (attgroing).

*Kulturpåverknad:* Området var i 1997 beita av hest, storfe og sau.

*Artsfunn:* Det vart funne 11 naturengplanter, m. a. blåklokke, harerug, kjertelaugnetrøst, knegras, kornstorr og kystmaure. Kystmaure er ei kystplante som det finst ein god del av i fjorden, men berre på moserik, godt beita grasmark i ope kulturlandskap.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Det er registrert relativt små biologiske verdiar. Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar som t. d. kystmaure.

*Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:* Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2010, slik at status er uklar. Naturtypekode skal vere D04.

### **BN00010978: under Helsetnakken (skog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10081  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): MQ 0540-0640  
Høgde over havet: 200-500 m  
Hovudnaturtype: Skog, berg/rasmark  
Naturtype: Kalkskog (lågurtfuruskog), rik edellauvskog, gammel lauvskog, sørvendt berg/rasmark  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: treslagskifte, spreing av innførte artar (hemlock)  
Undersøkt/kjelder: 23.07.1997 (ÅS & JBJ), 13.11.1997 (GGa) (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skogpartiet under, på sørsida og på oversida av den store ura under Helsetnakken ned mot Skjeggstad vart undersøkt sørover til Skjeggstadsetrene. Nærast ura på sørsida var det ei brei stripe som hittil ikkje har vorte planta til med gran og som inntil vidare berre i liten grad har vorte invadert av sjølvforynga platanlønn.

*Vegetasjon:* Skogen her bestod delvis av lågurtfuruskog rik på hassel. Nær Skjeggstadsetrene var det og noko blåbærskog. Trea var ikkje uvanleg gamle, men i øvre deler finst ein del eldre tre og litt daudt trevirke. I overkant av ura var det

berre usamanhengande lauvskog i veksling med skredfar. Til dels var det dominans av høgstaudevegetasjon her.

*Kulturpåverknad:* Øvre deler av området er lite kulturpåverka. I nedre deler noko meir, m.a. granplantingar inntil lokaliteten ein stad.

*Artsfunn:* Av karplanter forekom myske vanleg og det vart gjort eit par funn av taggbregne. Andre artar som kan nemnast var klokkevintergrøn (mellom blåbærlyng nær Olasetra, den øvste av setrene i området), kratthumleblom, lundrapp, myskegras og skogsvinerot. Av lav forekom lungenever ganske vanleg, medan vanleg blåfiltlav, kystfiltlav og kystårenever var spreidd. Skrubbenever, grynfiltrav, puteglye, brun blæreglye og skorpelavane *Megalaria grossa* (som veks på osp) og *Buellia disciformis* (vaks på hassel, bestemt av H. Holien) var meir sparsame. Det fanst også litt av vrenge-artene (gryn-, glatt- og lodnevrenge). Karplantefloraen i overkant av ura verka ikke spesielt rik, men skogvikke førekom nokså vanleg. I tillegg var det spreidde tre og ein liten bestand av alm. Lavfloraen var stort sett den same som på sørsida av ura, men noko mindre rik. På ei alm vart den noko kravfulle mosen skjermose (*Apometzgeria pubescens*) funnen. Litt nord i ura gjekk det ned enkelte skogparti mot den meir samanhengande skogen under. Her var det m.a. ei stripe med dominans av osp, til dels ganske grov og gammal. Her vart det gjort funn av kystmaure og av storpora ospekjuke (*Oxyporus corticola*) (ikkje sjeldan) på eit ospelæger. I tillegg vart grønspeitt høyr her og dette bør være en høveleg leveplass for fleire spetteartar.

*Verdsetting:* Generelt utgjør utvilsamt desse skogpartia under Helsetnakken eit biologisk rikt og noko avvikande område for Vestnes. Både dei hasselrike furuskogspartia og den lauvskogsdominerte delen i og heilt inntil ura har derfor klår biologisk verdi, sjølv om det berre vart funne nokre få kravfulle indikatorar her. Det er likevel eit visst potensiale for fleire slike artar, og fleire besøk vil opplagt auke talet på interessante artar. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert skogområde med mange kvalitetar, men utan raudlisteartar.

*Skjøtsel og omsyn:* Både den hasselrike furuskogen og dei varmekjære lauvskogsområda nær urene har biologiske kvalitetar som gjer det ønskjeleg å la skogen stå utan å bli hogd. I skogbruksamheng er nok dei urete lauvskogane utan særleg verdi, medan furuskogen kanskje har større økonomisk interesse, sjølv om han er bratt og ligg relativt høgt.

***Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:*** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2010, slik at status er uklar. Naturtypekodar skal vere F01, F07 og F12.

### **BN00010977: Vikesetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10082

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 064 431

Høgde over havet: 355 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 04.09.2001, JBJ)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Setervollen ligg i ei slakk nordvesthelling, omgjeven av bjørkeskog.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen består av frisk fattigeng (G4) og sølvbunkeeng (G3) med myrtistel.

*Kulturpåverknad:* Området var i 2001 beita av hest og sau. Steingjerde nedst og mot nordaust. Ei gammel og to nyare hytter.

*Artsfunn:* Det vart funne m. a. aurikkelsvæve, blåkoll, bråtestorr, geitsvingel, harerug, kornstorr, loppestorr og lækjeveronika. Det vart berre funne vanlege artar av grasmarkssopp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Det er registrert relativt små biologiske verdiar. Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Naturtypen er generelt i attgroing, og beiting er i alle høve positivt for å oppretthalda bestandar av beitebetinga artar.

*Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:* Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2010, slik at status er uklar. Naturtypekode skal vere D04.

### **BN00010927: Svingeilen-Leirvika (havstrand)**

Lokalitetsnummer: 1535-10038

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 007-014, 453-458

Høgde over havet: 0-2 m

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype: Strandeng/strandsump

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep, forureining

Undersøkt/kjelder: 23.7.1997, 24.7.1997, JBJ (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Flatevågen som marin lokalitet er skildra annan stad. Her blir omtala strandområda frå Svingeilen til Leirvika. Tilgrensane naturbeitemark og kantskog ved Svingeilen blir og omtala, men ikkje avgrensa. Svartorstrandskogen i Leirvika er skildra som eigen lokalitet.

*Vegetasjon:* Stranda frå Svingeilen til Leirvika vekslar mellom steinstrand, grus og litt finsediment. Grus- og rullesteinstrand har ein relativt vanleg, men artsrik flora og vegetasjon, det same gjeld dei små tangvollane som finst. Det mest artsrike er strandengene og naturengene ovafor stranda (Svingeilen). Strandengene omfattar m. a. saltsiveng og rustsivakseng. Kantskogen rundt Svingeilen inneheld elles ein del svartor, vidare hassel, bjørk, hegg, gråor, morell, bustnype, einer, rogn, ask, furu og platanlønn, vidare noko pors. Svingeilen inneheld fine og artsrike naturengsamfunn skapt gjennom tidlegare slått og seinare tids beiting. Også grågåsa beitar ein del her. Desse naturengsamfunna inneheld m. a. smalkjempe, dunhavre, gjeldkarve og jordnøtt, og er viktige å bevara for ettertida. I Leirvika er det også ein del strandenger, m. a. eit parti med fjørestorreg. Også her er det mykje svartor. Vestover frå Leirvikbukta til Skavneset var stranda meir dominert av stein og grus og det var mindre interessant å finna.

*Kulturpåverknad:* Noko beiting av sau. Eit område er dyrka heilt ned til stranda og svartorstrandskogen er fjerna. Leirvika blir brukt til bading og båtutfart. Truleg noko avsig frå jordbruksområda.

*Artsfunn:* Mellom Smibukta og Leirvika vart det også funne ein del jåblom og småsivaks, som er mindre vanleg. Store deler av det avgrensa området er beiteplass for grågås, særleg Svingeilen. 7 vaksne med 22 ungar vart registrerte ved eit besøk, og det var mykje gåsskit frå Svingeilen til Leirvika. Det vart observert hekkeindikasjon på tjeld og storspove.



*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit godt utvikla og variert strandengområde.

*Skjøtsel og omsyn:* Området ved Svingeilen og Smibukta er viktig for grågås, og synest å vera ein viktig fristad for uforstyrra beiting i den perioden da ungane er små. Ein vil derfor frårå at det blir anlagt spasersti rundt Svingeilen. Det er foretatt ein del dyrking ut mot Svingeilen, men dei attverande naturengene, særleg fram mot Holmesundet, er biologisk verdifulle og bør ikkje dyrkast, men beitast. Forsiktig rydding av buskas for å motverka attgroing vil vera positivt. Strandengene i Leirvika bør skånast for inngrep i samband med evt. vidare tilrettelegging for friluftsmål.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan og Alexander Connor i mai 2009. Naturtypekode skal vere G05. Generell attgroing og spreining av framande artar skulle det tilseie at verdi C bør vurderast. Som viltlokalitet har området høgare verdi og viktigare funksjonar enn som naturtypelokalitet.

### **BN00010945: Leirvika (svartorskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10039

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 007-011, 457-458

Høgde over havet: 1-3 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Rikare sumpskog

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 24.7.1997, JBJ (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Svartor finst langs strendene av Flatevågen særleg frå Vestnesstraumen til Skavneset. I Leirvika er svartorstrandskogen såpass godt utvikla at han er skildra som eigen lokalitet.

*Vegetasjon:* Svartorstrandskog (vegetasjonstype hos Fremstad 1997) vert i systemet til DN (1999a) å rekna som rikare sumpskog. Kantskogen inneheld ein del svartor, vidare hassel, bjørk, hegg, gråor, morell, bustnype, einer, rogn, ask, furu og platanlønn.

*Kulturpåverknad:* Noko beiting av sau. Leirvika blir brukt til bading og båtutfart.

*Artsfunn:* Det mest interessante funnet var gulfrøstjerne i kanten mellom strandengene og svartorkantskogen. Denne arten er uvanleg på våre kantar og står gjerne i svartorstrandskog. Litt lenger opp frå stranda vart det funne vivendel, som er einaste kjente lokaliteten i Vestnes.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels godt utvikla svartorstrandskog.

*Skjøtsel og omsyn:* Svartorstrandskog er rekna som ein sterkt truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001). Typen er ofte utsett for fysiske inngrep som nedhogging, utfylling m.m. Ein bør la svartorstrandskogane i Flatevågen få utvikla seg mest muleg utan inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan og Alexander Connor i mai 2009. Naturtypekode skal vere F06, men det er nok å drage det litt langt å omtale dette som rik sumpskog. Helst er det dels gjødsla naturbeitemark i ein nokså tidleg attgroingsfase. Det har vore hogge ein del i skogen i 2009, her er spreining av platanlønn og generelt eit svært glissent tresjikt. Rett verdi nå blir vurdert som C (lokalt viktig).

### **BN00010969: Berga (strandberg)**

Lokalitetsnummer: 1535-10040

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 007-014, 453-458

Høgde over havet: 0-2 m

Hovudnaturtype: Berg, rasmark og kantkratt

Naturtype: Sørvendt berg og rasmark

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 23.7.1997, JBJ (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Flatevågen som marin lokalitet er skildra annan stad. Her blir omtala dei sørvendte strandberga nær Vestnesstraumen.

*Vegetasjon:* Mellom Straumen og Svingeilen ligg uvanleg artsrike strandberg ("Berga" på økonomisk kart) med ein del tørrberg-/tørrbakkeartar. Kantskogen rundt Berga inneheld ein del svartor, vidare hassel, bjørk, hegg, gråor, morell, bustnype, einer, rogn, ask, furu og platanlønn, vidare noko pors.

*Kulturpåverknad:* Dyrkingsområde i nærleiken. Litt søppel i stranda.

*Artsfunn:* Tørrbakke/tørrbergartar mellom Straumen og Svingeilen: gjeldkarve, bitterbergknapp, småbergknapp, eittårsknavel (sjeldan), bergmjølke, knopparve, vårskrinneblom, villauk (uvanleg) og stemorsblom.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Berga er biologisk interessante og bør ikkje omfattast av utbygging eller andre inngrep.

*Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:* Lokaliteten vart undersøkt berre med kikkert av Dag Holtan i 2009. Den ligg inne i Naturbase som "sørvendt berg og rasmark". Rett skal vere rike strandberg, naturtypekode G09. Eit svært avgrensa areal og eigentleg ingen kalkkrevande artar tilseiar at verdien bør settast til C (lokalt viktig).

### **BN00010928: Rambergkollen (gammel skog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10042

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 00 43

Høgde over havet: 100-260 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Gammel lauvskog

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: hogst, treslagskifte

Undersøkt/kjelder: 01.08.1997 (JBJ), 13.11.1997 (GGa) (Jordal 1998)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ei nord- og nordaustvendt bakli med eit fuktig lokalklima. Det er her ein del vindfall av furu, men og nokre av bjørk og osp. Vestlege deler av det undersøkte området har eit del nakne svaberg med vegetasjon berre på hyller og i bergsprekker.

*Vegetasjon:* Høgre opp mot svaberga er det mest blåbærskog med furu og bjørk. Vegetasjonen rett under svaberga er dominert av høgstauder og einskilde myrplanter som profiterer på god tilgang på sigevatn. Døme på dette er

bjønnskjegg, bleikstorr, kornstorr, loppestorr, mjødurt, rome, skogrøyrvkein og slåttestorr. Vegetasjonen i svaberga består m.a. av blåknapp, blåtopp, fjelltistel og svarttopp forutan ulike grasslag. I austlege deler og oppover forbi svaberga på austsida er det fuktig storbregneskog med bjørk som dominerande treslag, men også middelaldrande til litt eldre blåbær- og småbregnefuruskog med varierende lauvinnslag. Her finst vidare ein del grov gammal furu (opptil 50-60 cm diameter i brysthøgde), grov rogn og einskilde osper. Det er og nokre vindfall av furu og bjørk, og gaddar og høgstubbar av furu. Mesteparten av vindfalla verka ganske ferske (frå 1992-orkanen og ein tidlegare storm).

*Kulturpåverknad:* Nedst mot vegen, utanfor det avgrensa området, finst dels plantefelt med gran. Av innførte artar vart det sett ei platanlønn.

*Artsfunn:* Det vart sett ein del myske i området. Det mest interessante plantefunnet var knerot, ein nokså uvanleg orkidé som trivst best i moserik, gammal, lysopen furuskog. Av lav forekom lungenever og skrubbenever spreidd, medan kystårenever, kystvrenge, glattvrenge og grynvenge var ganske vanlege. Vanleg blåfjelllav og kystfjelllav forekom sparsamt, særleg på osp. Grynfilflav vart berre funne på ei osp. Av skorpelav var gammalgranlav (*Lecanactis abietina*) ganske vanleg på store tre av bjørk og furu, medan kattedotlav (*Arthonia leucopellea*) vart funne sparsamt på ei furu. Det vart observert ein del hakkemerke av hakkespettar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein eldre skog med nokre indikatorar på gammel lauvskog.

*Skjøtsel og omsyn:* Nokre litt kravfulle lavararter knytta til fuktig, middelaldrande til eldre skog førekjem, vidare er knerot ei gammalskogplante og det kan sjå ut som om slik skog er mangelvare i Vestnes. I dette perspektivet er det naturleg å sjå på lokaliteten som lokalt verdifull. I skogbrukssamanheng bør ein vurdera å la skogen opp mot dei nordvendte berga stå urørt, og vidare også la noko av gammelskogen med gaddar og daud ved lenger aust få stå i fred. Platanlønn bør ikkje få spreia seg.

***Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:*** Lokaliteten vart undersøkt berre med kikkert av Dag Holtan i 2009, og både naturtype, avgrensing og verdsetting ser ut til å vere korrekt.

## **BN00010946: Kjelbotnbakken (rikmyrar)**

Lokalitetsnummer: 1535-10043

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 0226-0247, 3918-3928

Høgde over havet: 60 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Eit mindre område med fleire små rikmyrer som ligg flekkvis i skogen sør for Skorgeneshaugen, ned mot ein skogsveg som gjekk vestover langs Skorgelva. Lokalitetane har posisjon: LQ 0247 3928 og LQ 0226-0238, 3918-3924. Det avgrensa området er for det meste fuktig skog med einskilde mindre rikmyrer spreidd i lokaliteten.

*Vegetasjon:* Intermediær og middelsrik fastmattemyr (L2, M2), stort sett omgjeven av fuktig bjørkeskog av høg bonitet.

*Kulturpåverknad:* Skogsveg i nedkant, spor etter tidlegare skogsdrift. Området er truleg tidlegare slåttemark, og har sannsynlegvis vore opnare.

*Artsfunn:* Av krevande myrartar kan nemnast breiull, engstorr, gulsildre, gulstorr, jåblom, kornstorr, loppestorr, storblåfjør, sumphaukeskjegg, og moseartar som raudmakkose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*) og rosetorvmose (*Sphagnum warnstorffii*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre rikmyrområde (<50 dekar).

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep som endrar dei hydrologiske tilhøva eller gjer vesentlege skadar på torva.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A05. Storleik og artsinventar borgar for at lokaliteten bør få verdi C (lokalt viktig), ikkje minst då det er fleire store og meir representative rikmyrer i nærleiken.

### **BN00010957: ved Ellingsgarden (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10046

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9717-9719, 3841-3843

Høgde over havet: 210 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing, fysiske inngrep, granplanting

Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Inntil eit større dyrkingsfelt med kanal vest for Ellingsgarden ligg eit område på rundt 1 dekar (ca. 30 x 30 meter) med truleg gammel slåtte- og beitemark, med god forekomst av solblom.

*Vegetasjon:* Ei utforming av frisk fattigeng (G4) med overgang til fukteng/fattig fastmattemyr (K3), blåtoppeng (G2) og glissen høgstaudebjørkeskog (C2a).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten ligg inntil ein kanal og eit dyrkingsfelt, som truleg har redusert bestanden av solblom.

*Artsfunn:* Det vart rekna ca. 300 blomstrande rosettar av solblom, noko som er den største einskildbestanden i Skorgedalen (totalt rundt 800 blomstrande rosettar telt i heile dalen i 2001). Av planteartar kan nemnast brudespore, grov nattfiol, smalkjempe, harerug og heiblåfjør.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita naturbeitemark i attgroing, men med ein stor og lokalt viktig bestand av den raudlista planten solblom.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep. Solblom er vår for attgroing, og det beste ville vera eit visst beitetrykk kombinert med buskrydding.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan i 2009, og skal ha naturtypekode D04. Den er svært attgrodd i høve til i 2001, og bestanden av solblom ser ut til å ha gått mykje attende. Verdi er likevel rett, på grunnlag av raudlistestatusen til solblomen (VU).

## BN00010920: mellom Fremstedal og Ellingsgarden (rikmyr)

Lokalitetsnummer: 1535-10047

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9646-9695, 3814-3826

Høgde over havet: 190-210 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Prioritet: A (svært viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep, granplanting, opphøyr av beiting

Undersøkt/kjelder: 16.07.1985, O.-A. Bugge & S. Singsaas (Singsås 1985),  
10.07.2001, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Større bakkemyr ned mot riksvegen mellom Ellingsgarden og Helland/Fremstedal i Skorgedalen.

*Vegetasjon:* Dels intermediær, dels middelsrik fastmattemyr (L2, M2). Små mjukmatter med flaskestorr, bukkeblad og dysiv ned mot veggen. Mosaikk med glissen høgstaudebjørkeskog (C2a) og blåtoppeng (G2). Vortetormose (*Sphagnum papillosum*) og blanktormose (*Sphagnum subnitens*) er vanlegast i botnskiktet. Rosetormose (*Sphagnum warnstorffii*) finst.

*Kulturpåverknad:* Truleg tidlegare slåttemyr.

*Artsfunn:* Bestand av solblom i fastmarkspartia og kantområde mot bjørkeskog, totalt ca. 125 blomstrande rosettar. Fleire basekrevande planteartar: bjønnbrodd, breiull, engmarihand (ca. 30 planter), fjelltistel, grov nattfiol, jåblom, kornstorr, liljekonvall, marigras, sumphaukeskjegg, svarttopp og særbustorr.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit velutvikla rikmyrområde over 50 dekar med fleire regionalt sjeldne artar (marigras, engmarihand), og solblom.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep. Solblom er vår for attgroing, og det beste ville vera eit visst beitetrykk kombinert med buskrydding.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan og Alexandre Connor i juni 2009. Fukskogen med solblom (raudlista VU) er i attgroing, og solblomen ser ut til å ha gått mykje attende. Myrområda med engmarihand (NT) er intakte. Rett verdi skal vere B (viktig).



**Figur 19.** Engmarihand er ein kravfull orkidé som er sjeldan sør for Romsdalsfjorden. Foto: Dag Holtan.

## **BN00010940: vest for Ellingsgarden (artsrik vegkant)**

Lokalitetsnummer: 1535-10048

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9635 3802 – 9695 3820

Høgde over havet: 200 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Artsrike vegkantar

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 05.07.2001, 26.06.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten består av ein ca. 600 meter lang vegkant med spreidde bestandar av solblom og ein del andre kravfulle engartar.

*Vegetasjon:* Dels engprega vegetasjon (G4), dels overgangar mot vegetasjon beslekta med intermediær myr i veggrøfta, elles innslag av meir skuggetolande skogkantvegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er for det meste ei menneskeskapt vegskråning som har grodd til med engvegetasjon.

*Artsfunn:* Viktigast her er solblom (raudlisteart) som fanst i vegkanten med ca. 35 blomstrande rosettar ved LQ 9635 3802 – 9642 3805, og 5-10 lengst aust ved ei gammal løe ved LQ 9695 3020. (I eit ungt granplantefelt ca. 30 m ovafor vegen, LQ 9638 3807, vart det elles funne ca. 50 blomstrande stenglar av solblom, men desse fell utanfor den avgrensa vegkanten.) Av andre planter kan nemnast brudespore, heiblåfjør, jåblom, harerug, småengkall, blåklokke, blåkoll, raud jonsokblom, turt, bjønnbrodd, marinøkkel (>20 individ), storblåfjør, skogmarihand, grov nattfiol, vill-lin og rundskolm i vegkanten. Marinøkkel innsendt herifrå av rapportforfattaren er analysert genetisk i USA og funne å vera avvikande og interessant (Mary Stensvold, University of Iowa).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ein lokalitet med den raudlista plantearten solblom (raudlista i lågare kategori) og fleire andre kravfulle engartar, som framleis har bestandar i landskapet elles.

*Skjøtsel og omsyn:* Solblomen og dei andre kravfulle artane vil overleva så lenge Statens Vegvesen held fram med berre å slå vegkanten, men vil kunne forsvinna ved meir omfattande grøfterensk. Førekomstane er på lang sikt avhengige av at ein greier å ta vare på bestandar av artane i landskapet rundt.

*Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:* Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan og Alexande Connor i juni 2009. Det har vore etter måten store fysiske inngrep etter seinaste undersøkinga i 2002 (drenering, grøfterensk og fjerning av jord og grus), og mykje av dei biologiske verdiane har såleis gått tapt. Brudespore (raudlista NT) og marinøkkel (NT) har framleis levedyktige populasjonar. Grunna raudlistestatusen til solblomen (VU) er verdi B likevel rett.



## **BN00010973: Rekdalssetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10001

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 855 457

Høgde over havet: 210 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: A (svært viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 01.08.1997, JBJ (Jordal 1998), 25.09.1999, GGa (Melby & Gaarder 1999), 04.09.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Seterområdet ligg vel 200 m over havet i ei slakk halling opp frå dalbotnen i Rekdalsdalen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er mager naturbeitemark med finnskjegghei, litt blåbærlyng og ein del einer. Vidare finst nedst litt fuktig fattigeng med m. a. lyssiv og myrtistel.

*Kulturpåverknad:* Beitetrykket er brukbart, det gjekk storfe på beite ved besøket i 1997.

*Artsfunn:* Floraen var relativt artsfattig med 12 naturengplanter og innslag av kystplanter som heisiv, heistorr, revebjølle, smørtelg og storfrytle. Det er vidare av G. Gaarder (Melby & Gaarder 2000, GGa pers. medd.) funne 12 beitemarkssopp, av desse tre raudlisteartar: dei hensynskrevande artane gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) og svartdogga vokssopp (*H. phaeococcinea*) og den sårbare arten raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av raudlisteartar, dels i kategori sårbar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det største trugsålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Det er ønskjeleg at lokaliteten blir beita også i framtida.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan og Alexander Connor 18.05.2009. Den er no svært attgrodd, og dei tre raudlisteartane Jordal (2003) peikar på er alle raudlista som nær truga (NT). Ut frå dette fortener lokaliteten nedgradering av verdien til C (lokalt viktig).



**Figur 20.** Beitemarka ved Rekdalssetra er no i sterk attgroing. Foto: Dåg Holtan.

### **BN00010913: Gjelsteinstranda (svartorskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10005

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 884-887, 467-469

Høgde over havet: 5-30 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Rikare sumpskog

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte

Undersøkt/kjelder: 29.08.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er eit fuktig lauvskogsområde med stort innslag av svartor. Han ligg nord for dyrkingsfeltet på Gjelsteinstranda og nordover mest til bekken Dalgrova. Lokaliteten strekkjer seg frå vegen og opp til kraftlina, med innslag av svartor også lenger opp.

*Vegetasjon:* Skogen er å rekna som for det meste sumpskog, og består forutan svartor, av bjørk, furu, hegg, rogn og selje, med ein undervegetasjon av dels beitepåverka fukteng, frisk fattigeng og fattigmyr, dels blåbærvegetasjon på tørrare parti.

*Kulturpåverknad:* Området er inngjerda til beite (i 2002 beita av hest).

*Artsfunn:* Svartor er mest interessant. Svartorsumpskogar på våre kantar er ofte relativt fattige på kravfulle artar. Av fuktartar kan nemnast grønstorr, klokkeløng, kornstorr, kystmyrklegg, myrmaure og øyrevier, og liknande økologi har soppartane myrskrubb, hulriske og fiolett svovelriske.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større sumpskogsområde med ein av dei største svartorførekomstane i kommunen.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep og treslagskifte.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009 (berre observert i forbifarten), og skal ha naturtypekode F06. Det kan reisast tvil om verdisettinga, kan hende er C (lokalt viktig) rettare, då lokaliteten ikkje er representativ for varmekjær sumpskog. Den er sterkt utarma av m.a. beite.

### **BN00010936: Ellingsætersetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10006  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 874 426  
Høgde over havet: 190 m  
Hovudnaturtype: Kulturlandskap  
Naturtype: Naturbeitemark  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing  
Undersøkt/kjelder: 25.09.1999, GGa, 06.07. og 04.09.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Seterområdet er rundt 10 dekar stort og ligg knapt 200 m over havet i ei slakk halling i Nakkedalen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er mager lynghei og moserik frisk fattigeng (G4), sølvbunkeeng (G3) og fuktig fattigeng (G1). Noko attgroing med einer og lyng (røsslyng, blåbær, blokkebær, tytebær).

*Kulturpåverknad:* Vollen vart beita av sau og storfe. Beitetrykket var brukbart.

*Artsfunn:* Floraen var relativt artsfattig, 41 planteartar, blant desse aurikkelsvæve, blåklokke, heibläfjør, hårsvæve, kornstorr, kystmaure og kystmyrklegg. Det er totalt funne 12 beitemarkssopp, av desse ein raudlistear: den hensynskrevande arten musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av førekomst av ein raudlistear i kategori hensynskrevande.

*Skjøtsel og omsyn:* Det største trugsålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Det er ønskjeleg at lokaliteten blir beita også i framtida.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart besøkt 19.05.2009 av Dag Holtan og Alexander Connor. Den er no så attgrodd at det er spørsmål om det er rett at den er med i Naturbase. I alle fall justerast verdien frå B (viktig) til C (lokalt viktig).

### **BN00010914: Stormyra (intakt låglandsmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10007  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 89, 42-43  
Høgde over havet: 60 m  
Hovudnaturtype: Myr  
Naturtype: Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep  
Undersøkt/kjelder: 24.08.1980 AM (Moen 1984), 04.09.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Avgrensa areal er ca. 400 daa, og avgrensinga er gjort etter Moen (1984), som er nokså grov (overført frå 1:50000 til 1:10000). Området ved Svartelva er myrdominert, og fastmarksryggar splittar opp myrene. Planmyr dominerer. Tre

elementsamlingar er klassifisert som høgmyr (nokre erosjonsfurer). Flatmyr er vanleg, og dessutan finst svakt hellande tuvebakkemyrer i kantane. Ofte overgangstypar mellom myr og fuktskog.

*Vegetasjon:* Ombrotrof og fattig myrvegetasjon, dels med spreidd furu (også furugadd). Tuver dominerer, og i botnen er heigråmose (*Racomitrium lanuginosum*) vanlegast, medan kysttorvmose (*Sphagnum imbricatum*)(dominerande i nokre parti) og rusttorvmose (*S. fuscum*) er vanlege. Rome er vanleg også lågt i tuvane, medan kvitmyråk dominerer mjukmattehøljær. Fattigmyrene har store areal med pors/blåtopp-samfunn i kantane.

*Kulturpåverknad:* Myra i nord (planmyr) er øydelagt av torvstikking. Sør for fastmarksryggen er det ikkje observert tekniske inngrep.

*Artsfunn:* Det er notert dvergbjørk, klokkelýng, dysiv, kvitmyråk, matteflette (*Hypnum cupressiforme*), bjørnetorvmose (*Sphagnum lindbergii*) og fløyelstorvmose (*S. molle*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er mindre areal intakt høgmyr på staden (truleg <50 dekar).

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart berre avstandsbetrakta i 2009. Den skal ha naturtypekode A08, og ut frå Jordal (2003) si skildring justerast verdien til C (lokalt viktig).

## **BN00010956: Frostadsetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10012

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 885-887, 903-906

Høgde over havet: 230-270 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 06.07.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Setervoll med fleire hytter, i attgroing.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, dels av jordnøtt-type (G4b), fukteng/fattig myr (K3/K4).

*Kulturpåverknad:* Setergrend med fleire nyare hytter.

*Artsfunn:* 53 registrerte planteartar, bl. a. aurikkelsvæve, hanekam, harerug, kjertelaugnetrøst, kornstorr, kystmaure, smalkjempe, småengkall og mykje jordnøtt. Magnus Frostad har samla raudlistearten kvitkurle her i 1926 (kjelde: Botanisk museum, Oslo), og den kan nok finnast framleis (fanst på Jostølen i 2001).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei middels velutvikla og intakt naturbeitemark i svak attgroing med innslag av ein regionalt uvanleg og akutt truga vegetasjonstype (jordnøtteng med kystmaure) (Fremstad & Moen 2001).

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av beitinga.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt 06.07.2009 av Dag Holtan, og er vesentleg meir attgrodd enn i 2001. Her har i tillegg vore bygd ut, med fleire hytter. Verdien bør derfor justerast til C (lokalt viktig).



**Figur 21.** Nye inngrep ved Frostadsetra. Foto: Dag Holtan.

### **BN00010937: Jostølen (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10015

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 902 373

Høgde over havet: 210 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: A (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 27.07.1995, Birgit A. Seljeflot, 11.07. og 03.09.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Jostølen ligg mellom nordenden av Svartløkvatnet og vegen til Frostadsetra. Lokaliteten er dels open, men har dels karakter av halvopen bjørkeskog.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng av jordnøtt-type (G4b), litt sølvbunkeeng, litt blåbærskog (A4) og fattigmyr (K3/K4).

*Kulturpåverknad:* Gammel setervoll i svak attgroing, svak streifbeiting av sau. Fleire nyare hytter. Litt vedhogst.

*Artsfunn:* Viktigast her er førekomstane kvitkurle (6 blomstrande) og solblom. Solblom vaks mest over eit område på ca. 50 x 50 meter ved eit par hytter, der det vart telt ca. 300 blomstrande rosettar. Førekomsten vart først kjent gjennom belegg av solblom samla av Birgit A. Seljeflot i ei objektsamling ved Tingvoll vidaregåande skole. Solblomførekomsten er ein av dei største i distriktet. Oppe ved vegen vart det funne nokre solblomrosettar som ikkje blomstra. Det vart notert 55 planteartar (17 naturengplanter), her kan nemnast aurikkelsvæve, blåklokke, blåkoll, grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, store mengder jordnøtt, kjertelaugnetrøst, kornstorr, kystmaure og smalkjempe. Ved haustbesøket



vart det funne tre vanlege beitemarkssopp, men ein reknar med at det er potensiale for fleire slike artar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (viktig) på grunn av at det er ei artsrik, delvis intakt naturbeitemark med stor bestand av solblom og førekomst av kvitkurle, begge raudlista planteartar. I tillegg er jordnøtteng med kystmaure ein akutt truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

*Skjøtsel og omsyn:* Attgroinga bør motverkast ved beiting, alternativt kan det tenkjast at ein eller anna hytteigar kan få forvaltningsansvaret for solblomlokaliteten. Vedhogst i området er positivt ved å gjera landskapet opnare. Ein bør da unngå å dekkja solblomområda med kvisthaugar.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt 06.07.2009 av Dag Holtan. Attgroinga har no kome langt, og det er lite att som minner om ei naturbeitemark i aktiv drift. Kvitkurle (raudlista VU) vart ikkje funnen att, medan førekomsten av solblom (VU) er om lag intakt, og ut frå dette skal lokaliteten ha verdi B (viktig).



**Figur 22.** Solblomen ved Jostølen er mogleg på veg attende. Foto: Dag Holtan.

### **BN00010979: Bygdesetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10017

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 910 370

Høgde over havet: 230 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 03.09.2001, JBJ

### **Områdeskildring**



*Generelt:* Bygdesetra ligg ved nordaustenden av Svartløkvatnet (Tomrevatnet) på Tomrefjellet, og er eit større stølsområde som etter kvart har vorte teke meir i bruk til hyttebygging. Stølen er hovudsakeleg omgjeven av bjørkeskog.

*Vegetasjon:* Dels sølvbunkeeng (G3), dels frisk fattigeng, dels med jordnøtt (G4b), noko fattigmyr (K3) og overgangar mot blåbærbjørkeskog (A4).

*Kulturpåverknad:* Det er bygd ein del hytter i området. Noko planta gran og sitkagran. Beiting av storfe og sau, moderat beitetrykk.

*Artsfunn:* Det vart notert 52 planteartar, her kan nemnast blåklokke, hanekam, jordnøtt, heisiv, knegras, kornstorr og kystmaure i mengder. Det vart vidare funne eit par vanlege beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark som er typisk for regionen, utan særleg interessante funn, men med den akutt truga vegetasjonstypen jordnøtteng med kystmaure (Fremstad & Moen 2001).

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

### **BN00010923: ved Elvestad (intakt låglandsmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10020

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 957-963, 448-453

Høgde over havet: 40-50 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Intakt låglandsmyr, viltlokalitet

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 04.10.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Myrområde som ligg nord for riksvegen og nord og aust for Elvestad nord for Flateelva. Lokaliteten grensar i sør mot riksvegen, i vest, nord og aust mot dyrka mark.

*Vegetasjon:* Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Deler kan klassifiserast som skogmyr. Kvitmyråk er vanleg i høljjer. Fattigmyrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn. Myra har spreidd med småfuru og småbjørk.

*Kulturpåverknad:* Det er m.a. tatt torv.

*Artsfunn:* Det er ikkje funne spesielt interessante artar. Det er m. a. notert kvitmyråk. Myrene har potensiale for interessante augestikkarar og einskilde fugleartar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at denne lokaliteten ikkje fyller vilkåra til B (viktig) hos DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Denne lokaliteten inneheld restar av intakt myr i eit tidlegare stort myrareal mellom Vestnes og Tomrefjorden. Lokaliteten kan tena som eksempel på den opprinnelege naturtypen i området.

***Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:*** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien er rett ut frå Jordal si skildring.

### **BN00010941: Øveråslia (intakt låglandsmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10021

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 959-965, 455-461

Høgde over havet: 60-75 m  
Hovudnaturtype: Myr  
Naturtype: Intakt låglandsmyr, viltlokalitet  
Prioritet: C (lokalt viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep  
Undersøkt/kjelder: 30.08.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Myrområde som ligg nedanfor Øverås-vegen vest for Lia. Lokaliteten grensar i nord mot vegen, i vest mot gardsveg, i sør mot kanal og plantefelt, i aust mot dyrka mark ved Lia.

*Vegetasjon:* Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Kvitmyråk er vanlege i høljer. Fattigmyrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn i kantane. Myra har spreidd med småfuru og småbjørk.

*Kulturpåverknad:* Myrene lenger vest og sør er grøfta. Det er tatt torv.

*Artsfunn:* Det er ikkje funne spesielt interessante artar. Det er m. a. notert kvitmyråk. Myrene har potensiale for interessante augestikkarar og einskilde fugleartar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at denne lokaliteten ikkje fyller vilkåra til B (viktig) hos DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Denne lokaliteten inneheld restar av intakt myr i eit tidlegare stort myrareal mellom Vestnes og Tomrefjorden. Lokaliteten kan tena som eksempel på den opprinnelege naturtypen i området.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien er rett ut frå Jordal si skildring.

### **BN00010924: ved Øvrebø (intakt låglandsmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10022  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 935-949, 473-460  
Høgde over havet: ca. 70 m  
Hovudnaturtype: Myr  
Naturtype: Intakt låglandsmyr  
Prioritet: C (lokalt viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep  
Undersøkt/kjelder: 24.07.1997 (JBJ) (Jordal 1998)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Det undersøkte området ligg på nedsida av Øveråsvegen i ei slakk helling nord for Øvrebø.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen består stort sett av nedbørsmyr med spreidd furu (ombrotrof skogmyr) i mosaikk med fattig skogmyr. Vegetasjonen består av mykje pors, røsslyng og torvull, dels med innslag av rome, duskull, bjønnskjegg og stjernestorr.

*Kulturpåverknad:* Myrene i området er stadvis grøfta og markbereidd, i det avgrensa området har det vore mindre påverknad.

*Artsfunn:* Ingen spesielle artar vart funne.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten ikkje tilfredsstiller kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Sjølv om området er artfattig, er dette likevel naturtypar som det etter kvart blir mindre av i låglandet i ytre strok. Utbygging, grøfting og

skogplanting har redusert arealet mykje. Deler av det som til no ikkje er grøfta, markbereidd eller planta bør derfor kunne liggja urørt som typeområde.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien er rett ut frå Jordal si skildring.

### **BN00010960 Øveråstjønnene (intakt låglandsmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10023

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 963-966, 468-472

Høgde over havet: 60-75 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Intakt låglandsmyr, viltlokalitet

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 30.08.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Myrområde aust for søppelplassen, der hovuddelen er for det meste nedbørsmyr og fattigmyr med spreidd furu. Lokaliteten grensar i nord, aust og sør mot furuskog, i vest mot søppelplass. Over myra flyt ein meandrerande bekk i stille løp.

*Vegetasjon:* Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Elles finst fleire bekkar og små, tjønnliknande utvidingar av desse med flaskestorr og elvesnelle. Myrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn.

*Kulturpåverknad:* Eit par bekkar som renn inn på myra frå sør er kanaliserte. I vest er myra grøfta og utbygd til søppelplass.

*Artsfunn:* Det er ikkje notert spesielt interessante planteartar. Ein går ut fra at myrene tener som hekke- og matleitingsområde for våtmarksfugl.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at denne lokaliteten ikkje fyller vilkåra til B (viktig) hos DN (1999a). Lokaliteten har truleg viltfunksjon, og ligg i eit større relativt intakt område med kystfuruskog.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør la restane av dette myrområdet liggja utan fleire inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien er rett ut frå Jordal si skildring.

### **BN00010942: Leirvågen (strandeng)**

Lokalitetsnummer: 1535-10024

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 969 485

Høgde over havet: 0-1 m

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype: Strandeng og strandsump

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 22.07.1997, JBJ (Jordal 1998), 30.08.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Leirvågen ligg lengst nord i kommunen og vender mot nordaust. Inst i vågen finst dyrka mark, strandenger og sumpvegetasjon.

*Vegetasjon:* I strandenga vaks forutan mykje saltsiv også fjøresaulauk og rustsivaks. Lenger bak var eit frodig, dels tangpåverka engsamfunn med kvitbladtistel, mjødukt, sølvbunke, grasstjerneblom, sløkje, knappsiv, hanekam, raudsvingel, myrmaure og fuglevikke. I skogkanten bak strandengene står nokre svartorer (dårleg utvikla svartorstrandskog).

*Kulturpåverknad:* Tidlegare beita, no skjer beitinga helst på dyrka mark (sau).

*Artsfunn:* Inst i vågen ligg strandenger med m.a. fjøresivaks, strandkjempe, saltsiv, fjøresaulauk, strandkryp, strandstjerne, strandkjeks, rustsivaks, krypkvein, myrsaulauk, pølstorr og havstorr. Dei to siste strandengartane er truleg uvanlege i Vestnes. På grunt vatn i vågen veks ålegras.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje fyller vilkåra til kategori B (viktig) hos DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Strandengene inst i vågen bør få liggja utan inngrep, og evt. sti og klopp over bekken bør trekkjast godt inn frå stranda. Eventuelt vår- og haustbeite av sau er positivt.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode G05. Verdien er rett ut frå Jordal si skildring.

## 25 Leirvåg fjellet: Lauga (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer: 1535-10025

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 962 477

Høgde over havet: 90 m

Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark, myr

Naturtype: Andre viktige førekomstar, viltlokalitet

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 30.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lauga og myrområda rundt er eit våtmarksområde i åstraktene sør for Leirvågen, som har ein viltfunksjon, i tillegg til at her finst ein del planter og andre artar (m.a. augestikkarar) knytt til myr og ferskvatn.

*Vegetasjon:* I sjølve vatnet er det litt høgstorrsump med flaskestorr og trådstorr. Rundt ligg myrområde med flatmyrer og parti med ombrotrofe tuer. Elles finst det innslag av lite påverka kystfurusskog med dels røsslyng, dels blåbær som dominerande i vegetasjonen.

*Kulturpåverknad:* Ein skogsveg går forbi vatnet på nordsida.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast at det vart observert bukkeblad, trådstorr og flaskestorr, og i myrområda brunmyråk, kvitmyråk, sivblom og tranebær. Det vart observert nokre stökkender på matleiting. Sumpområda har potensiale for både vadefugl og ender. Det er påvist raudlista viltartar i området.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig). Dette er ikkje er ein naturtype i DN (1999a), men lokaliteten har viktig viltfunksjon og førekomst av einskilde interessante planter som brunmyråk. Det er ikkje mange låglandsvatn i Vestnes.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep og forstyring i hekketida.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien er rett ut frå Jordal si skildring. Den bør leggest inn i Naturbase. Brunmyrak er raudlista (NT), og er svært sjeldsynt sør for Romsdalsfjorden.

## **BN00010952: Barlindnakken (kystfuruskog m. barlind)**

Lokalitetsnummer: 1535-10026 (Naturbasen: 1535-06826)

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 983 476

Høgde over havet: 160-200 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Kystfuruskog (m. barlind)

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: treslagskifte, fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 08.07.1991 (Lindmo m. fl. 1991), 28.08.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Barlindnakken ligg i eit større furuskogsområde som ikkje er tilstrekkeleg undersøkt. Sørskråningane av Barlindnakken har både gammal furuskog og ein av dei få barlindlokalitetane i Vestnes, og dermed ein av dei nordlegaste i Noreg. Barlindforekomsten ligg nedst i søraust-skråninga av Leirvåg fjellet (212 moh.). Lokaliteten ligg i overgangen til ein vid dal dekt av myr og eit lita tønn, Barlindtjønna, i starten av bekken til Øveråsloken, ca. 300 m N for Langevatnet, ca. 175 moh. Lokaliteten ligg særst lunt til med god innstråling og le mot nordavind. Forekomsten består av eit stort hotre, ca. 6,5 m høgt og med stammeomkrets på 120 cm. Sjølv toppe er broten av, men fleire sidegreiner veks opprett. Treet er i god forfatning og har blomstra rikeleg. Det finst og eit par små individ (kjelde: Skafti Helgasón). Den omgjevande skogen består av furu med innslag av bjørk, gråor, rogn, småosp og einer, og har eit ganske urørt preg.

*Vegetasjon:* Lokaliteten består stort sett av blåbærdominert furuskog, med innslag av einstape, bjønnekam, smyle og skogstjerne.

*Kulturpåverknad:* Liten. Ein skogsveg går fram til Barlindtjønna. Det er grøfta og planta på sørsida, men ikkje i lokaliteten på nordsida av tjønna.

*Artsfunn:* Barlinda (posisjon 39826, 694757) er ei hotre med ”bær”, og består av ein stamme med diameter 30-35 cm. Treet er ca. 6 meter høgt 6 meter breitt, og har ingen observerte beiteskader av hjort. Det vart ikkje observert forynging, men andre meiner å ha sett forynging (kjelde: Skafti Helgason). Av epifyttar vart det berre observert mosar på stammen, mest på nordsida. På nordsida av Barlindtjønna vart det funne fleire furulæger, og på eit av desse vart den raudlista rotevedmosen roteflak (*Calypogeia suecica*) funnen.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at skogen har eit naturskogpreg med innslag av læger og raudlista rotevedartar, og førekomst av barlind nær nordgrensa i Noreg. Lokaliteten er ein del av ein større, samanhengande og relativt lite påverka kystfuruskog.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå hogst, fysiske inngrep og skade på barlinda. Ein bør ikkje bryta bar eller kvist. Det kan vera grunn til å vurdera om lystilgangen for barlinda er god nok på lengre sikt. Området rundt bør ha ei differensiert skogforvaltning på landskapsnivå, der skogen i dei mest urørte områda ikkje bør hoggast, og der ein ikkje bør laga vesentleg fleire skogsvegar.

*Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:* Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode F08 (gammal barskog), utforming F0802 (gammal furuskog). Ut frå Jordal si skildring passar dette best med gammal barskog, samstundes som det ikkje passar med kystfuruskog etter DN-handboka. Barlind er no raudlista (VU).

## 27 Leirvåg fjellet/Åsfjellet: Barlindtjønnen (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer: 1535-10027

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 982 475

Høgde over havet: 160 m

Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark, myr

Naturtype: Andre viktige førekomstar, viltlokalitet

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 28.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Barlindtjønnen ligg ikkje langt frå Langvatnet nord for Åsbygda, i eit stort furuskogsområde med spreidde myrer og tjønner. Det er ei næringsfattig (dystrof) myrtjønn, og den omgjevande skogen har eit ganske urørt preg.

*Vegetasjon:* I sjølve vatnet er det litt høgstorrump med flaskestorr. Elles er det flytebladsamfunn. Rundt ligg myrområde med dels blaute flatmyrer. Rundt ligg stort sett røsslyng- og blåbærdominert furuskog.

*Kulturpåverknad:* Ein skogsveg passerer i nærleiken av vatnet. Det er grøfta og planta på sørsida. Utløpsbekken synest å ha vore senka.

*Artsfunn:* Av planter i og inntil kan nemnast brunmyråk, dystorr, flaskestorr, flotgras, krypsiv, kvit nøkkerose, kvitmyråk og sivblom.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein naturtype i DN (1999a). Lokaliteten synest likevel å kunne ha funksjon for våtmarksfugl og einskilde uvanlege myrplanter som brunmyråk.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien er rett ut frå Jordal si skildring. Den bør leggest inn i Naturbase. Brunmyråk er raudlista (NT), og er svært sjeldsynt sør for Romsdalsfjorden.

## 28 Leirvåg fjellet/Åsfjellet: Langvatnet (ferskvatn/våtmark)

Lokalitetsnummer: 1535-10028

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 98 47

Høgde over havet: 148 m

Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark, myr

Naturtype: Andre viktige førekomstar, viltlokalitet

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 28.08.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Langvatnet ligg nord for Åsbygda, i eit stort furuskogsområde med spreidde myrer. Det er ei næringsfattig (oligotrof) skogtjønn, og den omgjevande skogen har eit ganske urørt preg.

*Vegetasjon:* I sjølve vatnet er det litt høgstorrump med flaskestorr og elvesnelle. Elles er det flytebladsamfunn. Rundt ligg myrområde med dels blaute flatmyrer. Myrene er fattige og dels intermediære. Det finns og fukthei og overgangstypar mellom myr og fukthei. Rundt ligg røsslyng- og blåbærdominert furuskog.

*Kulturpåverknad:* Ein skogsveg passerer i nærleiken av vatnet.



*Artsfunn:* Av planter i og inntil kan nemnast brunmyråk, bukkeblad, dystorr, elvesnelle, flaskestorr, ubestemt blærerot, kvit nøkkerose, kysttjønnaks, myrkråkefot, nykkesiv, sivblom, skogmarihand og trådstorr. Ved besøket vart det elles observert 4 stokkender og 1 krikband.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein naturtype i DN (1999a). Lokaliteten synest likevel å ha funksjon for våtmarksfugl og einiskilde uvanlege myrplanter som brunmyråk og nykkesiv.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien er rett ut frå Jordal si skildring. Den bør leggest inn i Naturbase. Brunmyrak er raudlista (NT), og er svært sjeldsynt sør for Romsdalsfjorden.

### **BN00010943: Langvassdalen-Fakseåsen (kystfuruskog)**

**Lokalitetsnummer:** 1535-10029 (Naturbasen: 1535-06813)

**Kartblad:** 1220 II Vestnes

**UTM (EUREF 89):** LQ 988 - MQ 011, 468-486

**Høgde over havet:** 0-302 m

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** Kystfuruskog

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** treslagskifte, hogst, fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** Korsmo & Svalastog (1997)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg ut mot Romsdalsfjorden på halvøya mellom Tomrefjorden i vest og Tresfjorden i aust ca 1,5 km nordvest for tettstaden Vestnes. Landskapet består av ein markert ås med utstrekning aust-vest og som inne på toppområdet har en del markerte høgderygger og dalsenkninger med høg myrfrekvens. Lokaliteten er ein typisk kystfuruskog med ein del myrareal. Det er funne furu som er opp til 370 år gammal. Det er svært lite gadd, og furulæger er praktisk tala ikkje funne. Lokaliteten skildra etter Korsmo & Svalastog (1997). Han er ein del av eit større område med relativt lite påverka kystfuruskog som burde ha vore betre undersøkt.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er for det meste svært fattig, dels ombrotrof, med røsslyng-blokkebærfuruskog og gråmosefuruskog. I den nordvendte lia ned mot fjorden, er det noko rikare med blåbærfuruskog og lågurtskog. Langs eit bekkesig i nordskråninga kjem det inn eit rikare element. Nærast bekken veks m. a. særbustorr, enghumleblom og gråor forutan storkransmose og stortujamose. I nordskråninga er det også funne skogfiol og kvitsymre. Eit lite dalsøkk parallelt og sør-søraust for Langvassdalen inneheld ei lita dystroft tønn med flaskestorr, bukkeblad, kantnøkkerose og elvesnelle. For fleire detaljar viser ein til Korsmo & Svalastog (1997).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har eit mindre plantefelt med gran, vidare litt skogsvegar, mest i utkanten.

*Artsfunn:* Det er funne litt breiull i området, elles fleire interessante viltartar.

*Verdsetting:* Korsmo & Svalastog (1997): "Det undersøkte området blir her vurdert som eit svært verneverdi supplementsområde (\*\*(\*)". Området vert i denne rapporten verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ein større, velutvikla kystfuruskog med mange kvalitetar som gamle tre og fleire typiske vegetasjonstypar, men lite læger og ingen raudlisteartar utanom vilt.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå treslagskifte, likeså bør ein la dei eldste skogpartia stå urørte. Lokaliteten er ein del av eit større område med kystfuruskog som burde ha vore betre undersøkt.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode F08 (gammal barskog), utforming F0802 (gammal furuskog). Ut frå Jordal si skildring passar dette best med gammal barskog, samstundes som det ikkje passar med kystfuruskog etter DN-handboka.

### **BN00010958: Djupmyra (intakt høgmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10031 (Naturbasen: 1535-06812)

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 97-98, 45

Høgde over havet: 45 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 25.08.1980 AM (Moen 1984), 07.06.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skildringa er stort sett etter Moen (1984). Myrområde der hovuddelen er eit langstrekt ombrotroft areal med svak kvelving, klassifisert som høgmyr (kvelva nedbørsmyr). Lagg mot fastmark, men utan tydeleg kantskog. Markerte strukturar og noko erosjon. Elles finst flatmyr og svakt hellande tuvebakkemyr. Myra var i 2002 intakt sør for ei linje gjennom punkta 39862, 694551 og 39883,69455, for det meste nedbørsmyr med spreidd furu.

*Vegetasjon:* Ombrotrof vegetasjon dominerer, og tuvevegetasjon utgjer det aller meste. Heigråmose (*Racomitrium lanuginosum*) er vanlegast, men kysttorvmose (*Sphagnum imbricatum*) og rusttorvmose (*S. fuscum*) er også vanlege. Rome og kvitmyråk er vanlege i høljer der lausbotn (erosjon) er vanlegast. Fattigmyrene har trivielle samfunn, m. a. pors/blåtopp-samfunn.

*Kulturpåverknad:* Myrene lenger vest er grøfta. Det er tatt torv i kantane av Djupmyra, og det går ei kraftlinje langs denne myra.

*Artsfunn:* Det er notert dvergbjørk, klokkelyng, tettegras, knappsiv, matteflette (*Hypnum cupressiforme*), bjørnetorvmose (*Sphagnum lindbergii*) og lyngtorvmose (*S. quinquefarium*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) fordi det er usikkert om meir enn 50 dekar kan klassifiserast som høgmyr (kvelva nedbørsmyr). Høgmyr over 50 dekar skal klassifiserast som svært viktig.

*Skjøtsel og omsyn:* Denne lokaliteten inneheld restar av intakt myr i eit tidlegare stort myrareal mellom Vestnes og Tomrefjorden. Dette er det einaste større høgmyrområdet (kvelva nedbørsmyr) som er att, og derfor er det av vesentleg interesse å ta vare på lokaliteten.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode A08 (kystmyr). Verdien bør ut frå Jordal si skildring justerast til C (lokalt viktig).

## **BN00010925: Løken (viktig bekkedrag)**

Lokalitetsnummer: 1535-10032  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 978-983, 451-456  
Høgde over havet: 25-30 m  
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark  
Naturtype: Viktige bekkedrag  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep  
Undersøkt/kjelder: 07.06.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Det undersøkte området er bekken frå Søråsvatnet ned til riksvegen ved avkjøringa til Flate. Bekken renn gjennom eit skogområde med relativt små fysiske inngrep.

*Vegetasjon:* Ved Søråsvatnet er bekken omkransa av opne myrområde. Lenger ned vert bekken omgjeven av skog med innslag av svartor, og elles noko gråor. Deler av bekkedraget kan karakteriserast som sumpskog.

*Kulturpåverknad:* Litt merke etter skogsdrift og traktorkøyring. Relativt få fysiske inngrep.

*Artsfunn:* Av sumpplanter kan nemnast bekkeblom, bekkestjerneblom, bukkeblad, elvesnelle, flotgras, grøftesoleie, mannasøtgras, myrhatt, myrmaure, skogkarse, skogsnelle, skogrøyrvkein, sumpkarse og øyrevier. Bekkedraget synest å ha potensiale for raudlisteararten kongeaugnestikkar, men denne er ikkje observert så langt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) fordi det er eit rolegflytande, relativt urørt kystvassdrag med ein del naturkvalitetar.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep.

*Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:* Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, og skal ha naturtypekode E06. Verdien bør ut frå Jordal si skildring justerast til C (lokalt viktig). Det er òg for få kvalitetar til verdi B.

## **BN00010964: Langstein (gammal lauvskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10018  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 945-948, 409-411  
Høgde over havet: ca. 200-350 m  
Hovudnaturtype: Skog  
Naturtype: Gammal lauvskog  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte  
Undersøkt/kjelder: 29.08.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lia langs austsida av Tomrefjorden er feltvis tilplanta med gran i nedre deler, og meir urørt i øvre deler, stadvis med eldre lauvskog ned til ca. 200 m. Denne lokaliteten ved Langstein må sjåast som eit eksempel på kva som kan finnast flekkvis i heile lia. Av kapasitetsomsyn er berre dette feltet undersøkt. Lokalklimaet i Tomrefjorden er kystnært og fuktig, med godt utvikla lungeneversamfunn i eldre skog. Lokaliteten har godt innslag av læger av hovudsakeleg bjørk, rogn, selje og gråor.

*Vegetasjon:* Dels gråor-heggeskog, dels storbregnebjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Skogsveg i nedkant av lokaliteten, litt innplanta gran.

*Artsfunn:* Særleg interessant er dei godt utvikla lungeneversamfunna, som somme stader går 7-8 meter opp i trea, med lungenever, skrubbenever og sølvnever, den siste er mest kravfull (funne på rogn og selje ved 39458,694094). Lauvtrelæger er for det meste svært mosegrodde, og det vart ikkje funne spesielt kravfulle artar. Av planter er det registrert berre få varmekrevande artar som t.d. myske og skogsvinerot, men høgstauder knytt til gråor-heggeskog er vanlege, t. d. enghumbleblom, geittelg, krattmjølke, krypsolie, skogburkne, skogkarse, trollurt og vendelrot.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein godt utvikla gammel lauvskog med mykje læger og godt utvikla lungeneversamfunn som tyder på eit potensiale for fleire kravfulle artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep og treslagskifte, og det beste for naturverdiane er at det ikkje blir hogd i den eldste og minst kulturpåverka lauvskogen. Mange kravfulle artar knytt til gammal lauvskog er litt varmekrevande og vil ikkje trivast i dei øvre delene av lia.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart berre observert på avstand i 2009, og er intakt. Naturtypekodar skal vere F05 og F07, med utformingane F0501 og F0702.

### **BN00010951: under Strandastolen (berg, edellauvskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10008

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 917-922, 412-420

Høgde over havet: ca. 150-400 m

Hovudnaturtype: Skog, berg, rasmark og kantkratt

Naturtype: Rik edellauvskog, gammal lauvskog, nordvendte kystberg

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: treslagskifte

Undersøkt/kjelder: 30.10.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lia langs austsida av Strandastolen langs vestsida av Tomrefjorden er bratt og dominert av bjørkeskog med innslag av planta gran. Lokaliteten inneheld nokre spreidde almer, ein del læger av lauvtre og nordaustvendte berg med eit fuktig lokalklima. Naturtypen "nordvendte kystberg" er generelt beskrevet av Gaarder m. fl. 2001, og står ikkje i DN-handboka. Lokalklimaet i Tomrefjorden er kystnært og fuktig, med godt utvikla lungeneversamfunn i eldre skog. Lokaliteten har innslag av læger av hovudsakeleg bjørk, rogn og selje.

*Vegetasjon:* Dels bjørkeskog med blåbær eller store bregner i botnen, dels meir høgstaudeprega. Overgangar mot gråor-almeskog med få almer og nokre gråor-heggeskogsartar i skogbotnen. Berg og kløfter med potensiale for fuktikrevande lav- og moseartar.

*Kulturpåverknad:* Litt planta gran nedanfor det avgrensa området.

*Artsfunn:* Som edellauvskog er lokaliteten dårleg utvikla, med få almetre, og innslag av den varmekjære planten myske. Lungeneversamfunna er middels godt utvikla, med lungenever, skrubbenever, glattvrenge, grynvrenge, kystfiltlav og sparsamt med vanleg blåfiltlav. Lauvtrelæger er for det meste sterkt mosegrodde, og det vart ikkje funne spesielt kravfulle artar med unntak av fingersaftmose *Riccardia palmata*. Ved leiting skulle det vera muleg å finna fleire kravfulle rotevedmosar. Av planter er det registrert berre få varmekrevande artar som t.d.

myske og skogsvinerot, men planter som enghumleblom, krattmjølke, skogkarse og vendelrot vart noterte. I berget vart dei oseaniske moseartane dronningmose *Hookeria lucens*, gullhårmose *Breuthelia chrysocoma* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* funne. Elles vart det notert grønstorr og svarttopp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein dårleg utvikla edellauvskog, moderat utvikla gammal lauvskog, og nordvendte kystberg med to signalartar på fuktig miljø. Lokaliteten har truleg eit potensiale for fleire kravfulle artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå treslagskifte høgt i lia, og det beste for naturverdiane er at det ikkje blir hogd i den minst kulturpåverka lauvskogen.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart berre observert på avstand i 2009, og er intakt. Naturtypekodar skal i alle fall vere B04 og F01.

### **BN00010912: Reithamran (hasselskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10002

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 844 479

Høgde over havet: 100-150 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte

Undersøkt/kjelder: 04.09.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er eit mindre, vestvendt parti i skoglia søraust for idrettsbanen på Rekdal, i nordenden av Rekdalsdalen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er ei utforming av D2c, rike kyst-hasselkratt, med innslag av bjørk, gråor, selje og rogn.

*Kulturpåverknad:* Truleg litt vedhogst, grensar til granplantefelt i sør.

*Artsfunn:* Mest interessant var førekomst av kusymre, som her har ein av få kjente veksestader i Vestnes. Elles vart det notert bleikstorr, enghumleblom, hengjeaks, lækjevintergrøn, myske, sanikel, skogfiol, sumphaukeskjegg og tågebær. Lokaliteten har truleg også potensiale for einskilde kravfulle soppartar knytt til hassel.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei ordinær og relativt artsfattig utforming av rike kysthasselkratt, som likevel har lokal verdi. Rike hasselkratt vert rekna som ein sterkt truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå treslagskifte, og innslaget av hassel bør bevarast.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart observert av Dag Holtan og Alexander Connor 18.05.2009. Tilstand og status er som i 2003, og det vert såleis ingen endringar her.

## **BN00010984: ved Skiftingselva (nordvendte kystberg)**

Lokalitetsnummer: 1535-10003

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 862 484

Høgde over havet: ca. 100-180 m

Hovudnaturtype: Berg, rasmark og kantkratt

Naturtype: Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg)

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 30.10.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ein nordvendt bekkedal langs Skiftingselva opp mot Skaret. Klimaet er her fuktig og oseanisk. Lokaliteten er avgrensa på grunn av nordaustvendte berg og steinblokker med spesiell lav- og moseflora. Naturtypen er generelt beskrevet av Gaarder m. fl. 2001, og står ikkje i DN-handboka. I tillegg finst bjørkeskog med læger og potensiale for rotevedmosar.

*Vegetasjon:* Den vestlege (nordaustvendte) sida av bekkedalen har bjørkeskog med innslag av rogn på eit uret og steinrikt underlag kledd med tjukke moseteppar. Berga har ein fuktigkrevande og dels frostfølsam mose- og lavrik vegetasjon forma av kystklimaet og eksposisjonen.

*Kulturpåverknad:* I nedre deler er det ein skogsveg og litt planta gran inntil den avgrensa lokaliteten, elles lite påverknad. Truleg vedhogst for lenge sidan.

*Artsfunn:* I berga vart det funne skrukkelav, kystgrønnever, og rikeleg med koralllav. Av mose vart det ved basis av berga m. a. funne dronningmose *Hookeria lucens*, som er ein noko kravfull art. Området er ikkje tilfredsstillande undersøkt, og har truleg potensiale for fleire krevande artar enn dei som vart funne. På lauvtree (bjørk og rogn) var det ein del lungenever, skrubbenever, glattvrenge, kystfjelllav, kystårenever m.m. som understrekar det fuktige lokalklimaet.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit relativt ordinært artsutval til å vera nordvendte kystberg. Lokaliteten kan likevel ha potensiale for fleire interessante artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå treslagskifte og fysiske inngrep som kan endra lokalklimaet ved berga.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, berre avstandsbetrakta, og skal ha naturtypekode B04.

## **BN00010918: nord for Litlestøyle (barlind)**

Lokalitetsnummer: 1535-10016

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9039 3788

Høgde over havet: 355 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 11.07.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Sør-søraust-vendt skogli nord for Svartløkvatnet på Tomrefjordfjellet, førekomst av barlind.



*Vegetasjon:* Overgangar mellom rike kysthasselkratt og storbregneskog (C1b/D2c) med bjørk, hassel, osp og rogn.

*Kulturpåverknad:* Eit granplantefelt ca. 50 m nedanfor, ellers liten.

*Artsfunn:* Barlindforekomst med tre røter. Øvst to røter med 3 meter imellom, den eine med 9 stammar på 5-15 cm stammediameter. Den andre med 6 stammar på 5-20 cm. Den tredje ligg ca. 10 meter nedanfor dei andre med 3 levande og 1 daud stamme, den største ca. 30 cm, dei to andre ca. 12 og 17 cm i stammediameter. Av epifyttar vart det notert gullroselav, lungenever, skrubbenever, samt ein sjeldan og lite kjend barlind-tilknytta soppart: *Capnobotrys dingleyae* (bestemt av Alfred Granmo, Universitetet i Tromsø). Av karplanter i skogen vart det notert sanikel, liljekonvall, skogmarihand, tågebær, skogstorkenebb, skogfiol, hengjeaks, firkantperikum, blåknapp og hårsvæve.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten inneheld lågurtskog med ein mindre barlindforekomst og interessante kryptogamar.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep på staden, og mest muleg la barlindane vera i fred utan å samla bar og kvistar.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan 06.07.2009, og er intakt. Den skal ha naturtypekode F01. Verdisetting er rett.

### **BN00010967: Trollbotnmyra (myr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10053 (Naturbasen: 1535-01200)

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 953 364 - 969 380

Høgde over havet: 200-280 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 20.07.1985 O.-A. Bugge & S. Singsaas (Singsaas 1985)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Øvste del av Skorgedalen på austsida av Skorgelva har veksling mellom bjørkeskogstypar og fattige til rike bakkemyrtypar nordover frå Ellingsgardsetra mest til Ellingsgarden. Deler av dette området er avgrensa etter skildring av Singsaas (1985).

*Vegetasjon:* Fattige fastmatter er dominert av bjønnskjegg og rome. Blåtopp, tepperot, kornstorr og loppestorr er vanlege. I botnen dominerer vortetormose (*Sphagnum papillosum*) og raudtormose (*Sphagnum rubellum*). Intermediær fastmattevegetasjon har m. a. augnetrøst-artar, dvergjamne, bjønbrodd, blåknapp, særbustorr, grønstorr, og blanktormose (*Sphagnum subnitens*) i botnskiktet. Rikmyr med rik fastmattevegetasjon i siga.

*Kulturpåverknad:* Riksvegen ligg i vestkant av myra.

*Artsfunn:* Av rikmyrartar kan nemnast sumphaukeskjegg, engmarihand og breiull, vidare myrstjernemose (*Campylium stellatum*) og feittmose (*Aneura pinguis*). Elles vart det notert suboseaniske artar som klokkelyng, rome, kystmyrklegg og heiblåfjør.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er eit område med mindre rikmyrreal (< 50 dekar), og utan raudlisteartar.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan 06.07.2009, og er intakt. Den skal ha naturtypekode A05. Verdisetting er rett. Elles er engmarihand no raudlista (NT).

## **BN00010919: aust for Skitnesetra (rikmyrer)**

Lokalitetsnummer: 1535-10054

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9429-9457, 3600-3635

Høgde over havet: 310-340 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 30.08.2001, 30.08.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Aust for Skitnesetra ligg slakt hallande bakkemyrområde med spreidd bjørkeskog ned mot kraftlinja og nordaustover mest heilt ned til riksvegen. arealet rikmyr er truleg <50 dekar.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er avvekslande fattig, intermediær og rik fastmattemyr, med overgangar mot mjukmattemyr og mot skogmyr (K3/K4/K1, L1/L2/L3, M1/M2/M4).

*Kulturpåverknad:* Ei kraftlinje passerer gjennom området. I vest grenser lokaliteten mot vegen til Skitnesetra og mot kraftlinja i nedkant.

*Artsfunn:* Det vart notert breiull, dvergjamne, fjelltistel, heiblåfjør, heisiv, hundekvein, jåblom, knegras, korallrot, kornstorr, kystmyrklegg, myraugnetrøst, sivblom, skogmarihand og særbustorr. Det er tidlegare registrert engmarihand i dette området, men funnet er dårleg stadfesta. Elles er den sjeldne rikmyrarten brunskjene funnen i "rikmyrdrag i myrene SV for Turisthytta på Ørskogsfjellet" i 1971 av E. Fremstad og A. Skogen. Funnet er dårleg stadfesta, men dersom det er på vestsida av riksvegen, kan det vera innanfor det avgrensa området. Nøkkesiv er funnen i 1958 av Bjarne Mathiesen, også dårleg stadfesta.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større myrområde med mindre flekker med svakt til middels utvikla rikmyr.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan 06.07.2009, og er intakt. Den skal ha naturtypekode A05. Verdisetting er rett. Elles er brunskjene og engmarihand no raudlista (begge NT).

## **BN00010985: ved Småtjønnan (rikmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10055

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9336 3670

Høgde over havet: 390 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 04.09.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ein mindre del av bakkemyrene i hellingane nordaust for Småtjønnan. Kartavgrensinga er omtrentleg, men senteret for rik vegetasjon er peila med 10 m nøyaktigheit.

*Vegetasjon:* Rik og intermediær fastmatte- og mjukmattevegetasjon (L2/L3, M2/M4), omgjeve av bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Kraftline i nærleiken, ellers liten.

*Artsfunn:* Av krevande planteartar kan nemnast kornstorr, bjønnbrodd, jåblom, dvergjamne, svarttopp, fjelltistel, myraugnetrøst, gulstorr og sumphaukeskjegg. Av mosar kan nemnast raudmakkose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*) og myrfiltmose (*Aulacomnium palustre*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr (<50 dekar).

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009. Den skal ha naturtypekode A05. Verdi bør justerast til C (lokalt viktig), då her korkje er påvist sjeldsynte eller mange kravfulle artar.

### **BN00010965: Småtjønnan (ferskvatn/våtmark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10056 (Naturbasen: 1535-01500)

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 928-933, 363-366

Høgde over havet: 376 m

Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark

Naturtype: Andre viktige førekomstar

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: Naturbasen, D. Holtan pers. medd. 04.09.2001, 07.06.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Småtjønna med tilgrensande myrparti er hekkelokalitet for våtmarksfugl. I tillegg er området botanisk interessant.

*Vegetasjon:* Oligotroft ferskvatn med langskotvegetasjon, høgstorrsump m.m., omgjeve av fattig til intermediær fastmatte og mjukmatte-myr.

*Kulturpåverknad:* Kraftline og dyrkingsfelt i nærleiken.

*Artsfunn:* Av planter vart det i sjølve vatnet notert krypsiv, elvesnelle, trådstorr, flaskestorr, bukkeblad, kantnøkkerose og tjønnaks. Ved utløpsosen vart det i lausbotnmyr notert strengstorr i overfløymd strandsone, ein regionalt sjelden og austleg art (posisjon LQ 9335 3629). Vidare vart det notert sivblom, myggblom, dystorr, dvergjamne, myrkråkefot, særbustorr, jåblom og myraugnetrøst. Av fugl vart det 7.6.02 observert stokkand (ei ho), vipe (1 på reir), raudstilk, og elles blåstrupe, sivsporv, heipiplerke, trepiplerke, bokfink, bjørkefink og lauvsongar i området rundt. Tidlegare er det observert krikand, dvergfalk og fjellaugestikkar (kjelde: D. Holtan).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette ikkje er ein prioritert naturtype i DN (1999a) (ikkje skikkeleg rikmyr), men likevel har lokaliteten verdi med regionalt sjeldne planter som strengstorr og myggblom. Intermediær myr er rekna som ein noko truga vegetasjonstype i låglandet (Fremstad & Moen 2001). I tillegg har lokaliteten verdi for våtmarksfugl (sparsame data).

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør ikkje gjera fysiske inngrep i våtmarkene.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009. Den skal ha naturtypekode A08 (kystmyr).

## **BN00010953: austsida av Bjermelandsnakken (edellauvskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10059

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 035 379

Høgde over havet: ca. 100-200 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog, gammel (edel)lauvskog

Prioritet: A (svært viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep, treslagskifte

Undersøkt/kjelder: 04.10.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er eit bratt, austvendt skogområde på austsida av Nakken ved Bjermeland i Tresfjorden. Lokaliteten har både skog, steinur og bratte berg med eit fuktig lokalklima. Almen var opptil 30 cm i diameter og utan hjortegneg.

*Vegetasjon:* Gråor-almeskog, steinur, bergvegg. Forutan alm veks her bjørk, gråor, hassel, osp, rogn og selje.

*Kulturpåverknad:* Litt hogst i nedre deler, lite kulturspor i øvre deler. Lokaliteten er bratt og kvisam å ferdast i.

*Artsfunn:* Av meir kravfulle planteartar kan nemnast alm, brunrot, firblad, hassel, hundekveke, kranskonvall, lundrapp, myske, myskegras, ormetelg, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, storklokke og trollbær. På roten lauvved vart den raudlista mosearten roteflak (*Calypogeia suecica*) funnen. Det vart funne fleire fuktkevande lav- og moseartar, t.d. sølvnever, fertil lungenever (lungenever er sjeldan fertil), grynvreng, glattvreng og borkragg på lauvtre, skuggehusemose på marka, sølvnever (kravfull), lungenever, skrubbenever og *Chrysotrix chlorina* på berg. Elles vart den mindre vanlege hol trådklubbesopp (*Clavariadelphus junceus*) funnen. Området har også viltfunksjon.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein edellauvskogslokalitet med varmekrevande planter, fuktkevande lavartar, og ein raudlista moseart knytt til roten ved.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå treslagskifte og fysiske inngrep. Det beste for naturverdiane er at dei bratte og artsrike partia får vera relativt urørte.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009. Den skal ha naturtypekode F01, med utformingane F0103 (rikt hasselkratt) og F0106 (gråor-almeskog). Verdi A er alt for høgt i høve til Jordal si skildring, og bør justerast til B.

### **BN00010930: Løviksetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10060  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): MQ 015-017, 361-362  
Høgde over havet: 480 m  
Hovudnaturtype: Kulturlandskap  
Naturtype: Naturbeitemark  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing  
Undersøkt/kjelder: 05.07.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Setergrend som ligg i skogbandet på nordsida av Løvikelva rett vest for Løvika i Tresfjorden.

*Vegetasjon:* Lokaliteten er dominert av frisk fattigeng (G4), med litt sølvbunkeeng (G3) og overgangar mot fattigmyr (K3/K4).

*Kulturpåverknad:* Området har svakt beitetrykk av sau. 2 nyare hytter.

*Artsfunn:* Det vart notert 55 planteartar (13 naturengplanter), her kan nemnast blåklukke, fjelltimotei, harerug, heiblåfjør, kystmaure, loppestorr og smalkjempe. Soppfloraen er ikkje undersøkt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at frisk fattigeng med kystmaure vert rekna som ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

*Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:* Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert frå bil, og er intakt. Den skal ha naturtypekode D04, og verdivurderinga til Jordal behaldast.

### **BN00010976: Eidhammarsetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10061  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): MQ 018 353  
Høgde over havet: 420 m  
Hovudnaturtype: Kulturlandskap  
Naturtype: Naturbeitemark  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing  
Undersøkt/kjelder: 29.08.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Seterområde oppå ein fjellkam nordvest for Tresfjord sentrum og rett vest for Eidhammar.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med kystmaure, overgangar mot fattigmyr/fukteng, attgroing med einer i deler av lokaliteten.

*Kulturpåverknad:* Mange hytter og stølshus, fleire nye hytter. Litt beiting av storfe og sau. Planta sitkagran i utkanten av vollen.

*Artsfunn:* Det vart notert 57 planteartar (13 naturengplanter), her kan nemnast blåklukke, fjelltimotei, harerug, kjertelaugnetrøst, knegras, kornstorr og kystmaure. Av beitemarkssopp vart det berre funne eit par vanlege vokssoppartar og ein potensielt sjeldan raudskivesopp (*Entolom cf. melanochrom*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen, og med eit relativt ordinært artsutval. Frisk fattigeng

med kystmaure vert rekna som ein truga vegetasjonstype (Fremstad & Moen 2001).

*Skjøtsel og omsyn:* Beitinga bør halda fram. Ein kan vurdera å rydda oppslag av einer og bjørk.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert frå kikkert. Den er intakt, men i sterk attgroing. Den skal ha naturtypekode D04, og verdien bør justerast til C (lokalt viktig).

### **BN00010931: Løvika: Kriken (slåtteeing)**

Lokalitetsnummer: 1535-10062

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 033 361

Høgde over havet: 30-80m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Slåtteeing/naturbeitemark

Prioritet: A (svært viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 22.07.1997 (PB & JBJ), 19.09.1997 (JBJ), 26.09.1997 (GGa & JBJ) (Jordal 1998)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er eit nedlagt gardsbruk utan busetnad.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen på gammal eng varierer ein god del, men det er overalt moserikt, særleg i kantane. Frisk fattigeng (G4) med kystmaure sominerer i kantane nedanfor husa. Nedanfor husa er det elles ein god del marikåpe på det området som tidlegare var potetåker. Låg gjødslingsintensitet gjer at naturengplanter finst i betydelege mengder over det meste av garden, men mest i kantane.

*Kulturpåverknad:* Jorda blir halden i hevd med slått og beiting av sau. Graset vart kassert i 1997. I 2000-2001 vart området beita med hest. Mykje av jorda er fulldyrka eller overflatedyrka, og eit område nedanfor husa har vore potetåker til etter krigen. Nedanfor husa er det ikkje gjødsla på 10-15 år. Husa vart fråflytta for 15-20 år tilbake, og jorda er beita med kyr til ca. 1994 (Bjarne Løvik pers. medd.). Markene var slått eller beita ved alle besøk.

*Artsfunn:* Påfallande er dei store mengdene av kystmaure over store deler av arealet. Det vart funne heile 20 naturengplanter. Mellom desse var aurikkelsvæve, blåklokke, grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, kvitmaure og smalkjempe. Mest artsrike er dei moserike kantområda nedanfor husa ned mot riksvegen. Her vart det gjort ei rekkje funn av beitemarkssopp, mellom anna fiolett greinkølesopp (*Clavaria zollinger*), limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) i store mengder (truleg den største førekomsten i fylket) og raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*), som alle står som sårbar på den norske raudlista. Vidare fanst dei hensynskrevande artane gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*), kvit kragesopp (*Stropharia albonitens*) og *Entoloma caesiocinctum*. I alt 20 beitemarkssopp vart funne ved dei to haustbesøka, og både artstalet og artsutvalet gjer dette til ein av dei mest spesielle og verdifulle attverande lokalitetane når det gjeld tradisjonelt kulturlandskap i Vestnes.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er lite gjødselpåverka slåtteeing/naturbeitemark med stort artsmangfald, og fleire raudlisteartar, dels i kategori sårbar.

*Skjøtsel og omsyn:* Største trugsmålet her er opphøyr av drifta, eller omlegging av drifta til kraftig gjødsling. Det mest verdfulle området ligg nedanfor husa, og



særleg engkantane langs vegen opp og i ytterkantane av enga. Derfor vil gjødsling kunne akseptertast ovafor husa. Nedanfor er det ønskjeleg å unngå gjødsling, alternativt å nytta små mengder salpeter (fosforfattig gjødsel), i så fall berre vårgjødsling og ikkje gjødsling ut mot kantane. For å ta vare på artsmangfaldet nedanfor husa er beste drifta å slå ein gong og beita om hausten.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert fleire gonger frå bil. Den er intakt, og beitast no med islandshestar. Naturtypekode skal såleis vere D04, og Jordal si verdivurdering oppretthaldast.



**Figur 23.** Området i Løvika er no beita av hestar. Foto: Dag Holtan.

### **BN00010947: Varlibakken lok. 1 (rikmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10064

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9930-9933, 2936-2943

Høgde over havet: 290 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 29.08.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Bakkemyr ned mot vegen gjennom Kjersemaldalen nord for Vardhaugen.

*Vegetasjon:* Middelsrik og intermedier fastmatte- og mjukmattevegetasjon (L2/L3, M2/M4), omgjeve av bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Grusveg i nedkant. Litt beita av storfe.

*Artsfunn:* Av krevande planteartar kan nemnast breiull, kornstorr, bjønnbrodd, jåblom, dvergjamne, myraugnetrøst, svartopp, fjellfrøstjerne, fjelltistel, loppestorr, særbustorr, gulsildre, gulstorr og sumphaukeskjegg. Av mosar kan nemnast

raudmakkmose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*), rosetormose (*Sphagnum warnstorffii*) og myrfiltmose (*Aulacomnium palustre*).

*Verdsetting*: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr (<50 dekar).

*Skjøtsel og omsyn*: Ein bør unngå fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010**: Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert fleire gonger frå bil. Den er intakt, og skal ha naturtypekode A05. Verdien bør justerast til C (lokalt viktig), då her ikkje er raudlista artar eller mange kravfulle rikmyrartar. Det er i tillegg større rikmyrar i nærleiken som er betre utvikla og meir representative for naturtypen.

## **BN00010970: Varlibakken lok. 2 (rikmyr)**

Lokalitetsnummer: 1535-10065

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9939-9949, 2940-2953

Høgde over havet: 290 m

Hovudnaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 29.08.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt*: Bakkemyr på 10-15 dekar ned mot skogsveg (gamleveg) som tek av frå vegen gjennom Kjersemaldalen nord for Vardhaugen (Varlibakkan).

*Vegetasjon*: Middelsrik og intermediær fastmatte- og mjukmattevegetasjon (L2/L3, M2/M4), omgjeve av bjørkeskog.

*Kulturpåverknad*: Skogsveg i nedkant.

*Artsfunn*: Av krevande planteartar kan nemnast breiull, kornstorr, bjønnbrodd, jåblom, dvergjamne, myraugnetrøst, svartopp, fjellfrøstjerne, fjelltistel, loppestorr, særbustorr, gulsildre, gulstorr, klubbestorr og sumphaukeskjegg. Av mosar kan nemnast raudmakkmose (*Scorpidium revolvens*), feittmose (*Aneura pinguis*), myrstjernemose (*Campylium stellatum*), rosetormose (*Sphagnum warnstorffii*) og myrfiltmose (*Aulacomnium palustre*). Det vart vidare funne ein sjeldan raudskivesopp: *Entoloma cyanulum*. Dette var 2. funn i fylket.

*Verdsetting*: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr (<50 dekar). Klubbestorr er ein regionalt uvanleg art.

*Skjøtsel og omsyn*: Ein bør unngå fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010**: Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert fleire gonger frå bil. Den er intakt, og skal ha naturtypekode A05. Verdien bør justerast til C (lokalt viktig), då her ikkje er raudlista artar eller mange kravfulle rikmyrartar. Det er i tillegg større rikmyrar i nærleiken som er betre utvikla og meir representative for naturtypen.

## **BN00010932: Smålihamrane (rik edellauvskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10066

Kartblad: 1219 I Stranda, 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 01 31

Høgde over havet: ca. 180-400 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: treslagskifte

Undersøkt/kjelder: 24.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Kjersemdalen går vest/sørvestover mot Vaksvikfjellet. Liene på nordsida av elva i nedre del av dalen vender mot sør/søraust og har eit nokså varmt lokalklima. Området frå elva opp til Smålihamrane vart undersøkt.

*Vegetasjon:* I høgdeområdet 250-450 m o.h. førekjem noko alm spreidd innimellom anna lauvskog. Almen fanst heilt oppunder og på sidene av nokre bratte berg oppe i lisida (hamrane under Knutbensnakken og Smålihamrane lenger mot sørvest), men litt lenger framme i dalen også ein stad heilt ned mot elva (MQ 007 306, ned mot elva ved skogsveg, ikkje avgrensa). Det var innslag av gråor-heggeskog av høgstaudetype på fuktige stader i nedre del av lia, med artar som bringebær, kvitbladtistel, mjørdurt, skogrøyrkvein, skogstjerneblom, strandrøyr, sølvbunke og trollurt. Lenger oppe i lia var det lauvtdominert lågurtskog og litt blåbærskog med bjørk, hassel, hegg, osp og rogn forutan alm.

*Kulturpåverknad:* I nedre deler av lia (nedanfor det avgrensa området) fanst gran og lerk planta.

*Artsfunn:* Floraen omfatta nokre svakt varmekrevande artar som firblad, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, lundrapp, myske og skogsvinerot. Orkidéen grov nattfiol vart funnen fleire stader. Beiting av hjort på almebusker vart observert.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er dårleg utvikla gråor-heggeskog med spreidd alm, som ikkje tilfredsstiller kriteria til B (viktig) i metoden nemnt fremst i rapporten.

*Skjøtsel og omsyn:* I regional samanheng er ikkje slike almeforekomster som dette noko særsyn, men i Vestnes har ein funne alm berre få stader i tillegg til denne. Alm er i vårt fylke dels truga av hogst og treslagskifte, men den store hjortestammen er mange stader det største problemet. Mange stader i midtre og ytre strok er gjenveksten lik null p.g.a. beiting på småtre og ringbarking av store tre. Det er truleg ubetydelege skogbruksinteresser knytt til forekomstane i brattene oppe mot berga. For å gje almen ein sjanse bør den også få stå i fred ned mot elva.

*Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:* Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert fleire gonger frå bil. Den er intakt, og skal ha naturtypekode F05. Verdisettinga til Jordal beholdast.

## **BN00010954: Kjersemsetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10067

Kartblad: 1219 I Stranda

UTM (EUREF 89): LQ 989 279

Høgde over havet: 380-400 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 24.07.1997 (ÅS & JBJ) (Jordal 1998), 29.08.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ei setergrend i ei slakk dalside opp mot Vaksvikfjellet.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dels mager naturbeitemark (frisk fattigeng, G4) med mykje gulaks, engkvein, tepperot og kvitkløver, litt blåbærlyng og noko einer. Det finst og innslag av fuktig fattigeng med finnskjegg (G1) og sølvbunkeeng (G3). Vidare finst ein god del fuktig fattigeng med m. a. bekkestjerneblom, duskull, blåtopp, flekkmarihand, grønstorr, hundekvein, kornstorr, myrtistel, slåttestorr, soleihov, stjernesildre, tettegras og trådsiv.

*Kulturpåverknad:* Beitetrykket var brukbart i 1997, det vart funne møkk etter ungdyr og sau. To hestar gjekk på eit inngjerda område nedst. I 2001 vart det observert spor etter storfe og sau.

*Artsfunn:* Floraen var middels artsfattig med 12 naturengplanter, t. d. aurikkelsvæve, harerug, sumpmaure og prestekrage. Av kystplanter kan nemnast heisiv, som her nærmar seg innergrensa si (Fægri 1960). Sju artar av såkalla seterplanter (Jordal & Gaarder 1995) (t. d. fjellaugnetrøst, fjellkvein, fjelltimotei og seterarve) viser at det her er noko meir fjellpreg enn på dei andre setervollane som er omtala i denne rapporten. Det vart vidare funne eit par vanlege beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei relativt ordinær naturbeitemark for distriktet, som ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Det største trugsmålet mot lokalitetar som denne er opphøyr av beitebruken. Ingen store biologiske verdiar vart avdekt, men naturtypen er generelt i attgroing i fylket. Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert fleire gonger frå bil. Den er intakt, men her er ein del anleggsværksemd (utbygging) og skal ha naturtypekode D04. Verdisettinga til Jordal beholdast.

## **BN00010948: Elvemøtet Dalelva/Dalselva (gråor-heggeskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10069

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): MQ 042 321

Høgde over havet: 20 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Gråor-heggeskog

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 19.09.1997 (JBJ), 13.11.1997 (GGa) (Jordal 1998),  
28.08.2002, Tore C. Michaelsen & JBJ (flaggermustur)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Området i og nedanfor samløpet og nærområda oppetter Dalelva vart undersøkt. Det mest interessante området ligg nordvest for elvemøtet. Det er her framleis flompåverknad, ein del grov gråor, mykje daud ved, frodig undervegetasjon av høgstaudetype og truleg eit godt miljø for soppar knytt til gråor.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog med ein del typiske høgstauder og fuktkevande artar.

*Kulturpåverknad:* Forbygginga langs Dalelva er eksempel på at gråor-heggeskog ofte er utsett for elveforbygging. Slike gråor-heggeskogar er på sikt avhengig av flomaktivitetane til hovudvassdraget og vil endra artssamansetting og dels skogtype når sambandet med elva blir brote. Sambandet er no intakt berre i mindre område langs Dalselva, der det også finst ein del utoverhengande skog som truleg betyr ein del for næringstilgangen til fisken i elva. Noko avfall.

*Artsfunn:* Floristisk var det stort sett vanlege artar, som kvitbladtistel, krattmjølke, kvitsymre, liljekonvall, mjødur, raud jonsokblom, skogsnelle, skogstjerneblom, skogsvinerot, sløkje, strandrøyr, strutsvegg, turt og vendelrot. I august 2002 vart det langs elva i dette området observert jaktande dvergflaggermus (bestemt med med ultralyddetektor i kombinasjon med sterk lommelykt). Denne arten er ikkje tidlegare observert i Vestnes, og han står og på den norske raudlista (DM – bør overvakast). Også i Tressa ved Ridderkroa/idrettsbanen vart det same kveld observert dvergflaggermus. Ynglekoloniar av denne arten bør derfor finnast i Tresfjorden einkvan stad. Yngle- og overnattingsområde av arten har vekt 3-4 som viltobservasjon.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteriana til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Dei attverande gråor-heggeskogane som er minst påverka av elveforbygging har ein viss (lokal) biologisk verdi. Ein bør derfor unngå fleire inngrep i området.

**Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:** Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert fleire gonger frå bil. Den er i hovudsak intakt, og skal ha naturtypekode F05, utforming F0501. Verdisettinga til Jordal behaldast.

## 4.5 Lokalitetar etter Jordal (2003) som bør slettast frå Naturbase

### **BN00010933: Rypdalssetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10071  
Kartblad: 1219 I Stranda  
UTM (EUREF 89): MQ 042 288  
Høgde over havet: 460 m  
Hovudnaturtype: Kulturlandskap  
Naturtype: Naturbeitemark  
Prioritet: C (lokalt viktig)  
Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing  
Undersøkt/kjelder: avstandsbetrakta m. kikkert 28.08.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Seterområde (kalla Bortigardssetra på økonomisk kart) oppå ein fjellkam vest for Øvstedal i Tresfjorden. Lokaliteten er ikkje oppsøkt, berre avstandsbetrakta med kikkert. Lokaliteten er i attgroing.

*Vegetasjon:* Sølvbunkeeng (G3) dominerer, overgangar mot frisk fattigeng og fattigmyr/fukteng, attgroing med einer og bregner i deler av lokaliteten.

*Kulturpåverknad:* Truleg svak beiting. To seterhus.

*Artsfunn:* Det er ikkje gjort registreringar av artar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei typisk naturbeitemark for regionen, ut frå struktur og avstandsintrykk truleg med eit relativt ordinært artsutval.

*Skjøtsel og omsyn:* Lokaliteten bør beitast. Ein kan vurdere å rydda oppslag av einer.

*Kommentar av Dag Holtan 16.02.2010:* Lokaliteten vart ikkje prioritert i 2009, men observert fleire gonger med kikkert, og vurderast som heilt attgrodd og utan skjøtsel. Den bør derfor slettast frå Naturbase.

### **BN00010975: ved Helland (skogeng)**

Lokalitetsnummer: 1535-10049  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 9618 3804  
Høgde over havet: 215 m  
Hovudnaturtype: Kulturlandskap  
Naturtype: Naturbeitemark  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep  
Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ei lita skogeng < 1 dekar med uviss brukshistorie like nedanfor kraftlina ca. 100 m vest for det fråflytta småbruket Helland øvst i Skorgedalen, med ein mindre bestand av solblom m.m. Det avgrensa området er større enn denne vesle enga (ca. 15-20 x 30 m), som var vanskeleg å finna nøyaktig på økonomisk kart.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).



*Kulturpåverknad:* Enga er sannsynlegvis ei gammal slåtteeing som kan ha vore beita i periodar, men som no gror att.

*Artsfunn:* Det vart telt 24 blomstrande rosettar av solblom, ca. 30 ind. av brudespore, nokre planter av grov nattfiol, vidare kjertelaugnetrøst, blåklokke, blåknapp, harerug, kornstorr, smalkjempe og småengcall.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein intakt førekomst av raudlistearten solblom.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med slått eller beiting for å bevare solblombestandane.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan fleire gongar i mai og juni 2009, og heile området er no sterkt attgrodd, utan spor etter solblom. Den har ikkje lenger store nok kvalitetar til å kallast for ein naturtypelokalitet, og bør derfor fjernast frå Naturbase.

### **BN00010980: Helland (slåtteeing)**

Lokalitetsnummer: 1535-10050

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9612-9615 3797-3800

Høgde over havet: 210 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Slåtteeinger

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Ved det fråflytta småbruket Helland øvst i Skorgedalen er det gamle slåtteeinger (attgroande) med innslag av solblom.

*Vegetasjon:* G4, frisk fattigeng.

*Kulturpåverknad:* Innmark som tidlegare er slått og beita, no er hevden omtrent opphøyr. Det vart observert ei søye med 3 lam, men beitetrykket er ubetydeleg. Det blir drive med litt vedarbeid, og lokaliteten er stadvis påverka av traktorkøyning.

*Artsfunn:* Det vart rekna ca. 30 blomstrande rosettar av solblom. Elles vart det notert aurikkelsvæve, grov nattfiol, harerug og smalkjempe.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein intakt førekomst av raudlistearten solblom.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med slått eller beiting for å bevare solblombestandane.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan fleire gongar i mai og juni 2009, og heile området er no sterkt attgrodd, utan spor etter solblom. Den har ikkje lenger store nok kvalitetar til å kallast for ein naturtypelokalitet, og bør derfor fjernast frå Naturbase.

## **BN00010966: Bakkesetra (naturbeitemark)**

Lokalitetsnummer: 1535-10051

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 957 379

Høgde over havet: 240-320 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Prioritet: B (viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, attgroing

Undersøkt/kjelder: 11.09.1997, JBJ (Jordal 1998), 10.07. og 29.08.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ei større setergrend som no også har mange hytter.

*Vegetasjon:* Attgroande, høgvaksen sølvbunkeeng med mykje strø i botnen (G3). Øvre del av seterområdet har lyngmark med mykje einer, også dette i attgroing. I utkantane av vollen, særleg i nedre deler, er det magrare frisk fattigeng (G4) med spreidd einer, og denne er mest interessant og artsrik.

*Kulturpåverknad:* Det er grave litt rundt somme av hyttene. Vollen er prega av dårleg beitetrykk av sau.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 6 individ av raudlistearten kvitkurle den 10. juli 2001. Det vart funne 64 planteartar, av desse 18 naturengplanter, blant desse små mengder hårsvæve, knegras, smalkjempe, grov nattfiol og heiblåfjør. Mange av naturengplantene har små bestandar og er på veg til å forsvinna. Det vart funne berre ein beitemarkssopp, og einskilde andre grasmarkssopp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark i attgroing, men med nokre interessante artar, særleg den hensynskrevande planten kvitkurle.

*Skjøtsel og omsyn.* Det attverande mangfaldet knytt til kulturmark er i ferd med å bli øydelagt av attgroing med høgt gras og einer. Dersom ikkje beitetrykket blir auka monaleg, vil denne lokaliteten bli gradvis mindre interessant biologisk sett.

***Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:*** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan fleire gongar i mai og juni 2009, og heile området er no sterkt attgrodd, utan spor etter kvitkurle (raudlista VU). Den har ikkje lenger store nok kvalitetar til å kallast for ein naturtypelokalitet, og bør derfor fjernast frå Naturbase.

## **BN00010939: Fremstedal, ved hytte (gml. slåtteeng)**

Lokalitetsnummer: 1535-10052

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 9591 3781

Høgde over havet: 210 m

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Slåtteenger

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: opphøyr av hevd, fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 10.07.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg ovafor riksvegen ved ei hytte sør for det nedlagte småbruket Fremstedal i Skorgedalen, og er eit lite område med tidlegare slåtteeng like nedanfor Bakkesetra.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slåtteeng, no delvis skjøtselsslått rundt hytta, elles attgroing, knapt merkbar beitetrykk av sau.

*Artsfunn:* Mest interessant i dette området er gode forekomstar av grov nattfiol, på denne lokaliteten mellom 20 og 30 planter. Elles vart det notert småengkall, smalkjempe, harerug og heiblåfjør. Truleg kan kvitkurle finnast her (jf. Bakkesetra).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng i svak attgroing, med nokre slåtteengartar av planter.

*Skjøtsel og omsyn:* Det hadde vore ønskjeleg med slått eller beiting for å ta vare på denne kulturmarka.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan fleire gongar i mai og juni 2009, og heile området er no sterkt attgrodd, utan spesiell biologisk verdi. Den har ikkje lenger store nok kvalitetar til å kallast for ein naturtypelokalitet, og bør derfor fjernast frå Naturbase.

### **BN00010921: Båtsnesholmen (naturbeitemark, viltlokalitet)**

**Lokalitetsnummer:** 1535-10019

**Kartblad:** 1220 II Vestnes

**UTM (EUREF 89):** LQ 930 431

**Høgde over havet:** 0-12 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap, havstrand/kyst

**Naturtype:** Naturbeitemark, viltområde

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 06.07.2001, 07.06.2002 (kikkert), 04.10.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ein holme nær land ved Båtsneset i Tomrefjorden.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er open og engprega, med m. a. ca. 50% storfrytlemark (G1d), og noko frisk fattigeng (G4) med jordnøtt og kystmaure. Mengda av storfrytle og strukturen på vegetasjonen tyder på attgroing. I tillegg finst strandberg og litt nitrofil engvegetasjon (X1/G12).

*Kulturpåverknad:* Holmen vart beita av ein bekre sommaren 2002. Beitinga hindrar ikkje attgroing.

*Artsfunn:* Det vart registrert 43 planteartar. Blant desse var blåklokke, jonsokkoll, jordnøtt, kystmaure og smalkjempe. Av fugl kan nemnast fiskemåse (ca. 60 ind. 06.07.01, fleire ungar sett, ca. 50 ind. 07.06.02), svartbak (ca. 8-10 par 06.07.01, fleire ungar sett, 15 ind. 07.06.02), ubestemt terne ca. 10 ind., eit par tjeld, og eitt par grågås med minst 3 ungar (2001). Det vart ikkje funne beitemarkssopp (tørr ettersommar/haust), men øya har truleg potensiale for slike artar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) m. a. på grunn av at han har den akutt truga vegetasjonstypen jordnøtteng med kystmaure (Fremstad & Moen 2001). I tillegg kjem funksjon som hekkeområde for sjøfugl, m. a. grågås.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av beitinga. Det er viktig at sjøfuglane ikkje blir forstyrra av folk i hekkesesongen.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart observert med kikkert fleire gonger i 2009, og ser ut til å vere bra attgrodd. Den har ikkje lenger verdi som naturtypelokalitet, og bør behalde statusen som viltlokalitet.

## **BN00010915: Juvikplassen (slåtteeng)**

Lokalitetsnummer: 1535-10009  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 926 413  
Høgde over havet: 10 m  
Hovudnaturtype: Kulturlandskap  
Naturtype: Slåttenger/naturbeitemark  
Prioritet: B (viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep  
Undersøkt/kjelder: 06.07.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ei lita attgroande slåtteeng på 2-3 dekar mellom riksvegen og 3 hytter.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, jordnøttutforming (G4b), i attgroing. Vegetasjonstypen er oppfatta som akutt truga (CR, Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slåtteeng og truleg beitemark, no ute av hevd. 3 hytter i skogkanten, riksveg i nedkant.

*Artsfunn:* Det vart notert 44 planteartar, blant desse grov nattfiol, nattfiol, harerug, kornstorr, kystmaure, sumpmaure og store mengder jordnøtt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei gammal slåtteeng i attgroing, med nokre biologiske verdiar. Viktigast er vegetasjonstypen med jordnøtt og kystmaure, som er vurdert som akutt truga, men som snart vil gå tapt ved fortsatt opphøyr av slått og beiting.

*Skjøtsel og omsyn:* Dersom verdiane skal bevarast må ein ta opp att slått/beiting.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan og Alexander Connor 19.05.2009, og er no heilt attgrodd. Den bør derfor fjernast frå Naturbase.

## **BN00010981: Tomrefjordbotnen (brakkvassdelta)**

Lokalitetsnummer: 1535-10010 (Naturbasen: 1535-01100)  
Kartblad: 1220 II Vestnes  
UTM (EUREF 89): LQ 92 40  
Høgde over havet: 0-1 m  
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst  
Naturtype: Brakkvassdelta, strandenger  
Prioritet: C (lokalt viktig)  
Mulege truslar: fysiske inngrep  
Undersøkt/kjelder: 12.8.84, AAF (Holten m. fl. 1986b), 07.06.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er skildra med utgangspunkt i Holten m. fl. (1986b). Lokaliteten er ein beskytta fjordbotn ved Nedre Frostad med bekke/elveutløp og mykje grovt materiale. Lokaliteten har strandenger som det botanisk mest verdifulle. Grunn sandfjøre har funksjon for våtmarksfugl, og er tatt med i det avgrensa området.

*Vegetasjon:* B5 Skjørbuksurt-forstrand, spredt vegetasjon i salturt-grusstrand, i D5, D3b saltsev-strandkjempe-eng, D4 raudsvingel-eng, D5 strandkjempe-strandkryp-forstrand, Ela fjøresevaks-eng, E3a rustsevaks-eng, med pølstorr, E4 fjørestorring, J3b kveke-voll, fragment, J3c strandrøyr-bestand, J6 strandkjeks-voll, smal.

Vegetasjonstypene følger Holten m.fl. (1986b) og er ikkje i samsvar med Fremstad (1997).

*Kulturpåverknad:* Riksveg m. fylling, fleire naust, elveforbygging langs Frostadelva.

*Artsfunn:* Artsfattig (36 plantearter), men med saltarve (*Sagina maritima*). Av fugl vart det 07.06.02 observert 5 fiskemåsar. Ved andre besøk er det observert tjeld, stokkand og andre måseartar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit lite restareal med intakte strandenger m.m. som ikkje tilfredsstillar kriteria til B (viktig) i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan og Alexander Connor 19.05.2009, og er no i praksis øydelagd. Den høyrer ikkje heime i naturbase.

### **BN00010916: Frostadsetra (barlind)**

Lokalitetsnummer: 1535-10013

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 8948 3740

Høgde over havet: ca. 300 m

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Andre viktige førekomstar

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 06.07.2001, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Skogli med førekomst av barlind nær ein bekk.

*Vegetasjon:* Bregnerik bjørkeskog (C1b).

*Kulturpåverknad:* To planta graner nedanfor barlindane.

*Artsfunn:* Viktigast er barlind, som her nærmar seg si norske nordgrense (Molde), og som har svake bestandar i fylket. Det vart registrert 14 røter med ca 30 stammar med diameter 5-25 cm. Barlindane er noko beita av hjort. Av epifyttar vart det funne m.a. ein knappenålslav: gulgrynnål *Chaenotheca chrysocephala* (bestemt av Håkon Holien, Høgskolen i Nord-Trøndelag), elles kvistlav, bristlav og papirlav. Det var truleg i nærleiken her ein stad at Magnus Frostad fann bruntelg (raudlista varietet av sauettelg) i 1927, og junkerbregne i 1936 (kjelde: Botanisk Museum, Oslo).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei av dei nordlegaste førekomstane av den regionalt sjeldne barlind i Noreg, men området rundt passar ikkje inn i nokon av naturtypene i DN (1999a).

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør la barlindane vera mest muleg i fred. Beiting av hjort er eit generelt problem på barlind.

**Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan 06.07.2009. Dette er ikkje naturtypelokalitet, men som artsførekomst (barlind, raudlista VU), kan den ligge i raudlistebasen med verdi B (viktig).

## **BN00010917: Frostadsetra (sumpskog)**

Lokalitetsnummer: 1535-10014

Kartblad: 1220 II Vestnes

UTM (EUREF 89): LQ 8972-8973, 3733-3737

Høgde over havet: 225 m

Hovudnaturtype: Skog, myr

Naturtype: Sumpskog, fattigmyr

Prioritet: C (lokalt viktig)

Mulege truslar: fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 24.07.1927, Magnus Frostad, 06.07.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Myr og sumpskog ved parkeringsplassen ved Frostadsetra.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen kan klassifiserast som sumpskog med innslag av opnare fattig bakkemyr (K3/K4).

*Kulturpåverknad:* Veg og parkeringsplass og ei hytte ligg inntil lokaliteten.

*Artsfunn:* Lokaliteten er avgrensa på grunn av rikelege førekomstar av den regionalt sjeldne og søraustlege plantearten skogsivaks som veks i eit ca. 10 meter breitt belte ca. 50 meter nedover langs eit lite bekkesig i halvopen skog. Arten vart først funnen i dette området av Magnus Frostad i 1927 og sendt til Botanisk museum i Oslo (jfr. prikkart hos Fægri & Danielsen 1996). Andre artar som vart noterte: sumphaukeskjegg, mjødukt og bekkeblom.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det ikkje er ein definert naturtype i DN (1999a), men ein verdifull førekomst av ein regionalt sjeldan art.

*Skjøtsel og omsyn:* Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Det som trugar mest er utviding av veg/parkeringsplass og evt. grøfting/drenering i samband med hyttebygging.

***Kommentar av Dag Holtan 15.02.2010:*** Lokaliteten vart undersøkt av Dag Holtan 06.07.2009. Den er no øydelagd i samband med grøfting og omlegging av vegar osv. grunna hyttebygging. Skogsivaks ser ut til å vere gått ut, og lokaliteten bør fjernast frå Naturbase.



## 4.6 Lokaliteter etter Jordal & Gaarder (2006)

Desse er komne til gjennom ei konsekvensutgreiing i samband med planane for masseuttak på Furneset, og dei ligg allereie inne i Naturbase.

### **BN00038778: Bytingsdalen**

Naturtype F07 Gammel lauvskog

Hovedutforming F0703 Fuktig kystskog

**Verdi B – Viktig**

Høyde over havet (m) 0-125

Undersøkt i felt 4.05.2007 av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal

UTM (WGS84) MQ 005 483

*Beliggenhet:* Lokaliteten ligger i den nordvendte fjordlia vel rundt 1,5 km vest for Vestnes ferjekai på Furneset. Lokaliteten er ganske klart avgrenset mot fattigere skog i sør og øst, samt mot sjøen i nord. I vest er derimot grensa mer usikker og ikke nærmere undersøkt (bare vurdert grovt på avstand).

*Områdebeskrivelse:* Lokaliteten er ei nokså bratt nordvendt li, til dels med mindre bergvegger (dels overhengende) i Bytingsdalen og lia østover. Bytingsdalen danner ei lita kløft, og det er også ei svakt utviklet kløft (mest som et søkk) i østre del av lokaliteten. Et lite bekkesig kommer ned Bytingsdalen. Det er lauvdominert skog, samt litt innslag av furu, særlig i midtre deler. Bjørk er totalt sett vanligste treslag, men det forekommer også en del selje, rogn og osp, samt sparsomt med gråor og hegg i Bytingsdalen og noen spredte hasselkratt. Det er noe blåbærskog, men det meste er bregnerik skog og i Bytingsdalen også innslag av høgstaudeskog. Skogen er for det meste middelaldrende til eldre i Bytingsdalen, noe yngre østover. Dødt trevirke forekommer hist og her, men primært ganske små dimensjoner og forholdsvis ferskt. Noen trær er hogd ned for et par år siden i østre deler. Karplantefloraen virker ikke særlig rik og ingen spesielle arter ble påvist, men i Bytingsdalen opptrer arter som myske, enghumbleblom, skogstjerneblom, sumphaukeskjegg, krattmjølke og mjødukt sparsomt. Enkelte fuktighetskrevende og dels oseaniske moser opptrer (særlig i Bytingsdalen), som skyggehusmose og droningmose. Lungeneversamfunnet trives ganske godt på lauvtrærne, med arter som lungenever, skrubbenever, grynvrenge, kystvrenge, kystårenever, vanlig blåfiltlav, grynfiltrav og kystfiltrav. Av interessante skorpelav opptrer *Arthonia arthonioides* sparsomt på et par trær (bjørk og rogn) i Bytingsdalen. Også andre arter i gammelgranlavsamfunnet finnes spredt til vanlig, som gammelgranlav og vanlig rurlav. I tillegg ble hasselrurlav *Thelotrema suecicum* (NT) funnet på et hasselkratt i søkket i øst. På bergvegg i Bytingsdalen vokser skrukelav.

*Skjøtsel, bruk, tilstand, hevd, trusler m.m.:* Det beste for naturverdiene vil være å la miljøet få ligge i fred for de fleste typer inngrep, der særlig hogst av lauvtrær, treslagsskifte eller direkte ødeleggelse av miljøet er negativt. Verdisettingen begrunnes i til dels forekomst av flere fuktighetskrevende og gammelskogstilknyttede lavararter, inkludert en rødlisteart. I tillegg er forekomst av en del eldre, rik lauvskog og nøkkelelementer som lita bekkekløft med tilhørende fuktig og bergvegger med på å forsvare at verdien skal være så høy.

## BN00038781: Brendsdalen

Naturtype F01 Rik edellauvskog/F07 Gammel lauvskog  
Naturtypeutforminger F0103 Rikt hasselkratt/F0703 Fuktig kystskog

**Verdi B – Viktig**

Høyde over havet (m) 55-105

Undersøkt i felt 3-4.05.2007 av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal

UTM (WGS84) MQ 015 481

*Beliggenhet:* Lokaliteten ligger like vest for Vestnes ferjekai på Furneset, inntil et steinbrudd. Lokaliteten er ganske klart avgrenset mot fattigere skog i sør og nord, ungskog og dels fattigere skog i nord og øst, samt dels steinbruddet mot sørøst og en traktorveg i øst.

*Områdebeskrivelse:* Det er snakk om en eldre, lauvrik blandingsskog i ei sør- og østvendt li. Vegetasjonstyper er dels ganske rik lågurtskog med mye hassel i busksjiktet og en del myse og skogfiol i feltsjiktet, og dels noe fattigere blåbær- og småbregneskog. Det er noe dødt trevirke (bl.a. av furu og osp), men for det meste ferskt til noe nedbrutt, dels som følge av gamle vindfellinger i hogstflatekant mot nord. Gamle stubber vitner om tidligere hogst. Det er en del bjørk, særlig i øvre deler, en del osp i nordøst, samt en del furu. I tillegg innslag av bjørk, selje og så vidt hegg. Utenom myse ble det ikke funnet spesielle karplanter i feltsjiktet. Av størst interesse er lavfloraen, som omfatter sparsom forekomst av arter i lungeneversamfunnet, som lungenever, grynfiltlav, kystfiltlav og grynvrenge. På et par lauvtrær (bjørk og rogn) i øvre, vestre del vokser flere arter i gammelgranlavsamfunnet, både gammelgranlav, kattedotlav og *Arthonia arthonioides*. På en håndfull hasselstammer og ei rogn i nordøst vokser gul pærelav (NT), og vanlig rurlav, gul pærelav også på rogn i vest.

*Skjøtsel, bruk, tilstand, hevd, trusler m.m.:* Det beste for naturverdiene vil være å la miljøet få ligge i fred for de fleste typer inngrep, der særlig hogst av lauvtrær, treslagsskifte eller direkte ødeleggelse av miljøet er negativt. Verdisettingen begrunnes i forekomsten av flere fuktighetskrevenne og gammelskogstilknyttede lavararter, inkludert en rødlisteart. Også forekomsten av en del gamle ospetrær, lokalt mye hasselkratt og noe dødt trevirke tilsier en viss naturverdi.

## BN00037780: Legdene

Naturtype F07 Gammel lauvskog  
Hovedutforming F0703 Fuktig kystskog

**Verdi B – Viktig**

Høyde over havet (m) 50-105

Undersøkt i felt 4.05.2007 av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal

UTM (WGS84) MQ 010 482

*Beliggenhet:* Lokaliteten ligger i den nordvendte fjordlia vel en 1 km vest for Vestnes ferjekai på Furneset. Lokaliteten er ganske klart avgrenset mot fattigere skog (røsslyngfuruskog) og granplantefelt i sør og granplantefelt i nord. Både mot øst og vest er det mer diffuse grenser mot gradvis fattigere og tørrere skog.

*Områdebeskrivelse:* Lokaliteten er ei nokså bratt nordvendt li, til dels med mindre bergvegger (opp til 3-5 meter høye) i øvre del, og i østre del en del grov, skogkledt blokkmark. Det er lauvdominert skog, med sparsomt innslag av furu. Bjørk er totalt sett vanligste treslag, men det forekommer også en del selje og rogn, samt sparsomt med osp i øvre del og lokalt gråor i nordøst (i et lite fuktsig). Det er noe blåbærskog, men det meste er bregnerik skog (trolig dels småbregne- og dels

storbregneskog). Skogen er middelaldrende med noe gamle trær og sparsomt med dødt trevirke, men har sannsynligvis vært en del utnyttet tidligere. Karplantefloraen virker ikke særlig rik og ingen spesielle arter ble påvist (blåbær, storfrytle, hvitveis m.v.). En del suboseaniske moser opptrer spredt på steinblokker og marka i området, inkludert rødmuslingmose, storstylte, skyggehusmose og heimose. Lungeneversamfunnet trives godt på lauvtrærne, selv om det ikke er spesielt artsrikt, med arter som lungenever, skrubbenever, grynvreng, grynfilltav og filthinnelav. Den svært fuktighetskrevede regnskogslaven gul pærelav *Pyrenula occidentalis* ble funnet sparsomt på et par rognetrær. Av andre interessante skorpelav så opptrer *Arthonia arthonioides* i uvanlig god bestand her, og arten ble funnet på minst et dusin eldre bjørketrær i området. Også andre arter i gammelgranlavsamfunnet finnes spredt til vanlig, som gammelgranlav og kattedotlav. På bergvegg i øvre deler vokser lokalt skrukkelav. På morkne lauvtrekser forekommer råtevedmoser som fingersaftmose, larvemose og råteflak. For øvrig ble en vendehals hørt i vestre del av området. Ut fra tidspunktet på året kanskje helst et individ på gjennomreise. I øvre deler ble et eldre spettehull funnet i osp.

*Skjøtsel, bruk, tilstand, hevd, trusler m.m.:* Det beste for naturverdiene vil være å la miljøet få ligge i fred for de fleste typer inngrep, der særlig hogst av lauvtrær, treslagsskifte eller direkte ødeleggelse av miljøet er negativt. Verdisettingen begrunnes i til dels god forekomst av flere fuktighetskrevede og gammelskogstilknyttede lavarter, inkludert en rødlisteart, samt enkelte litt kravfulle råtevedmoser. Også den gode forekomsten av gamle lauvtrær, til dels i grov blokkmark er med på å forsvare at verdien skal være minst så høy.

# 5 Raudlista arter

## 5.1 Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for biologisk mangfald er førekomst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av ArtsDatabanken. Den siste kom i 2006 (Kålås m.fl. 2006) og er basert på kjent kunnskap om ca. 18 500 artar innafør ulike artsgrupper. I overkant av 20 % av desse artane er ført opp på raudlista. Mange av opplysningane under er elles henta frå <http://www.artsdata.artsdatabanken.no> (særleg karplanter), <http://www.nhm.uio.no/botanisk/lav/> og <http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/>. Ny raudliste kjem allereie i 2010.

Raudlistekategoriar: **NT** = nær truga, **VU** = sårbar, **EN** = sterkt truga, **CR** = kritisk truga, **RE** = regionalt utrydda og **DD** = dårleg datagrunnlag. For ein grundigare gjennomgang av raudlista og kategoriar vert det vist til Kålås m.fl. (2006).

## 5.2 Raudlista artar i Vestnes

### 5.2.1 Sopp

15 raudlista soppar er så langt kjent frå Vestnes. Truleg kan talet lett aukast ved meir systematiske undersøkingar. Særleg vert potensialet for fleire funn i rik edellauvskog vurdert som stort, der rike hasselkratt og gråor-almeskog er mest aktuelle naturtypar. Også i intakte og tradisjonelt drivne kulturlandskap bør det finnast fleire artar. Opplysningar om eldre funn er frå NorskSoppDatabase (<http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/index.html>).

- 1) *Antrodia macra* (NT) er ein vedbuande art som oftast veks på rotne delar av lauvtre. Funnet i Vestnes er frå Helsetnakken i 1997.
- 2) *Camarophyllopsis schulzeri* (NT) veks gjerne i gamle slåtteeuger og naturbeite. Funna i Vestnes er frå Løvika i 1997.
- 3) *Clavaria zollingeri* (NT) veks gjerne i gamle slåtteeuger og naturbeite, med funn i Løvika og Sakselia, begge frå 1997.
- 4) *Entoloma ameides* (NT) veks gjerne i gamle slåtteeuger og naturbeite, med funn frå Feøya i 1997.
- 5) *Entoloma atrocoeruleum* (NT) veks gjerne i gamle slåtteeuger og naturbeite, og er funnen på Feøya og ved Løvika i 1997.
- 6) *Entoloma caeruleopolitum* (NT) veks gjerne i gamle slåtteeuger og naturbeite, og vart funnen i 2002 ved Klingrå.
- 7) *Entoloma porphyrophaeum* (NT) veks gjerne i gamle slåtteeuger og naturbeite. Den vart funnen ved Sakselia i 1997.
- 8) *Entoloma rhombisporum* (NT) veks gjerne i gamle slåtteeuger og naturbeite, og vart funnen ved naturbeita i Sakselia i 1997.

- 9) *Hygrocybe flavipes* (NT) veks gjerne i gamle slåtteenger og naturbeite, og er funnen ved Bøsetra, Rekdalssetra og Sakselia.
- 10) *Hygrocybe fornicata* (NT) veks gjerne i gamle slåtteenger og naturbeite, og er funnen ved Ellingsetersetra i 1997.
- 11) *Hygrocybe ingrata* (NT) veks gjerne i gamle slåtteenger og naturbeite, og er funnen ved Kjellbotn, Løvika og Rekdalssetra.
- 12) *Hygrocybe phaeococcinea* (NT) veks gjerne i gamle slåtteenger og naturbeite, og er funnen ved Rekdalssetra i 1997.
- 13) *Hygrocybe subpapillata* (VU) veks gjerne i gamle slåtteenger og naturbeite., og er funnen ved Ellingsetersetra i 1999.
- 14) *Russula azurea* (NT) veks både i hasselskog og granskog. Funna i Vestnes er frå granskog, og har derfor liten forvaltningsmessig relevans.
- 15) *Trichoglossum walteri* (VU) veks gjerne i gamle slåtteenger og naturbeite., med eit funn frå ei beita strandeng i Tresfjorden i 2002.

### 5.2.2 Lav

Så langt er det funne 5 raudlista lavartar i Vestnes. Dei er alle bundne til skog med lang kontinuitet. Dei fleste eldre opplysningane er henta frå Norsk LavDatabase - NLD (<http://www.nhm.uio.no/botanisk/lav/index.html>), men det blei også nokre nye funn i 200.

- 1) Gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) veks som oftast i gammal kystfuruskog eller på berg i område med høy råme. Funna i Vestnes er alle frå 2009, m.a. i Bjermelandsmarka, Heimstegjølet og på Leirvågsgjellet.
- 2) Skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (VU) var kjent frå Sollia. I 2009 vart det funnen ein masseførekomst i gammal ospeskog ved Heimstegjølet.
- 3) Gul pærelav *Pyrenula occidentalis* (NT) veks ofte på hassel i fuktige furu-hasselskogar. Den er funnen på Furneset.
- 4) Sølypærelav *Pyrenula laevigata* (NT) veks ofte på hassel i fuktige furu-hasselskogar. Den er funnen på Furneset.
- 5) Kystdoggnål *Sclerophora peronella* (NT) veks gjerne på rotne delar av gamle bjørketre, oftast skuggefullt. Den er funnen på Furneset.

### 5.2.3 Karplanter

Det ligg føre opplysningar om 9 raudlista karplanter i Vestnes. Under følgjer ein alfabetisk gjennomgang av desse, med oversyn over funn og status i kommunen. Eit generelt problem ved mange eldre funn er vantande eller upresis stadfesting. Dei fleste funna er frå Artsdatabanken (<http://www.artskart.artsdatabanken.no>).

- 1) Alm *Ulmus glabra* (NT) er vanleg over store deler av Vestnes, mest i rike og soleksponerte lier. Grunnen til den nye raudlistestatusen er almesjuka (ein sopp) og at beiting frå hjort mange stader er eit alvorleg trugsmål.
- 2) Barlind *Taxus baccata* (VU) veks både i lauv- og barskog, og er funnen i områda aust for Svartløkfjellet, og i Sollia. Arten er ikkje så vanleg i Vestnes, og blei raudlista først i 2006, primært fordi den er sterkt utsett for beiting frå hjortedyr. Dette skjer både ved beiting av barken på eldre tre og nedbeiting av ungtre.

- 3) Brudespore *Gymnadenia conopsea* (NT) veks i rikmyr og naturbeite osv. i Vestnes er det flest funn i vegkantar i Skorgedalen.
- 4) Brunskjene *Schoenus ferrugineus* (NT) er ein rikmyrart med nokre få funn i Gremstedalen og på sørsida av Furneset, i nokre myrar der.
- 5) Engmarihand *Dactylorhiza incarnata* (NT) er ein rikmyrart med ei avgrensa utbreiing i Vestnes, i rikmyrane framme i Skorgedalen.
- 6) Fuglereir *Neottia nidus-avis* (NT) er ein merkeleg orkidé (vantar klorofyll)
- 7) Kvitkurle *Pseudorchis albida* (VU) veks i rike bjørkeskogar, naturbeite og myr. Funnet ved Bakkesetra i 2001 er truleg gått ut. I 2009 vart det funn på nye lokalitetar ved Dalskleiva og Vardfjellet.
- 8) Marinøkkel *Botrychium boreale* (NT) veks alltid på sandrik jord, både i rasmark, i kalkrike område i fjellet og langs vegkantar. Den viktigaste kjende bestanden i Vestnes er for tida langs vegkantar framme i Skorgedalen.
- 9) Solblom *Arnica montana* (VU) er bunden til naturbeite, gamle slåttemarker, eller av og til bjørkeskog. Jordal (2003) har oversyn over dei mange funna i Vestnes. Planten ser ut til å gå sterkt attende.

#### 5.2.4 Fuglar

Mest aktuelle raudlisteartar i Vestnes er einskilde artar innan gruppene rovfuglar og spetter. For ei fullstendig liste over fuglar i Vestnes vert det vist til den komande viltrapporten for Vestnes (Holtan under arbeid). Oversyn over registrerte artar kan òg finnast i <http://artsdatabanken.no> og <http://artsobservasjoner.no>).

#### 5.2.5 Pattedyr

Mest aktuelle raudlisteartar i Vestnes er nokre av flaggermusartane. For ei fullstendig liste over pattedyr i Vestnes vert det vist til den komande viltrapporten for Vestnes (Holtan under arbeid) Oversyn over registrerte artar kan òg finnast i <http://artsdatabanken.no> og <http://artsobservasjoner.no>).



**Figur 24.** Marinøkkel har sine største kjende førekomstar i Vestnes i vegkantar i Skorgedalen, og er dermed avhengige av skjøtselen til vegvesenet for å overleve. Foto: Dag Holtan

## 6 Kjelder

### 6.1 Sitert litteratur

Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av marint biologisk mangfold. DN-håndbok 19-2001. Revidert 2007. 51 s.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.), 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4. 231 s.

Gaarder, G. 2003. Regnskog på Nordvestlandet – finst det? Rallus 33: 112-121.

Gaarder, G. & Jordal, J. B. 2006. Furnes masseuttak, Vestnes kommune. Undersøkelse av naturmiljø i tilknytning til reguleringsplan med KU. Miljøfaglig Utredning rapport 2008-32. ISBN 82-8138-312-8.

Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.

Jordal, J.B., 2003. Kartlegging av biologisk mangfold i Vestnes kommune, Møre og Romsdal. Vestnes kommune, rapport. 114 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Krog, H., H. Østhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.

Kålås, J. A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – 2006 Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.

Lid, J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).

Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Nordhagen, R., 1968. Lauparens botaniske hemmeligheter. Fjellposten, Ålesund og Sunnmøre Turistforening, mars 1968:4-9.

### 6.2 Munnlege kjelder

Alexander Connor, Vestnes

John Bjarne Jordal, Sunndal

Anders Røystrand, Bergen



## 6.3 Verdsvevressursar

Norsk SoppDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/index.html>

Norsk LavDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/lav/index.html>

Norsk MoseDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/mose/>

ArtsDatabanken: <http://www.artsdata.artsdatabanken.no>

# 7 Vedlegg

## 7.1 Kart som viser nye lokaliteter i Vestnes

